

**Økoforsk** program for anvendt økologisk forskning

Økoforsk rapport 1988:11



05VG02219

# Vern og skjøtsel av kysthei i Rogaland

av

Audun Steinnes

Økoforsk program for anvendt økologisk forskning

## Referat

Økoforsk rapport 1988:11  
Ås, desember 1988  
ISBN 82-7216-510-4

Steinnes, A. 1988. Vern og skjøtsel av kysthei i Rogaland. Økoforsk rapport 1988, 11: 1-119.

Rapporten omtalar kystheiar i Rogaland og er utarbeidd som ein del av Økoforsk-prosjektet "Oversikt over botaniske verneverdiar i Rogaland". Kysthei er ein naturtype som er i rask endring, og som blei vurdert som utsett på sikt. Rapporten er skriven dels ut frå litteratur, dels ut frå undersøkingar i felt. Tretten ulike typar kystheivegetasjon er omtalt. Floraen i kystheiane i Rogaland er fattig og prega av kystbundne artar. Formålet med å verne kysthei er dels å verna eit kulturlandskap, dels å verna eit økosystem. Dei ulike brukarinteressane i kystheiane er vurdert, og vernekriteria definert. Vern av kysthei har lite meining dersom ikkje bruk og skjøtsel blir vurdert samstundes. Dei viktigaste skjøtselstiltaka er brenning tidleg om våren og beiting med vekt på sauebeiting om vinteren. Men ein skal vera varsam med ukritisk brenning av alle slags heitypar. Ti heitypar er undersøkt i felt. Tre av dei har nasjonal verneverdi og bør vernast etter naturvernlova. Rapporten viser at heilandskap er ein trua naturtype.

Audun Steinnes, Fylkesmannen i Rogaland, Miljøvernavdelinga, 4000 Stavanger.

### Vern og skjøtsel av kysthei i Rogaland

Utgitt av Økoforsk, NAVF

Utarbeidd av: Audun Steinnes  
Fylkesmannen i Rogaland, Miljøvernavdelinga, Stavanger

Redaksjon: Erik Framstad,  
Økoforsk, Ås-NLH

Design, layout og original: Klaus Brinkmann,  
Økoforsk, Ås-NLH

Trykk: Henning Melsom A/S

Trykt på miljøpapir!

Opplag: 300

Førespurnad om rapporten  
kan rettast til:

Økoforsk c/o NINA  
Boks 64  
1432 Ås-NLH  
Tel.: (09) 94 81 60

## Abstract

Steinnes, A. 1988. Conservation and management of coastal heaths in Rogaland. Økoforsk rapport 1988, 11: 1-119.

The report deals with coastal heaths in Rogaland County and is produced as part of the Økoforsk project "A survey of botanical conservation values in Rogaland". The coastal heath is a habitat type considered threatened. The report is based partly on literature and partly on field investigations. Thirteen different kinds of coastal heath vegetation are considered. The floral composition of the coastal heaths in Rogaland is poor in diversity with a dominance of western species. The conservation aims for coastal heaths are to protect both a man-made landscape and an ecosystem. The different interests for utilizing the coastal heaths are discussed, and the conservation criteria defined. Protection of coastal heaths is meaningless if we do not consider land use and management. The most important management efforts are burning early in spring and grazing, particularly by sheep during the winter. However, burning should not be carried out uncritically. Ten areas with coastal heaths are investigated in the field. Three of them are regarded as of national importance for conservation and should be protected according to the Norwegian Nature Conservation Act. The report demonstrates that coastal heath is a threatened nature type in Norway.

Audun Steinnes, The County Governor of Rogaland, The Environmental Protection Department, N-4000 Stavanger.

## Forord

Prosjektet "Oversikt over botaniske forekomster i Rogaland inkl. skjøtselsplan for et område av Nord-Talgje, Finnøy" blei sett i gang av Økoforsk våren 1984 etter forslag frå Fylkesmannen i Rogaland, Miljøvernnavdelinga. Førsteamanuensis Rune Halvorsen Økland har vore prosjektansvarleg, med underteikna som prosjektarbeidar. Eg har hatt god kontakt med miljøvernnavdelinga v/naturverninspektør Bjørn Berg under heile prosjektet, og har hatt arbeidsplass ved miljøvernnavdelinga under feltarbeidet sommaren 1984. Eg har fått viktig hjelpe fra amanuensis Anders Lundberg når det gjeld området på Karmøy. Elles har ei lang rekke personar frå det botaniske amatør- og fagmiljøet i Rogaland kome med viktige bidrag. Prosjekt- og rapportskriving blei gjennomført etter planen, men klargjeringa av rapportane for trykking har blitt forsinka, særleg fordi Halvorsen Økland slutta i Økoforsk. Etter at førsteamanuensis Klaus Høiland tok til i denne stillinga 1.1.87, har han gjort ein viktig innsats for å få ut rapportane. Resultata av prosjektet finst i tre rapportar: Økoforsk rapport 1988:4, 1988:11, 1988:12 og i eit arkiv med områdeskjema.

Under utarbeidninga av skjøtselsplanen for Nord-Talgje var det naudsint å gå gjennom ein del litteratur om kystheiøkologi og -skjøtsel. Kystheiari var dessuten ein prioritert naturtype i prosjektet og fekk ein sentral plass i feltarbeidet. Det blei derfor bruk for ein eigen rapport om vern og skjøtsel av kystheiari i Rogaland.

Stavanger, mai 1987.

Audun Steinnes

# Innhald

	side
Referat .....	3
Abstract .....	4
Forord .....	5
1 Innleiing .....	8
1.1 Definisjon og utbreiing .....	8
1.2 Opphav og historie .....	8
1.3 Tradisjonell bruk av kystheiene på Sørvestlandet .....	10
1.4 Kystheiene og det moderne jordbruket .....	11
1.5 Stoda i Rogaland nå, vernebehov .....	13
2 Økologi, vegetasjon og flora .....	14
2.1 Økologien til dei dominerande artane .....	14
2.1.1 Røsslyng ( <i>Calluna vulgaris</i> ) .....	14
2.1.2 Purpurlyng ( <i>Erica cinerea</i> ) .....	15
2.1.3 Klokkelyng ( <i>Erica tetralix</i> ) .....	15
2.1.4 Blåtopp ( <i>Molinia caerulea</i> ) .....	16
2.1.5 Bjørnnskjegg ( <i>Scirpus caespitosus</i> ) .....	18
2.1.6 Pors ( <i>Myrica gale</i> ) .....	19
2.1.7 Rome ( <i>Narthecium ossifragum</i> ) .....	19
2.2 Økologiske hovudgradientar .....	20
2.2.1 Råmegradienten .....	20
2.2.2 Næringsgradienten .....	20
2.2.3 Høgdegradienten .....	21
2.2.4 Beiting .....	21
2.2.5 Brenning .....	22
2.2.6 Tilgroing .....	24
2.3 Heitypar .....	24
2.3.1 Tørrheiar .....	24
2.3.2 Fuktheiar .....	27
2.3.3 Heitypane i Rogaland i norsk og europeisk samanheng .....	30
2.4 Flora .....	30
2.4.1 Floraelement .....	30
2.4.2 Floristiske skilnader mellom heiområda .....	31
2.4.3 Mindre vanlege og sjeldne heiartar .....	31
3 Vern av kysthei .....	34
3.1 Historikk .....	34
3.2 Formålet med vern av kysthei .....	34
3.2.1 Kulturlandskap .....	34
3.2.2 Vegetasjon og økosystem .....	35
3.3 Framtidig arealbruk som kan sameinast med vern .....	35
3.4 Vernekriterier .....	35
3.5 Skjøtsel .....	37
3.5.1 Rydding og anna istandsetjing .....	37
3.5.2 Brenning .....	37
3.5.3 Beiting .....	39
3.5.4 Andre skjøtselstiltak .....	39
4 Undersøkingar av verneverdige heiområde i Rogaland .....	41
4.1 Materiale og metodar .....	41
4.1.1 Forarbeid .....	41
4.1.2 Feltarbeid .....	41
4.1.3 Nomenklatur .....	42
4.2 Oversikt over materialet og prioritering av område .....	42
4.3 Manglar i materialet .....	44
4.4 Omtalar av dei undersøkte områda .....	44
4.4.1 Lok. 1: Førland og Sletthei (Lund) .....	44
4.4.2 Lok. 2: Lakssvelafjellet, Moifjellet (Bjerkreim/Time/Hå) .....	50
4.4.3 Lok. 3: Synesvarden (Time/Hå) .....	59
4.4.4 Lok. 4: Kanaheia (Kleggjavarden), Oppstad (Hå) .....	63
4.4.5 Lok. 5: Litlamos - Holm (Holmaholen) (Time/Bjerkreim) .....	66
4.4.6 Lok. 6: Geithaug - Stiklevatn (Karmøy) .....	69
4.4.7 Lok. 7: Ørpelveit (Haugesund/Karmøy) .....	78
4.4.8 Lok. 8: Hei ved Storavatnet og Vatnheim (Tysvær) .....	80
4.4.9 Lok. 9: Hauge (Høye) (Tysvær) .....	84
4.4.10 Lok. 10: Stakkastad og Valhest (Tysvær) .....	88
5 Samandrag og konklusjon .....	93
6 Summary and conclusion .....	95
7 Litteratur .....	97
Forskrifter om brannvern m.v., kap.9 .....	101
Tabellar, figur 36 .....	119

# 1 Innleiing

## 1.1 Definisjon og utbreiing

Kysthei (oseanisk hei) blir her brukt om skogsnaue, udyrka og ugjødsla fastmark i kystområde under den klimatiske skoggrensa. Grunnen til at dei er skogsnaue, er oftest beiting og brenning. Oftast spelar dvergbuskar, særleg lyngartane, ei dominerande rolle, men innslaget av gras og grasliknande artar varierer med råme og beitetrykk. Omgrepet kysthei blir gjerne og brukt i ei vidare tyding om eit slikt ope kulturlandskap med lynghei, grashei, myr, strandsamfunn og innmark. Her blir kystheilandskap brukt i denne tydinga.

Kystheiar var den dominerande vegetasjonen og finst framleis i eit belte langs Atlanteren og rundt Nordsjøen frå Nord-Spania til Lofoten. Dei finst aust til Sør-Sverige. Dette området utgjer den atlantiske heiregionen (Gimingham 1982, Skogen 1974) (figur 1).

## 1.2 Opphav og historie


Kystheiane har ikkje oppstått samtidig i dei ulike delane av den atlantiske heiregionen. I dei sentrale delane oppstod heiane då klimaet blei kaldare og fuktigare for omlag 2500 år sidan. På Jæren er dette påvist av Fægri (1940). Men sjølv innan korte avstandar er det påvist store skilnader. På Lindåshalvøya i Nordhordland starta avskoginga gradvis nær dei gamle gardane med åkerbruket for 3500-4000 år sidan. I område lenger unna busetjing kom ikkje avskoginga før for ca. 2000 år sidan (Kaland 1974).

I Halland i Sør-Sverige auka heiarealet særleg sterkt frå ca. 1650 til ca. 1850 (Nilsson 1970). I Sør-Rogaland har heiregionen ei skarp grense mot nord og aust i Lund. Her gjekk truleg skogsarealet tilbake heilt fram til århundreskiftet, kanskje endå seinare (Aarstad 1915).

Det er nå prova at det aller meste av den atlantiske heiregionen er menneskeverk. Fægri (1940) m.fl. har hevdat at klimaforverringa var den viktigaste grunnen til avskoginga. Det finst data frå nordvestlege delar av regionen, til dømes Færøyane og Nord-Skottland, som kan tyda på dette (Böcher 1943, Gimingham 1972), men dette er i såfall unntak. På Lindåshalvøya nord for Bergen gjekk avskoginga rett etter klimaforverringa seint, medan dei store endringane kom flere hundre år seinare, på eit tidspunkt då ein veit at jordbruket eksploderte sterkt (Kaland 1974:14). Endringane kom fordi lyngheia var betre for det framrykkande fehaldet enn furuskogen (Kaland 1974).

Ei liknande problemstilling ser ut til å vera ein del av forklaringa på den skarpe grensa som går mellom hei- og skoglandskap i Sør-Rogaland omlag langs grensa mot Vest-Agder. I Dalane, vest for grensa, la dei stor vekt på sauhealdet og lot sauene møta vinteren uklypte slik at vinterbeitet blei utnytta betre. Derfor mista dei det meste av skogen, og låglandsheiane trengte mange mil inn i landet. Aust for fylkesgrensa klypte dei sauene om hausten og satsa i hovudsak på inneföring. Resultatet er eit skogdekka landskap. Denne skilnaden i prioritering har vel og ført til skilnader i sauetalet. Sjølv om vintertemperaturen blir lågare mot aust, er det knapt noen skilnad mellom t.d. hei-bygda Ualand i Lund og skogbygda Bakke i Flekkefjord.

Heiregionen er generelt kjenneteikna av milde, snøfattige vintrar som gjer at vinterbeiting er mogleg.



Figur 1  
Utbreiinga av atlantisk lynghei i Europa (frå Skogen 1974).

Distribution of atlantic heathland in Europe (after Skogen 1974).

### 1.3 Tradisjonell bruk av kystheiene på Sørvestlandet

I Lindåsprosjektet (Gjertsen 1975) blei det grundig undersøkt korleis bøndene brukte kystheiene i Nordhordland først på 1900-talet. Kyrne utnytta dei delane av fellesmarka som låg nærmest gardane. Her var det gjerne meir grasmark enn lyng. Sauene brukte dei andre areaala. Fra ca. 1910 blei dei sende lenger inn i fjorden på sommarbeite, men dei gjekk på holmar og i fellesmark vår og haust, og rundt husa om vinteren. Lyng var eit viktig tilleggsfôr, omlag 1/3 av innefôringa. Dei jamnaste flatene var lyngslåttar som blei slegne omlag kvart 3. år når lyngen var ca. 10 cm høg. Ein brukte og gammal "revlyng" som kunne hentast om vinteren sjølv om det var litt snø. Den lyngen som blei for gammal, blei brend år om anna, etter som det var trøngst. Brenninga gjekk føre seg på vårvinteren for at grastorva ikkje skulle bli skadd.

Ei tilsvarende undersøking finst ikkje frå Rogaland, men mange punkt i framstillinga blir støtta av informantar i Høeg (1975:25). Her blir det skild mellom "storlyng" og "ådelyng". "Ådelyng" blei slegen til før omlag tredjekvart år (Forsand, Høyland, Sola, Nærø, Skjold). Eldre "storlyng" eller "stokklyng" (Forsand) blei brukt til brensel under bakstehella. Røsslyng blei sett på som godt vinterbeite for sauver og geiter (Forsand), og sauene blei heile vinteren drivne på lyngbeite så sant det var framkomeleg for snø (Heskestad). Kyrne beita òg utmark der det var lyng (Time).

Amtmannen de Fine omtalte lyngbrenning på Jæren i 1745. Bøndene sette fyr på høg og gammal lyng tidleg på våren, helst før regn. Han nemner både gjødselsverdien av oska, auka grasvekst og beiteverdien til den yngre lyngen (Bakkevig 1982). Aarstad (1915) nemner lyngsving frå Lund. Her ser det ut til at det viktigaste var å få vekk lyngen som kom altfor fort tilbake. Det er likevel få litteraturopgaver frå Rogaland om lyngbrenning, endå det utan tvil har vore vanleg. Det finst fleire böker der folk fortel om daglegliv rundt århundreskiftet, m.a. om onner og gardsarbeid der lyngbrenning ikkje er nemnt. Det var kanskje for daglegdags å fortelja om?

Alt først på 1800-talet blei sauene frå dei ytre kystbygdene i Rogaland frakta til høghei-ane på sommarbeite, og sauetalet steig frå 10,6 til 16,6% av sauetalet i landet mellom 1855 og 1900 (Vabø 1979).

Frå Lund (figur 2) har Karl J. Eik (KE) og Kristian J. Kjørmo (KK) fortald meg om arealbruken like etter århundreskiftet. Sæterdrift var ikkje vanleg, og kyrne snaubeitte store område nærmest gardane. Beiteradiusen blei noe auka ved at ein mjølka i marka. Både sauver og geiter, som det var mye av då, gjekk mye ute om vinteren, og særleg geitene gjorde stor skade på skogen (KE). Ulik arealbruk førte til at landskapet veksla mellom skogsnaus felles beitemark, inngjerd, spreidd tresett slåttemark, gjerne nedst i liene, og eikeskog. Litt furuskog fanst dessutan på mindre tilgjengelege stader. Det meste av bjørkeskogen var inne på heia (KE), og arealet med rein skogsmark var berre 7% (Aarstad 1915). I fellesmarka var det så seint som etter krigen (etter at ho var utskifta) uråd å planta furu fordi sauene tok dei om vinteren (KK) (figur 2).

Utslåttane var uvanleg store, og omfatta i gamle Lund kommune 26 km<sup>2</sup> (10%) i 1907. Av dette låg omlag halvparten inne på heia (Aarstad 1915). Det tilsvarende talet for Vest-Agder var 4,6%. Utslåttane utgjorde her ein større del av landarealet enn i noe anna fylke (Moen 1970). I Lund blei både myrar og "bakkar" slegne annakvart år (KE). "Bakkane" var truleg mest fuktheiar. Heiane blei avsvidde med jamne mellomrom, og første året etterpå var lamma monaleg større (KE) (jf. avsnitt 4.4.1).



Figur 2

"Rægjet" eller krottervegen fører frå garden Førland i Lund og ut i det avskoga utmarksbeitet. På andre siden av vatnet ligg ei skogsdal der beitedyra ikkje kom til.


Drove road leading from the farm, Førland in Lund, to the deforested outfields. On the other side of the lake is a forested valley not accessible to grazing animals.

### 1.4 Kystheiene og det moderne jordbruket

Etter 1920 har jordbruket i Rogaland, særleg husdyrhaldet, fått ein dominerande stilling i landsmålestokk. Fylket hadde i 1917 6,2% av mjølkekyrne i landet, i 1977 var det 18%. Den absolute auken frå 1939 til 1977 var på 5%, og fylket har nå både absolutt og i forhold til arealet det største storfehaldet (tal fra Vabø 1979 og Statistisk sentralbyrå 1983). Av sauver hadde fylket i 1917 14,5%, i 1979 var det 19,5%. Her var den absolutte auken frå 1939 til 1977 liten (1,5%), men auken på slutten av 70-talet var markert. Sauetalet er nå 411 600 (45/km<sup>2</sup>) som er omlag 3 gonger så mange dyr/arealeining som i dei nest viktigaste sauefylka, Hordaland og Sogn og Fjordane (same kjelder) (figur 3).

Denne posisjonen bygger i uvanleg høg grad på gjødsla, udyrka kulturbete. Rogaland har heile 25% av denne beitetypen i landet, og dei utgjer saman med litt fulldyrka beite heile 38% av jordbruksarealet i fylket. Jordbruksarealet steig med 38% frå 1939 til 1979, medan det for landet gjekk ned med ca. 10%. Denne sterke koncentrasjonen av produksjon og beiting har ført til mindre bruk av utmarksbeite slik at dei lite brukte heiene gror til.

Eit viktig grunnlag for dette var utmarksutskiftingane i dette hundreåret, men mange



**Figur 3**  
Sauer i Norge 1979, kvar prikk står for 2500 sauere (frå Nasjonalatlas for Norge).

Sheep in Norway 1979, each dot represents 2500 sheep (source National Atlas for Norway).

stader blei dei gamle fellesmarkene brukte omlag som før etter utskiftingane. Etter kvart har meir og meir av utmarka blitt inngjerd, og mye av den produktive plantemarka er tilplanta med gran. På grunn av ulik arealbruk hos grunneigarane endrar gjerne hei-landskapet seg til eit lappeteppe med planteskog, kulturbete, overbeita grashei, dyrka jord og tilgroande lynghei.

Heile kystheiregionen er sterkt prega av redusert beiting og tilgroing. Det spesielle for Rogaland er at talet på dyr som kan bruk utmarksbeite, har auka. Noen heiar blir derfor haldne opne, men dei er sterke pressa av inngrep frå jordbruket enn elles i landet.

### 1.5 Stoda i Rogaland nå, vernebehov

I indre delar av kystheiregionen, som i Lund, delar av Bjerkreim og austre delar av Tysvær er tilgroinga omfattande. På Høg-Jæren og Karmøy er det lite tilgroing. På Høg-Jæren er beitetrykket så hardt at lynghei truleg blir omforma til grashei.

Nydyrkning går stadig føre seg, og eg såg dyrkingsfelt i ved fleire av dei undersøkte lokalisjonane. Overproduksjonen av mjølk reduserer ikkje automatisk presset sidan dyrking for å auka eigen fôrproduksjon kan vera aktuelt sjølv utan tilskot.

Stagnasjon i husdyrhaldet kan for noen bruk føre til auka takt i skogreisinga, noe òg regjeringa legg opp til i Stortingsmelding nr. 19, 1984/85. Skogplanting går føre seg i heile heiregionen i fylket. Det var nyleg planta i fleire av dei undersøkte områda.

Utbygging i samband med oljeverksemda og noe bustadbygging har og redusert heiarealet. Viktigast er utbygging av Kårstøområdet (Røsberg 1982) og Statpipeledningen mellom Karmøy og Tysvær. Vidare truar hyttebygging heiområde som på Nord-Talgje i Finnøy kommune (Steinnes 1988b).

Feltarbeidet gir ikkje grunnlag for å talfesta reduksjonen av heiarealet, men det er klart at areala som er att, raskt blir oppstykka og "oppetne" frå kantane. Mye tyder på at dei viktigaste store areala som er aktuelle å verna, er vurdert her.

Dersom den markerte plantogeografiske variasjonen og høgdevariasjonen som finst i fylket skal bli representert i verneområde, er det få store vernealternativ att. Det hastar derfor med å følgja opp arbeidet med vern av kysthei i Rogaland.

## 2 Økologi, vegetasjon og flora


### 2.1 Økologien til dei dominante artane

#### 2.1.1 Røsslyng (*Calluna vulgaris*)

Røsslyng har ein vid økologisk amplitude. Arten har generelt betre spireevne og etableringsevne enn konkurrerande artar som klokkeling (*Erica tetralix*) og purpurlyng (*E. cinerea*), men tåler høgt grunnvatn dårligare enn den første og betre enn den siste (Bannister 1964abc).

Røsslyng spirer frå røtene etter moderate brannar der temperaturen ikkje stig over 400°C i overflata. Dessuten aukar truleg spireevna til frøet ved moderat oppvarming (Gimingham 1972). Derfor fører regelmessig brenning oftast til ein monokultur av røsslyng, sjølv om andre artar kan ta over for ei stund (jf. avsnitt 2.2.5).

Moderat sauebeiting fører til at røsslyng buskar seg og får auka dekking. Ved hardare beitetrykk, særleg storfebeiting, tek grasartar over (Semb & Nedkvitne 1957, Gimingham 1975). Dette kjem delvis av at arten er tråkkømstintleg. Det er nok å gå 40 gonger gjennom lyngen for å laga ein varig sti (Gimingham 1975) (figur 4).



**Figur 4**  
Røsslynghei med uttørka, daud lyng på Rennesøy våren 1986. På flata i framgrunnen og på platået bak er lyngen brun og daud medan lyngen i sørvesthellinga imellom er frisk og levande.

Heather, showing dry and dead areas at Rennesøy island, spring 1986. In level areas in the foreground and on the plateau behind, the heather is brown and dead, but the heather on the slopes in between is vigorous.

Når røsslyngen ikkje blir brend, vil andre artar som til dømes kreking (*Empetrum nigrum*) og mjølbær (*Arctostaphylos uva-ursi*) delvis overta plassen når gamle røsslyngtuar dør (Damman 1957). Evna til å spira frå røtene etter brenning og til å blomstra, blir sterkt redusert etter 15 år (Nilsson 1970, Gimingham 1972).

Noen vintrar blir røsslyngen brun og dør (figur 4). Dette er ikkje knytta til frost, men skjer gjerne på eksponerte stader i uttørkande vær. Røtene ser ikkje ut til å kunna ta opp vatn, sjølv om jorda er tint, og saftspenninga i blada blir for låg (Bannister 1964abc, Gimingham 1972).

#### 2.1.2 Purpurlyng (*Erica cinerea*)

Purpurlyng finst berre i dei mest vintermilde strøka i Europa, i Noreg frå Nord-Jæren til Sunnmøre.

Frøa spirer dårleg og veks dårleg på organisk substrat (Bannister 1964abc). Arten veks betre enn røsslyng (*Calluna vulgaris*) på mineraljord, og tåler uttørking betre enn denne, men er meir følsom for høgt grunnvatn og konkurrerer best i den tørraste delen av råmegradienten. Arten har truleg høgare fysiologisk aktivitet om vinteren enn røsslyng og klokkeling (*Erica tetralix*), og dette kan vera grunnen til den låge frostresistensen.

Brenning ser vanlegvis ut til å gi purpurlyng overtak over røsslyng for ei stund (Gimingham 1972, Røsberg 1982), men moderat beiting styrkar røsslyng i konkurransen sidan denne lettare buskar seg. Purpurlyng buskar seg først ved eit høgare beitetrykk, og det er observert at arten kan dominera i slike situasjoner (Gimingham 1948).


Purpurlyng er i Noreg vanlegast i sørhellingar med relativt rike heitypar der jorda er lite podsolert, men han er neppe edafisk krevjande (jf. avsnitt 2.3.1). Han er truleg kuldevar og ustabil så nær sørgrensa for utbreiinga. Lye (1970) reknar med at dei kalde vintrane først på 1940-talet kan vera grunnen til at arten har gått ut på mange av lokalitetane på Nord-Jæren.

#### 2.1.3 Klokkeling (*Erica tetralix*)

Denne arten har ein sterkt varierande økologisk amplitude langs råmegradienten, men han er ofte plassert mellom blåtopp (*Molinia caerulea*) og røsslyng. I Sør-Sverige finst arten helst på myr og i myrkantar (Damman 1957) medan han lenger vest i kysteheiregionen er vanleg i fukttheiar. I Nord-Rogaland er han og vanleg i det meste av røsslyng-tørrheia og overlappar tildels med purpurlyng (*Erica cinerea*). I Dalane er han mindre vanleg i tørrheiane (Steinnes 1983). På Låg-Jæren var arten vanleg på ufullstendig drenert jord, men mangla på sjølvdrenert jord (Semb & Nedkvitne 1957).

Frøspiring og etablering er dårligare enn for røsslyng på tørr jord og omlag jamgod på fuktig jord og torv. Arten tåler høgt og stagnerende grunnvatn klart betre enn røsslyng (Bannister 1964abc).

Arten er i motsetnad til blåtopp (*Molinia caerulea*) negativt korrelert med årsvariasjonen i



**Figur 5**  
Vegetasjon ved eigedomsgrense aust for Aurnes i Time. Øvst dominerer røsslyng (*Calluna vulgaris*) på begge sider (67, 69), men på fuktigare mark dominerer blåtopp (*Molinia caerulea*) på den mest beitepåverka nordsida av grensa (70).

Vegetation at the ownership boundary east of Aurnes in Time. In higher areas *Calluna vulgaris* dominates on both sides, but in wetter areas *Molinia caerulea* dominates where grazing is heaviest, on the north side of the boundary.

grunnvassstanden, og greier seg under sterke reduserende forhold enn denne (Rutter 1955).

Beiting verkar omlag som på røsslyng (Semb & Nedkvitne 1957). Arten kan tåla sterke brenning enn røsslyng slik at han kan ta seg opp for ei stund (Gimingham 1972).

#### 2.1.4 Blåtopp (*Molinia caerulea*)

Blåtopp har ei liknande utbreiing på råmegradienten som klokkelyng (*Erica tetralix*). I Sverige finst arten helst på våte myrkantar, i Nordvest-Tyskland finst han i tørr, nordvest hei (Damman 1957), medan han i Sør-England kan dominera i tørrhei (Rutter 1955).

Arten har ein vid økologisk amplitude i Sørvest-Noreg (Hveem 1983, Semb & Nedkvitne 1957). I Rogaland er han vanleg, tildels dominerende i tørrhei (jf. avsnitt 4.4.9) sjølv om han oftest dominerer i fukthei, på stader med varierende, rørlig grunnvatn og på forstyrre fuktige stader som i utspadde torvmyrar. Rutter (1955) fann i Sør-England at arten er positivt korrelert med sommarvasstand, vasstandsendringar og tuehøgd, og unngår reduserende miljø.

Arten har svært låge kalkkrav, men tåler, kanskje til og med krever, høgt jerninhald i jorda (Pearsall 1950).


Blåtopp tåler godt brenning og kan bli dominerende, i alle fall for ei stund etter brenning (Gimingham 1972, Froment 1981).

Blåtopp er ettertrakta vårbeite for sau og storfe, men arten er beitesvak og går ut etter langvarig, hard beiting (Pearsall 1950, Semb & Nedkvitne 1957). Vik (1953) nemner arten som ruvande, men lite ettertrakta og berre tilfeldig beita i sommarbeita.

Mitt inntrykk er at arten særlig blir beita av storfe. Han går tilbake under hard beiting, men blir ikke borte. Analyse 67-70 (figur 5) kan kasta noe lys over dette. Desse er frå begge sider av ei eigedomsgrense i ei jamn austsøraust-helling aust for Aurnes i Time. Teigen nord for gjerdet (49/1) er dominert av grashei og verkar klart mest beitepåverka, men beitetrykket i 1984 var lite. Den tørraste delen øvst er røsslyng-dominert på begge sider av grensa. Lenger nede i bakken er det røsslynghei med bærlyngartar (*Vaccinium spp.*) sør for grensa, medan nordsida er fullstendig blåtopp-dominert. Grunnen kan vera at lyngen på nordsida er trengt tilbake til den tørraste delen på grunn av hard beiting. Blåtopp kan så ha ekspandert sterkt fordi beitetrykket blei mindre eller fordi kubbeitingsa blei borte.

Liknande forhold er observert ved ei eigedomsgrense i furuskog ved Hustveit i Sauda (figur 6). Den blåtoppdominerte siden ligg berre 200 m frå tunet på eigedomen. Den andre siden som er dominert av blåbær (*Vaccinium myrtillus*) og andre lyngartar, ligg ca. 800 m frå tunet på den andre eigedomen. Beitetrykket har derfor tidlegare vore ulikt på dei to sidene, men nå er det lite beiting, og gjerdet er nedramla.

Eigaren av nabobrukset, Ola O. Hustveit, har seinare (i 1987) opplyst at området blei



Figur 6

Skilnad i vegetasjon ved eidegrense ved Hustveit i Sauda. Beitestrykket er nå lite, med blåtopp (*Molinia caerulea*) og bjørk (*Betula pubescens*) dominerer nå til venstre der beiting eller slått har vore intensiv.

Difference in vegetation at the ownership boundary at Hustveit in Sauda. The grazing pressure is low, but *Molinia caerulea* and *Betula pubescens* have become dominant to the left where grazing and cutting have been more intensive.

sleger annakvart år ("skrapslått"). Men det blei lite beita sidan husdyra blei sleppt rett på skogsbeite i liane lenger aust. Beitet her var like tidleg om våren som rundt husa. Den skarpe skilnaden ved grensa kjem derfor truleg av utslatten på Hustveitsida.

Noen observasjoner tyder også på at arten kan ekspandera i gammal, døyande røsslyng (jf. avsnitt 4.4.6).

Blåtopp-dominans på tørr mark ser derfor ut til å vera typisk for oseaniske område i lynghei i forfall, i beitemark og i grashei der beitestrykket er redusert. Om brenning under visse forhold kan gje eit liknande resultat, er meir uvisst (jf. avsnitt 4.4.9). Her trengst systematiske undersøkingar.

### 2.1.5 Bjørnskjegg (*Scirpus caespitosus*)

Dei to underartane er ikkje skild i dette arbeidet, men supsp. *germanicus* er vanlegast i dei undersøkte heilane.

Bjørnskjegg har ei liknande utbreiing langs råmegradienten som klokkeling (*Erica tetralix*), og manglar berre i den tørraste røsslynghei. På Låg-Jæren var han vanleg også på sjølvrenert jord (Semb & Nedkvitne 1957).

Arten er særleg dominerande i hardt beita fuktheiar i dei meir nedbørrike heilane over 300 m. Arten er ein viktig beiteart m.a. i Dalane-heiane (Vik 1953), truleg fordi det er lite betre beitegras. Hard brenning aukar truleg og dominansen, særleg i oseaniske, nedbørrike strøk (jf. avsnitt 3.5.2).

### 2.1.6 Pors (*Myrica gale*)

Pors er vanleg i myr og våthei i hele den atlantiske heiregionen.

På Hidra i Vest-Agder finst arten mest på myr (Drangeid 1980), og på Lista er tyngdepunktet overgangen mellom myrlata og fuktig, hellande terren (Hveem 1983). På Karmøy og på Nord-Talgje i Finnøy finst pors nesten berre på myr (Steinnes 1988b), men han er vanlegare i fukthei i meir nedbørrike heistrøk. I Dalane er arten vanleg, til dels dominerande, opp til 450 m, og mange stader går han like tørt som klokkeling (*Erica tetralix*) (Steinnes 1983). Han spelar ei mindre rolle i Kårstøområdet i Tysvær (Røsberg 1982).

Røtene inneholder ein nitrogenfikserande symbiont som dør ved pH 3,8 (Moore & Belamby 1974).

Verknaden av brenning og beiting er lite omtalt. Røsberg (1982) omtalar fuktheiar med pors på Ognøy i Bokn som lite brende, medan porsrike fuktheiar i Lund er regelmessig brende (jf. avsnitt 4.4.1).

### 2.1.7 Rome (*Narthecium ossifragum*)

Rome har ei liknande utbreiing langs råmegradienten som pors (*Myrica gale*), og er i Rogaland ein sikker skiljeart mot tørrheiane.

I Storbritannia har rome ein nordleg tendens, og finst mest på ombrotrof og minerotrof torv (Goode & Ratcliffe 1977), men han er også vanleg i fuktheiar liksom i Noreg (Dierssen 1982). Ved kysten i Vest-Agder er rome ein myrart (Drangeid 1980, Hveem 1983) medan arten er vanleg, til dels dominerande, i fuktheiar i Rogaland.

Arten er giftig, men blir likevel beita, særleg av storfe. Hos sau er arten årsak til sjukdomen alvel eller "håvesott". Folk har lenge gitt romen skulda for sjukdomen, m.a. i fleire bygder i Rogaland, og det er nå vitskapeleg påvist at sjukdomen kjem av stoff som romen inneholder (Høeg 1975). Denne sjukdomen er eit stort problem i fuktheidominerte beite, m.a. i Lund og Bjerkeim.

## 2.2 Økologiske hovedgradientar

### 2.2.1 Råmegradienten

Heivegetasjon dekker ein stor del av råmegradienten, frå tørre rabbar til mark med høgt grunnvatn i lange periodar. Jordråmen verkar òg inn på torvakkumulasjonen og er klart den dominerande faktoren i heivegetasjon.

I den tørraste enden av gradienten dominerer røsslyng, i ytre Nord-Rogaland saman med purpurlyng (*Erica cinerea*) (type 10, 13). Mjølbær (*Arctostaphylos uva-ursi*), tytebær (*Vaccinium vitis-idaea*), *Cladonia strepsilis* og *Polytrichum piliferum* er typiske for denne delen av gradienten.

Med litt aukande råme kjem klokkeling (*Erica tetralix*) og bjønnskjegg (*Scirpus caespitosus*) inn (type 12). I nordhellingar slår den reduserte uttørkinga ut i tjukkare humus, meir bløkkebær (*Vaccinium uliginosum*), blåbær (*V. myrtillus*), skrubbær (*Cornus suecica*) og mosar (type 18). Berre i svært bratt nordhelling dominerer blåbær saman med spreidde småbregner (type 14).

Fuktigare forhold finst ofte på areal med større tilrenning, t.d. nedst i hellingar og i søkk, eller på areal med ufullstendig drenering som på grunnlende og over aurhelle. Her aukar mengdene med klokkeling, bjønnskjegg og blåtopp (*Molinia caerulea*), og røsslyng dominerer berre unntakvis. Rome (*Narthecium ossifragum*) og pors (*Myrica gale*) blir vanlege, og noen torvmoseartar (*Sphagnum* spp.) kjem spreidd inn (type 20). Humuslaget blir tjukkare, og ei seig torv på ca. 20 cm er typisk i denne fuktheisona. Ein treffer sjeldan på høgt grunnvatn i vekstsesongen, men dette er truleg vanleg haust og vinter.

Blir det endå våtare, dukkar myrartar som duskull (*Eriophorum angustifolium*) og vortetormmose (*Sphagnum papillosum*) gjerne opp. Torva kan då vera ca. 30 cm, og grunnvatnet står sjeldan under 40 cm (Steinnes 1983). Dette blir her rekna som overgangen til myr.

Mye tyder på at både brenning og tråkk påverkar råmeforholda i jorda (jf. avsnitt 2.2.4, 2.2.5).

### 2.2.2 Næringsgradienten

Jordsmonnet i heia er ofta utvaska, og det er tildeles bygd opp råhumus. Innverknaden frå berggrunnen under er derfor relativt liten. Semb & Nedkvitne (1957) fann ikkje store kjemiske skilnader i humusen i ulike jordtypar, sjølv om lausmassene noen stader var rike på amfibolitt. Hveem (1983) fann på Lista høgare verdiar for pH, kalsium og nitrogen i våtheiovergangen enn i dei tørrare delane av transekta, noe som kan koma av tilrenning. Men i slike tilfelle er det ofta skilnaden i vasshushald som gir dei mest synlege utslaga.

I bratte sørhellingar finst eit innslag av svakt krevjande artar som skogfiol (*Viola riviniana*) og fagerperikum (*Hypericum pulchrum*) (type 13). Det gunstige lokalklimaet skaper større omsetjing, mindre utvasking og betre næringstilgang i jorda, og profilen blir brunjordliknande, men likevel podsolert (Gimingham 1961).

I noen få tilfelle er det påvist rikare utforminger både av tørre og fuktige typar. På Nord-Talgje i Finnøy finst velutvikla kalkenger på marmorknausar, med gradvise overgangar til fattigare typar (type 13, 12, 10), ettersom verknaden frå berggrunnen blir borte (Steinnes 1988a). På Karmøy får serpentin-berggrunn ein liknande innverknad (jf. avsnitt 4.4.6). I begge tilfelle finst meir engprega parallellar til fuktheia (type 23) med store floristiske utslag av den basiske berggrunnen.

Bortsett frå desse spesialtilfella, er skilnader i næringstilgang berre i svært liten grad årsak til variasjonen i heivegetasjonen.

### 2.2.3 Høgdegradienten

Åspartia rundt 4-500 m i midtre strøk har opptil dobbelt så høg årsnedbør som den ytste kyststripa, samtidig som klimaet er noe kaldare. Dette fører til lågare fordamping, sterke humusakkumulasjon, og sterke utvasking og aurhelledanning, og fuktheiarealet er større. På veldrenert mark blir innslaget av m.a. bløkkebær (*Vaccinium uliginosum*) større i røsslyngheia (type 18). Artar som knegras (*Sieglungia decumbens*) og fagerperikum (*Hypericum pulchrum*) blir mindre vanlege i høgda, og pors (*Myrica gale*) blir ofta borte rundt 400 m. Holt av sommareik (*Quercus robur*) finst i sørhellingar opp til ca. 350 m, og det er rimeleg å rekna den boreo-nemorale sona til i alle fall 300 m.

I den boreale sona, over ca. 350 m, blir kvitlyng (*Andromeda polifolia*), dvergbjørk (*Betula nana*), molte (*Rubus chamaemorus*) og rypebær (*Arctostaphylos alpina*) vanlegare. På dei høgaste rabbane over ca. 500 m finst noen få fjellartar som stivstorr (*Carex bigelowii*), rabbesev (*Juncus trifidus*) og greplyng (*Loiseleuria procumbens*) (type 17).

### 2.2.4 Beiting

Denne faktoren er ein hovudgrunn til at kystheiene oppsto. Det kan likevel vera vanskeleg å påvisa dei direkte verknadane på vegetasjonen. Faktorar som spelar inn, er dyrearten, beiteintensiteten, fordeling på årstidene, utviklinga av beitetrykket over lengre tid, innverknad på jordsmonn og vasshushald og reaksjonen til dei ulike planteariane.

Moderat vinterbeiting med sau held røsslyngen låg, buskete og livskraftig, men ved hardare beitetrykk går lyngartar tilbake og graminidar, særleg finnskjegg (*Nardus stricta*) og bjønnskjegg (*Scirpus caespitosus*) går fram. Då oppstår gjerne ein mosaikk med grashei i nordhellingar og på noe fuktigare mark, medan røsslyng dominerer i dei tørraste sørhellingane. Grunnen er delvis at dei nemnte graminidane var minst vanlege i dei tørraste heiene. Men dette er blitt forsterka av at dei fuktigare heiene hadde generelt større innslag av beiteartar og blei hardare beita, noe som vidare stimulerte graminidane og trengete tilbake lyngartane.

Om sommaren ser det ut til at sauene vel å beita i grashei framfor lyngheia medan beitinga om vinteren er meir allsidig. Beiteforsøk frå Lindåshalvøya gav ikkje klare resultat, men forsøk frå Storbritannia peikar i denne leia (Øvstedal 1979). Danske forsøk

på ung lyng har derimot vist eit jamnare lyngopptak over året (Buttenschøn & Buttenschøn 1976).

Den viktigaste verknaden er at beitedyra held nede lauvkraft og hindrar at skogstrea vandrar inn. Geita er mest effektiv så måte, men finst ikkje lenger i kystheiane i Rogaland. Bjar & Graffer (1963) utførte omfattande beiteforsøk, mest i skogsmark, men også i kysthei. Storfe tok mest bjørk (*Betula pubescens*) og rogn (*Sorbus aucuparia*), sauken tok mest osp (*Populus tremula*) medan eik (*Quercus* sp.) og or (*Alnus* sp.) blei lite beita. Sauken viste seg å vera mye meir effektiv enn storfe. I eit 107 daa stort forsøksfelt i røsslynghei ved Førdesfjorden i Tysvær greidde 8-10 sauher og 7-10 lam mellom ca. 25. mai og 15. september å halda alt lauvoppslag under 25 cm. Feltet var då godt avbeita, men noe blåtopp (*Molinia caerulea*) og bjørnnskjegg sto att. To felt på 135 daa blei beita vekselvis annakvar vinter med 60 sauher. I det eine feltet var alt lauvkraft nedbeita, medan det andre berre viste ein mindre reduksjon (Bjar & Graffer 1963).

I danske skjøtselsforsøk i hei (Buttenschøn & Buttenschøn 1976) bleit storfe bjørk vår og haust, sommareik (*Quercus robur*) blei beita meir tilfeldig om hausten, medan svartror (*Alnus glutinosa*), einer (*Juniperus communis*) og bjørnebær (*Rubus* sp.) ikkje blei beita. Sau tok alle desse artane - bortsett frå einer - heile året.

Ein viktig verknad er auka tråkk. Røsslyng er tråkkømfintleg medan graminidane stort sett tåler dette godt. Tråkk reduserer også porevolumet i jorda slik at vatnet sig seinare ned (Bjør & Graffer 1963).

Beiteverknaden på rome (*Narthecium ossifragum*), pors (*Myrica gale*) og blåtopp (jf. avsnitt 2.1) er uviss, men fleire av dei vil liksom bjørnnskjegg kunna dra nytte av auka vassinhald og redusert konkurranse frå lyngartane.

225 Brenning

Brenning er den andre hovudgrunnen til at kystheiane har oppstått og halde seg opne. Når ein vurderer verknadene av brenning, må ein skilja mellom dei kortsiktige sykliske suksesjonane som kvar brann set i gang, og dei langsiktige verknadene av regelmessig brenning. Dei kortsiktige endringane er lettast å registrera, og dei er grundig undersøkte, m.a. i Storbritannia. Dette er oppsummert m.a. i Gimingham (1972), som stort sett er laqt til grunn for framstillinga her.

Kjemiske endringar: Ved brenninga vil noen av næringsemna bli ført vekk med røyken medan andre blir att i oska. Desse blir etterkvart frigjort i jorda. Dette hevar pH dei første to åra. Kalium og kalsium er utsette for utvasking, medan fosfor kan bli vanskeleg tilgjengeleg etter brenning. Minst halvparten av nitrogen- og svovelinnhaldet føl gjer med røyken, og ved sterke brannar er tapet markert også for kalium, kalsium og magnesium. Ved svake brannar som skaper liten turbulens, kan ein stor del av desse næringssstoffa bli avsette i nærlieiken. Tapa ut av økosystemet blir minst ved svake brannar og i store heirområde, og blir då i høg grad kompensert ved tilførsel i nedbøren. Nyare forsking tyder på at rett utført brenning av røsslynghei ikkje tappar økosystemet i nemnande grad for næringssstoff, kanskje med unntak av nitrogen og fosfor.

Verknaden på vegetasjonen: Suksjonsgangen etter brann varierer etter styrken på brannen. Kraftige, ukontrollerte brannar øydelegg røtene og mye av frøa. Ved kontrollerte brannar vil praktisk talt alle bartreplanter (m.a. einer) døy, medan lauvtre som er noen meter høge, kan overleva (Nilsson 1970). I skotsk urterik hei kunne nesten alle fleirårige artar overleva brann. Alle, bortsett frå einer (*Juniperus communis*) og bjørk, hadde dessutan frø med langvarig spireevne som var lagra i jorda (Hobbs et al. 1984).

Flatene blir først kolonisert av alger. Det vidare suksesjonsforløpet er noe ulikt på humus og på mineraljord. På humus kan skorpelaven *Lecidea uliginosa* danna ei hinne som hemmar vidare tilgroing. I den følgjande fasen spelar *Cladonia*-artar med basalskjell, og mosar som *Polytrichum juniperinum* (einerbjørnemose) og *P. piliferum* (rabbebjørnemose) ei stor rolle. Ettersom røsslyngen blir tettare, vil botnsjiktet bli meir moseprega, med *Hypnum ericetorum*, *Pleurozium schreberi* (furumose) og *Dicranum scoparium* (vanleg sigdmose).

På mineraljord vil den tidlege fasen vera meir prega av gras og urter som smyle (*Deschampsia flexuosa*), bråtestorr (*Carex philadelphica*), knegras (*Sieglingia decumbens*), kystmaure (*Galium saxatile*), blåklokke (*Campanula rotundifolia*) og heiblåtfjør (*Polygala serpyllifolia*). Lengden på denne tidlege fasen er avhengig av kor raskt røsslyng regenererer.

Røsslyng oppnår full dekking på 4-5 år når han veks opp frå røtene, frå frø tek det minst 6 år. Andre artar kan ekspandera i denne fasen, oftast mellombels. Dette gjeld m.a. klokke-lyng (*Erica tetralix*), purpurlyng (*E. cinerea*), blåbær (*Vaccinium myrtillus*), tytebær (*V. vitis-idaea*), mjølbær (*Arctostaphylos uva-ursi*), einstape (*Pteridium aquilinum*) og blå-topp (*Molinia caerulea*).

Fram til ca. 15-års alder er røsslyngen i den byggjande fasen og veks seg tettare og høgare. Mellom 15 og 25 år er han inne i ein moden fase der sjiktet opnar seg. Etter dette dør busken frå midten, og andre artar eller røsslyng-frøplanter får ein sjanse. Tørr lync-hei som blir regelmessig brend i den byggjande fasen, blir ofte svært artsfattige monokulturar av røsslyng. I ubrend lynchei med einer og andre buskar og meir opningar i det ure-gelmessige lyncdekket, blir mangfaldet større, og artstalet er gjerne ca. 50% høgare.

I nedbørrike, oseaniske delar av Storbritannia (over 1250 mm nedbør) regenererer røsslyng seinare etter brenning. I slike strøk blir derfor artar som bjønnskjegg (*Scirpus caespitosus*) og finnskjegg (*Nardus stricta*) dominante, og farene for erosjon aukar. Brenning høver derfor dårlig i desse områda (McVean & Lockie 1969).

Ei liknande redusert konkurranseskygge hos røsslyng kan observerast i dei nedbørrike heiane i Rogaland. Nøn samanheng med brenning er ikkje påvist, men det verkar sannsynleg.

Ved brenning er det målt at infiltrasjonsevna til jorda blir redusert med opp til 70%, og evne til å halda på vatnet aukar. Dette kan koma av at oskepartiklane tettar til dei store porene medan talet på små porer blir større (Mallik et al. 1984).

## 2.2.6 Tilgroing

Bruksendringane som ligg til grunn for tilgroinga, og styrken på tilgroinga i ulike delar av fylket, er omtalt i avsnitt 1.4-1.5. Her følgjer noen økologiske kommentarer:

Bjørk (*Betula pubescens*) er det einerådande pionertreet i dei undersøkte heiane, medan furu (*Pinus sylvestris*) spelar ei viss rolle i Lund. Dette kan stort sett forklaast med at bjørk er den vanlegaste frøkjelda.

Tidlege, opne stadier av forfall i heia er omtalt før. Noen stader i Lund kan ein i ubrende, vinterbeita heiar - sjølv der dei edafiske forholda er gode - sjå ei trinnvis eller svært langsam tilgroing der ein først får ei hei med store einerbuskar og spreidde furutre. Dette kan forklaast med at variasjon i beitetrykket (t.d. noen uvanleg snørike vintrar) har sleppt noen få tre over beitehøgd (Steinnes 1983).

Ei liknande opent tresett furu-fukthei finst i det same området, men her med grunn, våt rometorv. Her gjer dei edafiske forholda at fuktheia er nokså stabil og at skogen rykker seit fram.

Då vinterbeitina i det førstnemnte området blei borte, og beitetrykket blei redusert, slo det opp tett med bjørk og furu, mest bjørk, sjølv om det var flest eldre furutre. Oppslaget verkar tettast i sørvest tørrhei (type 10), men det kjem også på fukthei (type 20) (Steinnes 1983). Nilsson (1970) oppgir fra Sørvest-Sverige kraftig kolonisering av hengjebjørk (*Betula verrucosa*), men også av furu på brende heiflater. På ubrende heiar dannar det seg her ofte opne busk- og tresjikt med bjørk, gran (*Picea abies*) og furu.

På Lindåshalvøya er både bjørk og furu viktige pionertre (Øvstedal 1976). Dei fleste ungplantene av furu spiser under 50 m frå mortreet, og furufronten går derfor seit (3-400 m/100 år). Bjørka er ein langt meir effektiv langdistansespreiar som kan etablira nye spreiingssentra langt inne i trelause område (Øvstedal 1976).


## 2.3 Heitypar

### 2.3.1 Tørrheiar

Her er samla ei rekke plantesosiologisk nokså forskjellige heisamfunn som er upåverka av høgt grunnvatn. Ruteanalysar frå vegetasjonstype 10, 12, 13, 14 og 18 finst i tabell 6, 7 og 8.

**Røsslyng - mjølbærhei (type 10)** finst mest på grunnlendte knausar, men også på dei tørraste morenane, og dekker små areal.

Røsslyng (*Calluna vulgaris*) dominerer, medan mjølbær (*Arctostaphylos uva-ursi*) er vanleg og skil mot andre typer. Andre skiljeartar kan vera *Cladonia strepsilis* (polsterlav) og *Polytrichum piliferum* (rabbebjørmemose). Vanlege artar er tytebær (*Vaccinium vitis-idaea*), bråtestorr (*Carex pilulifera*), hundekvein (*Agrostis canina*), smyle (*Deschampsia flexuosa*), tepperot (*Potentilla erecta*), knegras (*Sieglungia decumbens*) og blåtopp (*Molinia caerulea*), medan kreking (*Empetrum* sp.), blåbær (*Vaccinium myrtillus*) og kornstorr (*Carex panicea*) finst meir spreidd. På Karmøy er purpurlyng (*Erica cinerea*) vanleg i typen.



Figur 7  
Relativ nybrent røsslyng-klokkelinghei på Førland i Lund.

Recently burnt heather at Førland in Lund.

Røsberg (1982:53) fører liknende heiar til assosiasjonen Vaccinio-Callunetum Büker 1942 i forbundet Empetrium boreale Böcher 1943.


**Røsslyng-klokkeling-tørrhei (type 12)** liknar type 10, men finst på noe mindre tørkesvak jord (figur 7).

Skiljeartar mot type 10 er klokkeling (*Erica tetralix*) og bjørnnskjegg (*Scirpus caespitosus*). Elles finst dei fleste av artane i type 10. Røsslyng dominerer oftast, men dette varierer, og både klokkeling og blåtopp (*Molinia caerulea*) kan dominera.

Røsberg (1982:56) fører liknande typar frå Kårstø til forbundet Empetrium boreale Böcher 1943.

**Urterik tørrhei (type 13)** finst oftast i nokså bratte, sørvende morenebakkar og dekker små areal.

Røsslyng dominerer, men innslaget av urter og gras er markert. Fagerperikum (*Hypericum pulchrum*), blåklokke (*Campanula rotundifolia*), skogfiol (*Viola riviniana*) og blå-



**Figur 8**  
Uterik tørrei dominert av purpurlyng (*Erica cinerea*) og fagerperikum (*Hypericum pulchrum*).

Herb-rich dry heath dominated by *Erica cinerea* and *Hypericum pulchrum*.

knapp (*Succisa pratensis*) er vanlege og skil mot type 10 og 12. Artar som finst meir spreidd, er knollerteknapp (*Lathyrus montanus*), einstape (*Pteridium aquilinum*), tiriltunge (*Lotus corniculatus*) og heiblåfør (*Polygala serpyllifolia*). Dessutan er dei fleste artane i type 10 vanlege (figur 8). I ytre Nord-Rogaland har purpurlyng (*Erica cinerea*) tyngdepunktet innan typen og kan dominera.

Røsberg (1982:53) fører purpurlyngheia i Kårstø-området til assosiasjonen *Empetrum-Ericetum cinereae* Birse & Robertson 1976. Semb & Nedkvitne (1957) fant liknende urterike tårrheiar på Jæren på morene med amfibolitt og glimmerskifer.

Røsslyng-blokkebærhei (type 18) finst på markert tjukkare humus enn type 10-13, og blir vanlegare med aukande høgd og i nordhellingar. Røsslyng dominerer, men typen er rikare på blokkebær (*Vaccinium uliginosum*) enn type 10 og 12. Andre karakteristiske artar er skrubbær (*Cornus suecica*) og stormarimjelle (*Melampyrum pratense*). Moseinnslaget er òg større med artar som *Dicranum scoparium* (vanleg sigdmose) og *Hylocomium splendens* (etasjemose).

Blåbær-småbregnehei (type 14). I bratte nordhellingar med noe sigevatn kan blåbær

(*Vaccinium myrtillius*) dominera saman med blokkebær (*V. uliginosum*), tytebær (*V. vitis-idaea*) og røsslyng. Oftast finst spreidde eksemplar av fugletelg (*Gymnocarpium dryopteris*) og skogburkne (*Athyrium filix-femina*). Mosesjiktet er tettare enn i type 18, med artar som *Sphagnum quinquefarium* (li-torvmose) og *Plagiothecium undulatum* (kystjamnemose).

Typen er sjeldent i kystheiane. Han står plantesosiologisk svært nær blåbær-småbregne-bjørkeskogane (Corno-Betuletum dryopteridetosum Aune 1970).

**Høgareiggande tørrhei (type 17).** På toppane over 400 m dominerer ofte røsslyng og kreking (*Empetrum* sp.). I tillegg finst gjerne spreidde innslag av ein eller fleire fjellartar som rypebær (*Arctostaphylos alpina*), stivstorr (*Carex bigelowii*), rabbesev (*Juncus trifidus*) eller grepelyng (*Loiseleuria procumbens*). Botnsjiktet er gjerne fyldig, med *Rhacomitrium lanuginosum* (gråmose) og *Cetraria islandica* (brødlav).

Typen kan reknast som eit sørvestleg fragment av dei alpine grepelyng-rabbesevhieiane (Loiseleurieto *Arctostaphylin* Nordh. 1943 etc.).

**Tørr grashei (type 11).** I dei sterkest beita heiane er lyngartane trengde tilbake i ulik grad på delar av arealet. I staden vekslar grasartar som finnuskjegg (*Nardus stricta*) og engkvein (*Agrostis tenuis*) om å dominera. Andre vanlege artar er knegras (*Sieglungia decumbens*), bjørnnskjegg (*Scirpus caespitosus*), smyle (*Deschampsia flexuosa*), tepperot (*Potentilla erecta*) og bråtestorr (*Carex pilulifera*). På små, sauegjødsla areal finst kvitkløver (*Trifolium repens*), engrapp (*Poa pratensis*), følblom (*Leontodon autumnalis*) og kystmaure (*Galium saxatile*).

Eg har ikkje teke ruteanalysar, og typen er generelt lite undersøkt. Røsberg (1982) fører ein liknande type frå Kårstø til forbundet Nardo-Galion saxatilis Preissinger 1944.

### 2.3.2 Fuktheiar


Fuktheiane er vegetasjonstypar som i våte perioder er påverka av grunnvatnet. Dei finst typisk på konkave terrengformer, men stundom òg i anna terren, særleg der berggrunn eller aurlelle hemmar dreneringa.

Dei skil seg klarast frå tørrheiane ved at rome (*Narthecium ossifragum*) finst. Dei er i Rogaland oftest graminidedominerte, med blåtopp (*Molinia caerulea*) og bjørnnskjegg (*Scirpus caespitosus*), men dei kan òg vera lyngdominerte.

Fuktheiane i Europa blir ført til assosiasjonen Ericetum tetralicis (Allorge 1922) Jonas 1932 i forbundet Ericion tetralicis Schwick 1933 (Dierssen 1982 m. fl.).

**Pors-klokkelyng-fukthei (type 20).** Dette er den vanlege boreo-nemorale fuktheiutforminga i Dalane. Typen finst opp til ca. 450 m, og er truleg den vanlegaste typen der. Men han er mindre vanleg lenger nord i fylket.

Pors (*Myrica gale*), klokkeling (*Erica tetralix*), rome (*Narthecium ossifragum*), blåtopp (*Molinia caerulea*), båndskjegg (*Scirpus cespitosus*) og røsslvng veksler om å dominere.



**Figur 9**  
Pors-klokelyng-fukthei på grunnlendt torv. Det er mykle rome (*Narthecium ossifragum*), klokkesøte (*Gentiana pneumonanthe*) i framgrunnen; frå Sletthei i Lund (lok. 1).


Damp heath community on shallow peat with abundant *Narthecium ossifragum* and *Gentiana pneumonanthe* in the foreground; from Sletthei in Lund (loc. 1).

Innslaget av *Vaccinium*-artar er lite, men blokkebær kan finnast i høgtliggende uforminger. Klokkesøte (*Gentiana pneumonanthe*) er typisk for fuktheiane i Dalane. Andre artar er kornstorr (*Carex panicea*) og flekkmarihand (*Dactylorhiza maculata*). Feltsjiktet kan mangla fullstendig men *Rhacomitrium lanuginosum* (gråmose), *Sphagnum strictum* og *S. compactum* finst gjerne spreidd (figur 9).

**Blåtopp-bjørnnskjegg-fukthei (type 22).** Ein del fuktheiar, særleg i Nord-Rogaland manglar høgdeindikerande artar som er typiske for type 20 og 24. Dei er her samla i ei eiga eining med ulike dominansforhold og usikker status.

Etter tabell 10 er *Cladonia portentosa* (kystreinlav), finnskjegg (*Nardus stricta*) og hun-dekvein (*Agrostis canina*) vanlegare i desse analysane som manglar pors (*Myrica gale*).

Dierssen (1982) deler assosiasjonen Ericetum tetralicis i ein *Cladonia portentosa*-subassosiasjon og ein typisk subassosiasjon uten denne arten, og pors finst spreidd i begge.



**Figur 10**  
Rikt sig dominert av brunkjene (*Schoenus ferrugineus*), vest for Padletjønn, Karmøy (lok. 6).

Rich flush dominated by *Schoenus ferrugineus*, west of the Padletjønn, Karmøy (loc. 6).

**Fuktig grashei (type 21).** I dei hardast beita fuktheiane dominerer bjørnnskjegg (*Scirpus caespitosus*) medan finnskjegg (*Nardus stricta*) og heisev (*Juncus squarrosus*) er vanlege. Lyngartane er nesten borte.

**Høgareliggende fukthei (type 24).** Fuktheiane i den boreale sona (over ca. 350 m) liknar type 20 og 22. Men pors (*Myrica gale*) manglar oftast, og dvergbjørk (*Betula nana*) og kvitlyng (*Andromeda polifolia*) blir vanlegare. Fjellplanteinnslaget er mindre enn i type 17, men rypebær (*Arctostaphylos alpina*) finst, sjeldnare og stivstorr (*Carex bigelowii*). Typen verkar meir lavrik med *Cladonia uncialis* (pigglav) og *Cetraria islandica* (brødlav).

Typen liknar Myrica-Erica-hei frå Ørland i Sør-Trøndelag (Skogen 1965), men her er pors vanleg.

**Rik fukteng (type 23).** Noen få stader er det påvist fuktige sig med mange av dei same artane som i fuktheia, men med krevjande artar som engstorr (*Carex hostiana*), loppestorr (*C. pulicaris*), blåstorr (*C. flacca*) og dvergjamne (*Selinella selaginoides*). På Karmøy finst brunkjene (*Schoenus ferrugineus*) i slike sig, tildels som dominant (jf. avsnitt 4.4.6) (Meling 1983) (figur 10).

### 2.3.3 Heivegetasjonen i Rogaland i norsk og europeisk sammenheng

Innanfor kystheiregionen i Europa er det stor klimatisk og plantegeografisk variasjon, ikke bare fra nord til sør, men også fra hyperoseanisk hei i Irland til meir kontinentalt hei i Skåne. Denne variasjonen er utgangspunktet for flere av forsøka som er prega hei i Skåne. Denne variasjonen er utgangspunktet for flere av forsøka som er gjort på å klassifisera heivegetasjonen (Böcher 1940, Gimingham 1961).

Dei urterike heiene med purpurlyng (*Erica cinerea*) i Rogaland liknar mye på hei i Midt- og Nord-Skottland med mye mjølbær (*Arctostaphylos uva-ursi*) og tytebær (*Vaccinium vitis-idaea*) (Gimingham 1961).

Tørrheiane i Rogaland skil seg fra tilsvarende sørsvenske typar ved at hårfrytle (*Luzula pilosa*), kvitsymre (*Anemone nemorosa*), *Hylocomium splendens* (etasjemose) og *Dicranum polysetum* (filtsigdmose) er sjeldne, noe dei også er i tyske hei (Damman 1957). Derimot er skogstjerne (*Trientalis europaea*) og tytebær (*Vaccinium vitis-idaea*) vanleg i hei i Sør-Sverige og i Rogaland, men ikke i Tyskland (Damman 1957). Desse to artane knyter heiene i Rogaland til den skandinavisk-danske heiserien (Böcher 1943), men andre karakteristiske artar for serien som bløkbebær (*Vaccinium uliginosum*), krekling (*Empetrum* sp.) og skrubbær (*Cornus suecica*) spelar ei liten rolle i låglandsheiene. Høgare opp (i type 17, 18) er desse artane meir rikeleg representert. Dessutan finst noen alpine innslag som ein finn att i låglandsheiene nord for Stadt (Skogen 1965).

Sjølv om tørrheiane i Rogaland skil seg noe fra meir nordlege og kontinentale hei, manglar dei klart sørlege trekka som *Genista*-artar.

I fuktheiane kan ein liknande variasjon sporast. Dierssen (1982) nemner pors (*Myrica gale*), bløkbebær, tytebær og *Sphagnum strictum* som typiske for norske fuktheiar. Men mange av artane har ei meir avgrensna utbreiing, dei fleste er kystbundne. Innledninga i plantegeografiske element er den same som er brukt i Steinnes (1988b). Denne bygger i hovudsak på Lye (1967).

### 2.4 Flora

#### 2.4.1 Floraelement

Floraen i kystheiane er oftest artsfattig og består for det meste av vidt utbreidde artar. Men mange av artane har ei meir avgrensna utbreiing, dei fleste er kystbundne. Innledninga i plantegeografiske element er den same som er brukt i Steinnes (1988b). Denne bygger i hovudsak på Lye (1967).

Fleire suboseaniske artar som klokkeling (*Erica tetralix*), rome (*Narthecium ossifragum*), pors (*Myrica gale*) og heisev (*Juncus squarrosum*) høyrer til dominantane. Andre suboseaniske artar er kystmyrklegg (*Pedicularis sylvatica*), knappsev (*Juncus conglomeratus*), engstorr (*Carex hostiana*), loppestorr (*C. pulicaris*), vivendel (*Lonicera periclymenum*), knegras (*Sieglingia decumbens*), *Leucobryum glaucum* (blåmose) og *Sphagnum strictum*. Av sørlege suboseaniske artar finst klokkesøte (*Gentiana pneumonanthe*), blodtopp (*Sanguisorba officinalis*) og dikesoldogg (*Drosera intermedia*) medan blodtopp (*Sanguisorba officinalis*) er sørvestleg.

Av eu-oseaniske artar finst heistorr (*Carex binervis*), heiblæfjør (*Polygala serpyllifolia*), heifrytle (*Luzula congesta*), fagerperikum (*Hypericum pulchrum*), dvergsmyle (*Aira praecox*) og kystmaure (*Galium saxatile*). Ingen av desse er direkte vanlege. Den einaste hyperoseaniske arten som er notert i dei undersøkte områda, er purpurlyng (*Erica cinerea*), men vestlandsvikke (*Vicia orobus*) og blåstjerne (*Scilla verna*) finst i kysthei i fylket.

Av sørlege artar finst krypvier (*Salix repens*), solblom (*Arnica montana*) og knollerte-knapp (*Lathyrus montanus*).

#### 2.4.2 Floristiske skilnader mellom heiområda

Tabell 1 gir ein oversikt over dominantar, typiske heiartar og artar som ser ut til å ha ein ulik frekvens i dei lågliggende heiene i Nord-Rogaland og i dei meir høgliggende heiene på Høg-Jæren og i Dalane i Sør-Rogaland.

For noen artar som purpurlyng og klokkesøte er forekomsten i samsvar med totalutbreiinga.

Ei større gruppe med svakt næringskrevjande artar er truleg vanlegast i nord på grunn av innslag av rikare berggrunn og marine avsetningar. Noen av desse, t.d. bergflette, er låglandsartar og vare for kaldt vinterklima. Bergflette finst i Dalane berre heilt ut mot havet. Ei større gruppe med m.a. dvergbjørk (*Betula nana*) og rypebær (*Arctostaphylos alpina*) er vanlegast i høgareliggende boreale hei, og er derfor oftest notert i sør. Noen av desse er svakt nordlege. Ei gruppe skogsartar med m.a. hårfrytle (*Luzula pilosa*) er også vanlegare i sør, ganske enkelt fordi det er meir etablert skog i desse heiene.

Floraen speglar altså klima, høgdeforhold, berggrunn, jord og tilgroingsstadium.

#### 2.4.3 Mindre vanlege og sjeldne heiartar

Ei gruppe artar som finst nokså spreidd i kystheivegetasjon, men som har eit økologisk optimum her, blir omtalt nærmere. Desse artane vil kunna bli sjeldne om kystheiane blir borte.

Purpurlyng (*Erica cinerea*) er sjeldent sør for Karmøy, har sørgrense i Sola, og er trua ellers i tilbakegang på mange av dei sørlegaste lokalitetane. Arten veks i Rogaland berre i kysthei, men er kjend frå furuskog i Sunnhordland (Bjørndalen & Odland 1978). Arten er stimulert av brenning, og vil gå sterkt tilbake om det blir slutt på brenninga og heiene gror til.

Heifrytle (*Luzula congesta*) er særlig sjeldent sør for Boknafjorden, men arten må reknaast som sjeldent i fylket sjølv om han er noe vanlegare i nordvest. Arten kan bli sjeldent om lyngheiene blir borte, men vil kanskje greia seg i veggkantar o.l.

Heistorr (*Carex binervis*) er nokså vanleg i kysthei nordvest i fylket. I Dalane går arten



**Figur 11**  
Klokkesøte (*Gentiana pneumonanthe*) har hovudtyngda i fukthei og fattigmyr i Rogaland.

*Gentiana pneumonanthe* occurs mainly in wet heath and nutrient poor bogs in Rogaland county.

langt inn og finst her og i opent tresett fukthei, blåtopp-furu-fuktskog og vegkantar. Dette stemmer stort sett med den økologiske amplituden til arten på Vestlandet (Skogen 1971). Arten tåler noe meir beiting enn lyngartane (Fægri 1960). Arten vil truleg overleva ei tilgroing betre enn andre heiartar, sidan arten ikkje er avhengig av brenning og trivst i opne skogtypar.

Heiblåfjør (*Polygala serpyllifolia*) går relativt langt inn og høgt opp og finst og på myr, men er vanlegast i kysthei. Arten er stimulert av brenning og kan bli sjeldan om kystheiene gror til.

Fagerperikum (*Hypericum pulchrum*) er vanlegast i låglandet, men kan gå nokså lang

langt inn og finst her og i opent tresett fukthei, blåtopp-furu-fuktskog og vegkantar. Dette stemmer stort sett med den økologiske amplituden til arten på Vestlandet (Skogen 1971). Arten tåler noe meir beiting enn lyngartane (Fægri 1960). Arten vil truleg overleva ei tilgroing betre enn andre heiartar, sidan arten ikkje er avhengig av brenning og trivst i opne skogtypar.

Heiblåfjør (*Polygala serpyllifolia*) går relativt langt inn og høgt opp og finst og på myr, men er vanlegast i kysthei. Arten er stimulert av brenning og kan bli sjeldan om kystheiene gror til.

Fagerperikum (*Hypericum pulchrum*) er vanlegast i låglandet, men kan gå nokså lang inn, og opp i 500 m (Lye 1970). Arten finst òg utanom heivegetasjon i lysopne skogkantar og rasmark.

Klokkesøte (*Gentiana pneumonanthe*) (figur 11) har nordvestgrense på Jæren og har truleg gått ut på den nordlegaste lokaliteten i Sola (Moen 1975). Arten kan vera særleg talrik i fukthei, men òg på grunn bakemyr. Slike myrar kan og gro til på sikt, så arten vil truleg gå sterkt tilbake om heilandskapa under skoggrensa gror til. Den største forekomsten eg har sett (jf. avsnitt 4.4.2), ligg ca. 350 m o.h., så det er vanskeleg å forklara utbreiinga til arten i Rogaland ut frå varmekrav.

Solblom (*Arnica montana*) finst spreidd, men blei ikkje sett blomstrandande i dei undersøkte heiene. Arten trivst truleg betre i sterke beita, men u gjødsla beitemark, ein arealtype som går sterkt tilbake. Arten var tildels dominerande på Finnøy i førre århundre, men er nå svært sjeldan (Ladstein 1981). Arten går truleg ut ved tilgroing, og ser ut til å trenga høgt beitetrykk for å bli talrik i kysthei. Reaksjonen på brenning er uviss.

## 3 Vern av kysthei

### 3.1 Historikk

Det som følgjer er spreidde opplysninger eg har kome over, og gjer på ingen måte krav på å vera fullstendig.

Det er naturleg at kystheiane ikkje var den første naturtypen som kom i fokus då naturverntanken vaks fram først i dette hundreåret. Men alt tidleg på 30-talet peika Sjöbeck på behovet for større heiresevat i Sverige, og alt på 50-talet var det her vanskeleg å finna større verneobjekt (Damman 1957). På 70-talet var det aukande interesse for vern og skjøtsel av kulturlandskap. Både i Sverige og Danmark var det då verna noen kystheimområde der skjøtselsproblem blei undersøkt (Nilsson 1970, Buttenschøn & Buttenschøn 1976).

I Storbritannia blei det på denne tida lagt fram en oversikt over 151 typeområde eller "national sites" (Ratcliffe 1977). Omlag 35 av desse er i hovudsak låglandshei, men berre tre av dei er omtalt som "National nature reserve". Alle desse ligg i Dorset og var verna rundt 1960 då Moore (1962) undersøkte økologi og moglege skjøtselstiltak i desse heiane.

I Noreg har ikkje kystheiane vore vist den same interessa som t.d. skog og myr. Sjølv om ein del materiale om økologi og plantesosiologi ligg føre i hovedfagsoppgåver, rapportar, og som små innslag i utanlandske arbeid, er svært lite publisert i samanfatta og lett tilgjengeleg form. Ingen kystheimområde er verna, og skjøtsel har ikkje vore vurdert konkret.

I 1970-åra blei det gjennomført eit større tverrfagleg miljøforskningsprosjekt, Lindåsprosjektet, i lyngheilandskap i Nordhordland (Forskningsnytt 1974 nr. 4). Dette prosjektet gav viktige grunnlagsdata om tradisjonell bruk, produksjonsøkologi og vegetasjonshistorie (Kaland 1974, Gjertsen 1975, Øvstdal 1979, 1981, Solhøy et al. 1981). Men områdevern blei ikkje prioritert, trass i dei omfattande skogreisningsplanane og industrireisninga i området. Verneverdige kystheiar blei registrert i mindre omfang av Miljøverndepartementet i samband med "Landsplanen for verneverdige områder og forekomster" (Miljøvernddepartementet 1973-76), mellom anna på Lista (Høiland 1974, Listautvalget uten år).

### 3.2 Formålet med vern av kysthei

Av dei ulike grunnane som talar for å verna kysthei, vil dei viktigaste falla i to hovedgrupper, naturvitenskapelige og kulturhistoriske grunnar. Hovudgrunnar for vernet har mye å seia for kriterier for områdevål og for kva skjøtselstiltak som må setjast inn.

#### 3.2.1 Kulturlandskap

I kulturhistorisk samanheng er det viktigast å verna delar av det gamle kulturlandskapet. Då er det viktig at området innehold bygningar og andre anlegg knytta til den tradisjonelle bruken. I ein skilde tilfelle kan slike område bli ei ideell rame rundt verna gardsanlegg eller lokale museum. Slike område vil få særleg stor verdi for undervising, m.a. i historie og heimstadlære. I slike kulturlandskap er det viktig å etterlikna tradisjonell skjøtsel. Slike område har også vitskapeleg interesse som knyter seg til økonomisk og økologisk funksjon i kulturlandskapet.

### 3.4 Vernekriterier

#### 3.2.2 Vegetasjon og økosystem

Dei viktigaste naturvitenskapelige grunnane er å verna vegetasjonstypar og økosystem, og å verna biotopane til planter og dyr som er karakteristiske for, og kanskje avhengige av kystheia. I slike tilfelle er det viktig at områdestørleik og skjøtsel blir tilpassa dei aktuelle artane. I dette arbeidet er hovudvekta lagt på denne innfallsvinkelen.

Det vil letta gjennomføringa av vernetiltak dersom nærings- og andre viktige samfunnsinteresser vil dra nytte av at kystheiane blir haldne vedlike. Noen av desse interessene vil derfor bli vurdert her.

**Utmarksbelte:** Sauehaldet i Rogaland står i ei særstilling i landet, både absolutt og relativt (jf. avsnitt 1.4). Det er derfor framleis ei viss interesse for å bruka utmarksbeite i låglandet, både til sau og ungdyr. Sidan ein stor del av sauene blir sende til høgheiane om sommaren, er beitetrykket i kystheiane gjerne høgst vårs og haust. Dette vil vera ein fordel i skjøtselssamanhang.

**Birøkt:** Norges Birøkterlag har i 1984 teke initiativ til ei kartlegging av lyngforekomstar (røsslyng og klokkeløyng) (O. Balle, D.O. Øvstdal, muntleg). Sjølv om dei fattigaste furskogane spelar ei viss rolle, er kystheiane dei viktigaste areala i birøktsamanhang. Ved tilgroing eller planting vil areala raskt bli verdilause til birøkt, og næringa vil derfor truleg vera interessert i vern og skjøtsel av store kystheiareal. Lynghonning har dessutan større marknadsinteresse enn vanleg "blomsterhonning".

**Friluftsliv:** Rogaland er mellom dei mest urbaniserte fylka i landet sidan heile 76% av folket bur i byar og tettstader (Aschehoug og Gyldendals ettbladsleksikon 1982). Store delar av dei bynære låglandsområda er så sterkt oppdyrka at dei ikkje er eigna til friluftstilmål. Kystheiar er derfor dei nærmeste tilgjengelege større turområda for mange, og ein del slike område er med i "Fylkesplan for friluftslivet" (Fylkesrådmannen i Rogaland 1984).

I dei skogfattige regionane som t.d. Jæren og Karmøy, er det flere døme på at planta barskog har blitt mye brukte turområde. Skog har representert noe sjeldent i det snaue landskapet. Om få tiår vil dette truleg ha snudd seg. Opne heilandskap vil representera noe sjeldent, og verdien i friluftssamanhang vil truleg auka sterkt. Det vil derfor tena friluftsinntressene at ein del større kystheimområde blir haldne opne, og ikkje får gro til med ugjennomtrengelege granplantefelt og bjørkekratt. Den beste skjøtselen for slike friluftsområde vil vera brenning og vinterbeiting for å få ein låg lyng, og storfebeiting for å halda blåtopp (*Molinia caerulea*) tilbake.

Vernekriterier som er brukte på vegetasjon generelt (Marker 1974) er også i høg grad gylde for kystheiar. Men ein del spesielle forhold gjer at eg har sett opp eigne kriterier.

Sams for lyngheiareala er at ingen har hatt bruk for dei til meir lønsame føremål enn til utmarksbeite. Heiane som er att, er derfor dominert av ikkje dyrkbare og vanskeleg tilgjengelege område som er dårleg skogplantemark. Dei vanlege heilandskapa er derfor nå grunnlendte knausar i høgdedrag eller ut mot havet. Men kystheiane har tid-

legare dekka langt fleire landskapstypar. Men lågtliggende, lausmasserike heiars med roleg topografi er i høg grad omdisponerte og er derfor sjeldne.

**Topografi, lausmassar og sonasjoner:** Rikelege lausmassar og roleg topografi gjer at økologiske faktorar varierer over større avstandar. Heitypar er utvikla over større areal, og sonasjoner og gradientar kjem tydeleg fram. I grunnlendte område varierer dei økologiske faktorane over korte avstandar slik at variasjonen blir uoversiktleg og mosaikkprega.

**Økologisk diversitet:** Sidan mange heiars i Rogaland er heilt dominerte av fuktheiar, er det viktigaste kravet til eit typisk område at røsslyng-tørrheiars finst velutvikla. Utterik tørrhei bør også vera med, men dette kan ikkje vera noe krav til eit typeområde. Området bør ha instruktive, gradvise overgangar frå tørrhei til myr og innehaldar typiske uforminger av dei viktigaste heitypane.

Innslag av rike eller sjeldne vegetasjonstypar, buskrike heiutformingar og etablert skog aukar diversiteten og verneverdien. Kan heiområdet kombinerast med annan verneverdig vegetasjon som skog, myr og strand, aukar dette og verneverdien.

**Høgdefordeling:** Det viktigaste kravet er at vesentlege areal ligg under 300 m slik at boreo-nemoriale låglandsutformingar blir godt representerte. Å sikra boreale-subalpine lågheiars er lettare og derfor lågare prioritert.

**Storlek og form:** Sidan siktemålet sjeldan er å vera isolerte vegetasjonstypar, men heller heile kulturlandskap, er krava til areal store, og hovudvekta bør leggjast på område på fleire kvadratkilometer. Omsyn til friluftsliv og dyrelivet talar òg for store område. Moore (1962) har gitt døme på at sjeldne dyreartar krev areal over ein viss storlek, men slike forhold er ikkje vurdert her.

Store område med god form, kortast mogleg omkrins i forhold til arealet, naturlege, brannsikre grenser og få randsoner mot skog vil gjera skjøtselen enklare.

**Flora:** Floraen er oftast fattig, og dei fleste artane er vegetasjonsdannande eller vanlege. Men ein del typiske heiartar er mindre vanlege (jf. avsnitt 2.4.3). Noen få nasjonalt utsette artar som bustsevaks (*Scirpus setaceus*) og dverglin (*Radiola linoides*) kan også finnast, men er ikkje påvist i dei undersøkte områda.

**Beitetrykk og innrep:** I kulturlandskap aukar det verneverdien om beitetrykket er så høgt at mindre areal held seg grasdominerte, og forfall og tilgroing blir hindra. Er beitetrykket så høgt at grasheiars dominerer over lyngheiars, er verneverdien mindre. Ubeita heiars under tilgroing og forfall har også lågare verneverdi. Er tilgroinga kommen langt, blir rydding og skjøtsel dyrkt og omfattande, slik at vern er mindre realistisk. Viktige innrep som reduserer verneverdien er kulturbete, plantefelt, fulldyrka areal og bygningar som gjer lyngbrenning vanskeleg. Mindre alvorlege innrep er vegar, kraftlinjer og slitasje av friluftaktivitetar.

**Kulturvern:** Gamle gardsanlegg, utløer, steingardar, krøttervegar og andre innslag frå det gamle kulturlandskapet aukar verneverdien.

**Andre verneverdiar:** Kvartærgeologiske-, geologiske-, arkeologiske- og zoologiske verneverdiar og friluftsinteresser har stor eigenverdi, og er med å auka verneverdien til eit område. Slike interesser kan også gjera det lettare å sikra eit botanisk interessant område.

I arbeid med vern av kulturlandskap er det viktig at ei vurdering av behovet for skjøtselstiltak kjem med alt frå starten. Ofte er det slutt på den tradisjonelle bruken slik at det hastar med restaurering og skjøtsel. Ein skjøtselsplan bør derfor ideelt sett vera klar samtidig med at verneverd tak bli fatta.

I Skandinavia har Nilsson (1970) behandla både det faglege grunnlaget for skjøtsel av lyngheiars og den praktiske gjennomføringa.

Det faglege bakgrunnsmaterialet er her behandla i tidlegare kapittel medan dette kapitlet særleg tek opp dei praktiske sidene.

### 3.5 Skjøtsel

I heiars som er under tilgroing, er den første oppgåva å stoppa denne prosessen. Her må ein fjerna alle buskar og tre som er så høge at dei ikkje blir drepne av elden. Dersom det er mye buskar over ca. 2 m, kan det vera aktuelt å prøva seinare brennetaid og varmare brann enn vanleg for å redusera ryddingsarbeidet til eit minimum. Men farene for økologiske skadeverknader vil då auka (jf. avsnitt 2.2.5).

Sidan særleg bjørk skyt fort opp frå røtene, er det ønskjeleg med ein ryddemetode som drep desse. Dette er særleg avgjerande i heiars som skal brennast og beitast forsiktig. Røynsler frå lauvenger på Åland tyder på at lauvbuskane då må kuttast under jorda. Forsøk med å pensla stubbane med hormonpreparat ført til ein stor vegetasjonslaus flekk i fleire år (Häggström 1976). Glyfosat vil kanskje gje mindre biverknader, men bruk av plantegifter er kontroversiell i naturvernsammenheng. Ringberkjing skulle vera ein effektiv ryddemetode som drep røtene.

#### 3.5.1 Rydding og anna istandsetting

Brenning som økologisk faktor er omtalt i avsnitt 2.2.5. Ved regelmessig brenning av røsslyng i den byggjande fasen på tørrare mark, blir forynginga av røsslyng effektiv både frå røter og frø. Resultatet blir ein tett, låg monokultur av røsslyng med låg diversitet.

**Rett utført brenning:** Målet er å brenna opp det meste av lyngen og førna, men ikkje noe særleg av humuslaget (Nilsson 1970, Gimingham 1972). For å oppnå dette må ein brenna så tidleg at humusen ikkje har tørka ut. Mars-april vil ofta vera høveleg, men brenning på barfrost om vinteren skulle vera særleg trygt. Værforholda må vurderast nøyne i kvart tilfelle. Norsk Meteorologisk institutt gjennomfører systematiske målingar av råmen i humus og vegetasjon. Dette kan vera til hjelpe for å vurdera brenningstidspunktet.

Ved for hard brenning dør røsslyngrøtene, gjenveksten går seinare og andre artar kan ta over (jf. avsnitt 2.2.5). Verknadene av slike harde skadebrannar i Rogaland er ikkje klare (jf. avsnitt 4.4.9). Faren for harde brannar er særleg stor ved brenning av gammal lyng.

Kvar og kor ofte skal ein brenna? I kulturlandskapet er det naturleg å fylgja den praksisen som har vore vanleg dersom formålet er å halda opp det opprinnelige landskapet. På Sørvestlandet ser det ikkje ut til at denne har fylgt særleg faste mønster (jf. avsnitt 1.3), og ein står friare til å ta andre omsyn.

I kulturlandskap som er brukt til utmarksbeite, friluftsliv og birøkt, vil brenning med 6-7 års mellomrom vera høveleg for å halda lyngen låg, tett og ung (Nilsson 1970, Gimingham 1972). I hei på kystberg og på sandjord er humuslaget særleg utsett, og ein må vera særstakt forsiktig. Brenning med 10-15 års mellomrom synest høveleg (Nilsson 1970).

I naturreservatet der det er viktig å halda oppe den økologiske diversiteten, bør brenning reduserast til eit minimum, med minst 20 år mellom brenningane (jf. avsnitt 2.2.5). Om dette er mogleg, er avhengig av beitetrykket, lauvtilgroinga og manuell rydding.

Noen artar er avhengige av brenning for å greia seg. Hårginst (*Genista pilosa*) og andre *Genista*-artar er døme på dette i Sverige (Nilsson 1970). Liknande døme er ikkje kjende frå Rogaland. Men brenning stimulerer purpuryng (*Erica cinerea*) og kan vera naudsynt for å sikra arten på dei sørlegaste lokalitetane.

I Storbritannia reknar ein at brenning er ueheldig i område med over ca. 1250 mm årsnedbør (jf. avsnitt 2.2.4). Dei fleste kystheiane i Rogaland har høgare nedbør enn dette og er dominerte av fuktheiar. Verknaden av brenning i slike nedbørrike heiar peikar seg ut som ei viktig forskingsoppgave. Inntil vidare bør ein vera forsiktig med brenning her.

**Praktisk gjennomføring:** "Forskrifter om brannvern m.v." (vedlegg) gir reglar og praktiske retningslinjer for korleis lyngbrenning skal gjennomførast. Forskriftene gjeld etter § 9-10 for "gras- og lyngsviing i slik nærhet av skogsmark at brenningen kan medføre fare for brann i skogsmark". Dette er maksimumsforskrifter som brannsjefen kan lempa på etter ei konkret vurdering. Den største brannfarens knyter seg til den inneleide fasen med brenning av gammal lyng. Men ettersom brenninga kjem i gjenge, og blir utført til tider med særleg liten skogbrannfare, skulle det vera grunnlag for å få godkjend klart enklare rutinar, særleg i område med noen brannsikre grenser.

Det kan vera aktuelt å få lagt inn skjøtselsbrenning i øvingsprogrammet til det lokale brannvesenet eller sivilforsvaret. Brann-nemndene i kommunane pliktar å ha reservemannskap som skal samlast til øving ein gong i året (Branninspektør R. Skar, muntleg).

**Oppdeling av området:** Innanfor eit verneområde bør det finnast lyng i ulike utviklingsstadier. Deler ein området i tre og brenner eit felt annakvart år, blir syklusen på 6 år. Der viltomsyn er viktige, brenner ein i Skottland små felt om gongen, gjerne striper ned mot 10 daa (Gimingham 1972).

### 3.5.3 Beiting

Beiting er det sentrale elementet i skjøtselen av kysthei. Beiting som økologisk faktor er omtalt i avsnitt 2.2.4.

**Beitedyr og belegg:** Sidan geita er lite aktuell i Rogaland i dag, er sau det mest høvelege beitedyret til å halda borte lauvkratt, særleg ved vinterbeiting. Sau og storfe har ulike beitevanar og ei blanding av begge slaga vil gi jamnast avbeiting.

I tabell 2 er det sett saman noen døme på beitebelegg både frå beiting i verneområde og frå beiteforsøk. Ut frå dette er det sett opp grovt rettleiande forslag til beitebelegg ved ulikt beitetrykk.

Skal sommarbeiting (mai-september) vera tilstrekkeleg for å halda eit område skognaut, må det beitast så hardt at dei mest beita delane blir grasdominerte og snaubeitata. Dette går hardast ut over rikare vegetasjonstypar. Vinterbeiting (oktober-april) med sau vil halda borte lauvkrattet utan desse negative verknadene, men det trengst truleg eit stort sauetal. Med ulik vekt på sommar- og vinterbeiting kan beiteverknaden finnregulerast. Dette er det mogleg å oppnå ved at dei fleste sauene går på fjellbeite eller kulturbete om sommaren.

**Oppdeling og organisering av beitet:** Dei gamle kystheiane var fellesbeite, og beitetrykk og vegetasjon varierte på ein karakteristisk måte, m.a. ut frå avstanden til gardane. Dette preget tek ein best vare på ved at større verneområde blir drivne som fellesbeite. Eit landskap med lite gjerde gir også estetisk eit betre inntykke. Ei inndeling i fleire skift vil gi betre kontroll med avbeitinga som derfor kan bli jamnare. Begge modellane bør prøvast. Den siste modellen er aktuell dersom det er viktig å gardera seg mot overbeiting eller dersom ulike delområde skal ha ulikt beitetrykk (Steinnes 1988a).

I Rogaland bør det vera mogleg å koma fram til avtalar med grupper av saueprodusenter om drift av verne-/beiteområde. Det offentlege bør dekka utgifter til gjerdehald og beiteforbetrande skjøtselstiltak mot at naturvernstyresmaktene har rett til å regulera beitinga og hindra omdisponering. Organisering av landskapsvernande beitedrift vil elles lett falla dyrt, med eit underskot på 100-500 kr/ha år (Åkerberg 1976).

### 3.5.4 Andre skjøtselstiltak

**Gjødsling** bør som hovudregel forbys i verna kystheiar. Næringsstatusen i jorda bør undersøkast, særleg med omsyn på fosfor, kalium og kalsium. Det kan tenkjast at brenning og utvasking, tildels med sur nedbør, har tappa økosystemet for næringsstoff (jf. avsnitt 2.2.5). Skulle dette visa seg å vera rett, bør det startast forsøk med forsiktig gjødsling med desse stoffa. Dette kan vera eit økologisk rett tiltak som også kan koma jordbruksinteressene i møte. Nitrogengjødsling er uaktuelt i denne samanhengen sidan nitrogennedfallet med nedbøren er stort på Sørvestlandet.

**Slått:** Den mest omfattande heislatten har truleg gått føre seg i fuktheiane i Dalane, men røsslyngslått har også vore vanleg (jf. avsnitt 1.3). Skjøtselsforsøk med slått bør derfor setjast i gang eit par stader, t.d. i nr. 1 og 6. Det vil neppe vera vanskeleg å

## 4 Undersøking av verneverdige heiområde i Rogaland

finna tilstrekkelege areal som kan slåast med tohjulsmotorslåmaskin, medan areal som kan fôrhaustast, er vanskelege å finna. Felta skal slåast annakvart år (fukthei) eller ca. tredjekvart år (røsslynghei) (jf. avsnitt 1.3), og plantedelane skal fjernast frå feltet.

### 4.1 Materiale og metodar

#### 4.1.1 Forarbeid

Under arbeidet med prosjektet for å skaffa oversikt over botanisk verneverdige objekt i Rogaland blei det klart at kystheiane representerte det alvorlegaste holet i datamateriale. Naturtypen var utsett og under rask forandring, samtidig som vern og skjøtsel ikkje var vurdert. Det blei derfor bestemt at eg skulle legga særleg vekt på kystheiar under feltarbeidet. Det blei klart at det berre var mogleg å få ein første fylkesoversikt over større aktuelle verneområde. På denne bakgrunnen blei forarbeidet mindre systematisk enn ein kunne ønska.

Aktuelle område blei først peila ut på M711-kart og blei deretter grundigare undersøkt på Økonomisk kartverk. Flere viktige opplysningar som plantefelt, kulturbete, lausmasar, topografi og høgdeforhold gjekk fram av kartet. Det blei særleg lagt vekt på å finna større areal med signaturen for "anna jorddekt fastmark". Flyfoto blei brukt meir unntaksvis. Det var eit problem at både flyfoto og Økonomisk kartverk noen stader var over 20 år gamle.

Ei viktig hjelp var eigen områdekunnskap etter hovudfagsstudiet i Dalane og feltarbeid for Fylkesmannen i Rogaland, Miljøvernavdelinga i 1984 og 1985.

På Karmøy bygger valet av undersøkingsområde på vurderinga til Anders Lundberg. Han kjenner øya godt og viste meg rundt i felt. Eg har også fått opplysningar frå K.A. Lye, K.O. Hauge og J.I. Johnsen. På dette grunnlaget blei undersøkingsobjekta plukka ut.

#### 4.1.2 Feltarbeid

Områda varierer mye i storlek, og det er brukt frå noen timer til ca. 2 dagar på inventeringa av kvart av dei. Det er notert kryssliste for karplanter for kvart av områda og for noen delområde. Tabell 2 bygger på desse krysslistene.

Eg har som oftast gått gjennom det meste av området, og hovudtrekk i vegetasjonen langs ruta er notert på Økonomisk kartverk etter vegetasjonsklassifikasjonen som er gjengitt her og i Steinnes 1988b. Dessutan har eg brukt kikkert for å vurdera arealet med røsslyng-tørrei.

Eg har teke ruteanalysar både frå typisk vegetasjon og frå meir avvikande utformingar. Desse er ført opp saman med noen eldre analysar frå lok. nr. 1 og 2 frå Steinnes (1983). Artslistene er ikkje fullstendige for mosar og lav sidan berre artar som er bestemte i felt er ført opp. Braun-Blanquets skala er nytta for å oppgi dekkingsgraden til artane:

r : 1-2 individ

+ : få eksemplar, < 5% dekking

1 : meir talrik, < 5% dekking

2 : dekker 5-25% eller < 5%, men særstalrik

3 : dekker 25-50%

4 : dekker 50-75%

5 : dekker over 75%

Det er dessutan lagt stor vekt på å vurdera tilgroing, beitetrykk og nye inngrep som ikke går fram av kartet. Alderen på røsslyngen er berre grovt vurdert.

Eg har ikkje gjort systematiske intervju-undersøkingar om skjøtsel o.l., men eg har fått noen opplysningar av folk eg har kome i prat med.

#### 4.1.3 Nomenklatur

For karplantene følgjer nomenklaturen Lid (1974). Som hovudregel er norske namn brukt. Latinsk namn blir ført opp i parentes, men blir ikkje teke oppatt heile tida for artar som er ofte nemnt.

Krekling (*Empetrum nigrum*) og fjellkrekling (*E. hermaphroditum*) er behandla saman sidan dei ofte er sterile og då ikke kan skiljast. Krekling er vanlegast, medan fjellkrekling er nokså vanleg over 300 m. Marikåpe (*Alchemilla vulgaris* coll.), bjørnebær (*Rubus fruticosus* coll.) og augnetrøyst (*Euphrasia* spp.) er brukt kollektivt, og småartar er ikkje skild ut. Det same gjeld slektene løvetann (*Taraxacum*) og svæve (*Hieraceum*).

For lav følgjer nomenklaturen Krog et al. (1980), for mosar Nyholm (1956-1975) og Arnell (1956). For desse gruppene er det primært brukt latinske namn. For mosar er norske namn frå Lye (1968) ført opp i parentes.


## 4.2 Oversikt over materialet og prioritering av området

Tabell 3 viser ein oversikt over dei undersøkte områda med ei del data som er viktige for vurdering av verneverdien. Tabell 4 viser ein tilsvarende tabell for andre område i fylket som truleg inneheld verneverdig heivegetasjon (Steinnes 1988b). Alle område er avmerka på figur 12.

Verneverdien er vurdert etter ein tredelt skala:

- \* verneverdig, av lokal interesse
- \*\* stor verneverdi, av fylkes- eller landsdelsinteresse
- \*\*\* svært stor verneverdi, truleg av nasjonal interesse

To til tre av områda ser ut til å ha nasjonal interesse og eit (lok. 1) er ein del av eit aktuelt naturtypeområde som kan ha nasjonal interesse. Ut frå tilgroinga hastar det mest å gjennomføra skjøtselstiltak i lok. 1, 8 og 10. Både generell prioritering og tilgroing/tidsaspektet må ligga til grunn for det vidare vernarbeidet med kystheiar i fylket.



### 4.3 Manglar i materialet

Det viktigaste lite kjende området der det kan finnast større heiav stor verdi, er på Rennesøy, der kysthei kan knytast til floristisk rike lauvskogar (Steinnes 1988b).

På Jæren er nok dei store aktuelle områda kjende, men her kan sjølv små heiområde ha stor verdi. Det bør undersøkast om slike små kystheiområde finst innan Jærstrendene landskapsvernombordet, og om vernereglane i så fall er tilstrekkelege. Det må vidare undersøkast om det nyoppretta Urådalen landskapsvernombordet inneholder verneverdig kysthei og eventuelt kva hei- og landskapstypar som er representert. Vidare bør Høg-Jæren undersøkast betre, særleg området sørvest for Synesvarden og areal under 150 m.

Herike område som ein ikkje veit noe om, er Vestre Bokn i Bokn og Fosen i Karmøy, men det er lite sannsynleg at ein her finn meir verneverdig alternativ til lok. 6. Såtområdet i Haugesund er eit viktig friluftsområde og bør undersøkast.

### 4.4 Omtalar av dei undersøkte områda

#### 4.4.1 Lok. 1: Førland og Sletthei (Lund)

Kartblad: M711: 1312 III (UTM: LK 49-53, 93-95)

ØK : AR 014-5-3,4; AR 013-5-1,2

Areal: 6 km<sup>2</sup>

H.o.h.: 107-498 m

Oppsøkt: 16/8 1984

Figur 2, 7, 9, 13

Verneverdi: \*\*

#### Tidlegare undersøkingar


Området er ikkje undersøkt av andre.

#### Eigne undersøkingar og materiale

Sletthei og Tverrådalen blei undersøkt i 1975 i samband med "Landsplanen for verneverdig områder og forekomster". Dette området er òg vegetasjonskartlagt og plantesosiologisk undersøkt (Steinnes 1983). Sommaren 1984 blei heiav ved Førland undersøkt, og endringane på Sletthei sidan 1975 blei vurdert. Materialet består av to krysslister, ruteanalyser, vegetasjonskart (Sletthei) og vegetasjonsskisse (Førland) (figur 14).

#### Geografisk plassering, geologi og landskap

Det aktuelle naturtypeområdet ligg ca. 10 km vest for grensa mot Vest-Agder, nord for Kjørmo, og strekker seg frå Rusdalsvatnet mot vest til Botnavatnet. Førlandshei ligg i nordvest-hjørnet, mellom Førlandsvatnet og Botnavatnet, medan Sletthei ligg sørvest for Førlandsvatnet.



Figur 13

Lok. 1: Sletthei og Førland, Lund.

— Forslag til landskapsvernombord.

- - - Grense for areal som bør vera med i eit større verneområde.

.... Alternativ avgrensning.


Loc. 1: Sletthei and Førland, Lund.

— Proposed nature reserve.

- - - Proposed protected landscape.

Boundary for area that should be within a larger protected area.

.... Alternative boundary



**Figur 14**  
Skisse over vegetasjonen nordvest for Førlandsvatnet, Lund.

Outline map of the vegetation northwest of the lake, Førlandsvatnet, in Lund.

Berggrunnen er prekambrisisk og består for det meste av charnockittisk migmatitt, ein fattig,gneisliknande bergart (Hermans et al. 1975).


Førlandsheia ligg mellom 244 og 400 m og dekker ein slak søraustvend skråning med mye lausmassar i aust og sør. På toppen av Sletthei er eit grunnlendt platå på litt under 500 m o.h. Austsida er ei heilt jamn helling på 15° som vende mot søraust til aust. Ho ser ut til å følgja lagdelinga i berggrunnen, og er nesten heilt dekka av tynne lausmassar og våt lyngtorv.

#### Eigedomssuktur og planstatus

Førlandsheia er sameige under Førland (gnr. 52) der ingen bruk er i drift. Beitet er utleidt og sett med sau. Sletthei er fullt utskifta, men teigane er ikkje inngjerd.

#### Vegetasjon

Førlandsheia er dominert av røsslyng-tørrei. Den tørraste utforminga utan klokkeling



**Figur 15**  
Det er store areal med røsslyng-tørrei nord for Førland. Tilgroinga i nordhellinga sør for bekken er omfattande.

There are large areas with *Calluna*-dominated dry heath north of Førland. The scrub invasion on the north slope of the stream is extensive.

(*Erica tetralix*) (type 10) er vanlegast, noen stader med mjølbær (*Arctostaphylos uva-ursi*) (tabell 6), andre stader med spreidd einstape (*Pteridium aquilinum*). Typen finst òg merkeleg nok i den svake nordhellinga sør for Gyatjøra, her med klart tydelegare tilgroing enn i sørhellinga. Røsslyng-klokkelinghei (type 12) kjem inn i svake sokk og i den austsøraust-vende hellinga, ofte med spreidd einstape. Typen dominerer i det grunnlendte området lenger vest (figur 15). I den sørvestlege brende delen er innslagen av blåtopp (*Molinia caerulea*), hundekvein (*Agrostis canina*) og smyle (*Deschampsia flexuosa*) større i typen (figur 7). Pors-klokkeling-fukthei (type 20) dominerer i dalsøkket ved Furbekktjørn og er vanleg i den grunnlendte sørhellinga ovenfor. I sørausthellinga er det for det meste berre ei smal stripe fukthei nedst. Det er lite myr og skog. Det er ung, slutta bjørkeskog i små nordhellinger og ei stripe eik langs berget i nordvest ved ca. 400 m. Myrane er fattige bakkemyrar.

Sletthei er fullstendig dominert av fukthei. Heile den søraustvende skråningen som er prega av stor sigevatntransport, er dekka av pors-klokkeling-fukthei (type 20) (figur 9). Rome (*Narthecium ossifragum*) dominerer mange stader, men det er òg mye røsslyng og blåtopp. Romen hindrar utvikling av botnsjiktet, men *Sphagnum compactum* (stivtorvmose) er nokså vanleg. Pors går i sør heilt opp i 450 m. Her kjem dvergbjørk

(*Betula nana*) inn i staden, og rypebær (*Arctostaphylos alpina*) blir vanlegare (type 24, tabell 10, analyse nr. 252, 253). På rabbane er det fragment av røsslynghei med krekling (*Empetrum* sp.), rypebær og spreidde eksemplar av stivstorr (*Carex bigelowii*), rabbesev (*Juncus trifidus*) og greplyng (*Loiseleuria procumbens*) (type 17, tabell 7, analyse nr. 249, 250, 251). På vestsida er eit dalsøkk med pors-klokkeling-fukthei og sørvende tørrhei-skråningar som alt i 1975 var under tilgroing.

#### Flora

Floraen i desse heiane er fattig, og er prega av suboceaniske artar. To eu-oceaniske artar, heistorr (*Carex binervis*)\* og heiblæfjør (*Polygala serpyllifolia*)\* finst i opent tresett fukthei i nordkanten av Sletthei (tabell 9, analyse nr. 190, 184). Den sørleg oceaniske arten klokkesøte (*Gentiana pneumonanthe*)\* finst nokså rikeleg i sørausthørnet på Sletthei. Av mindre vanlege heiartar (merka \*) er elles bare den sørlege arten solblom (*Arnica montana*) notert i Førlandsheia.

#### Inngrep og tilstand

Området er så godt som fritt for tekniske inngrep og skogplanting. Botnavatnet er regulert.

Førlandsheia er under sterkt tilgroing. Den sørvestlege halvparten av området blei for 3-4 år sidan utsett for ein kraftig brann. Ein del bjørker på over 3 m overlevde denne.

I lia nord for Sletthei finn ein mange, jamnt fordelte kollag i torva (figur 16). Dette dokumenterer at Sletthei har blitt brend regelmessig (Steinnes 1983). Sjølv om dette tok slutt rundt 1950, var det nesten ikkje oppslag i 1975. Nå finst spreidde små bjørke- og furubuskar, men tilgroinga nedanfor det avgrensa området har skote meir fart. I nord rundt Erskogtjørna var det i 1975 både etablerte bjørkeholt og fukthei med spreidd bjørk av ulik alder. Her var endringane relativt små.


#### Istandsetting og skjøtsel

Ved Førland hastar det med å stoppa tilgroinga. Derfor må heile den ubrende delen brennast omlag samtidig, og ein må vente til seinare med å utvikla lyngflater med ulik alder. Dei moderat tilgrodde sørhellingsane bør brennast forsiktig (i mars ?), medan ein bør vurdera ei seinare, hardare brenning av dei tilgrodde områda for å forenkla ryddinga. Bjørkene som overlevde brannen i sørvest, må ryddast. Området bør seinare truleg brennast regelmessig, men forsiktig. Beitetrykket bør aukast ein del.

På Sletthei er det mindre hast, men brenning med det første vil truleg gjera rydding unødvendig. Det ser ut til at økosystemet på Sletthei har tålt regelmessig brenning. Sjøl om ein bør vera forsiktig med brenning i fukthei (jf. avsnitt 2.2.5) meiner eg den tradisjonelle skjøtselen bør prøvast her og. Sidan det har vore omfattande slått av fuktheiar i Lund, ville det vera naturleg å legga eit skjøtselsforsøk med slått til dette området.

#### Interessekonfliktar

Kraftutbyggingsplanar som er vurdert i Samla plan opererer med oppdemming av Holevatnet, anleggsvøg gjennom tørrheia nord for Førland og tørrlegging av Tverråna. Området er lite brukt til jordbruksformål. Hytteutbyggingsplanar på Førland har vore framme, men er truleg lite konkrete.



**Figur 16**  
I torva i den øpne furu-bjørke-skogen i nordhellinga nord for Sletthei er det tydelege kollag som vitnar om regelmessig brenning.

In the peat in open pine-birch forest on the northfacing slopes of Sletthei, are layers of charcoal, evidence of regular burning.

#### Andre verneverdiar

Tverrådalen er ein ubebygd, lågtliggende skogsdal nord for Sletthei. Her finst dei viktigaste skogstypane i Dalane i ubeita utformingar. Rike typar er godt representert, noen av dei er sjeldne, og fleire regionalt sjeldne artar finst her (Steinnes 1983, 1988b). Tverrådalen, Førland og Sletthei kan derfor bli eit svært allsidig, rimeleg stort og lite rørt naturtype-område for Dalane. Eit område med ein slik karakter er det svært vanskeleg å finna i låglandet i Rogaland. Området har derfor nasjonal interesse og svært høg verneverdi.

Tverrådalen er viktig for elg og rådyr, Sletthei for småvilt (Regionplanområdet for Dalane 1975). Dessutan finst bever her.

Garden Førland er eit mye bruk turmål, og denne delen av området er vurdert som viktig for friluftslivet (Regionplanområdet for Dalane 1975). Kløvvegen til Ualand og Gydalalen er registrert i kulturvernsamanheng (Regionplanområdet for Dalane 1975). Førland er etter mitt skjøn det best bevarte heiegardmiljøet i Lund. Eit par bruk var i drift til etter 1960. På det eine bruket er husa heilt i stand. Elles finst eit innehus, murar, rægje

(krøtterveg) og murar og kanal etter gardskverna. På innmarka blir den fattige naturen-  
ga halden open med sauebeiting. Dette heiegardmiljøet representerer noe av den  
nest omfattande utmarksutnyttinga vi kjenner (jf. avsnitt 1.3). Området kan derfor bli  
eit meir fullstendig kulturlandskap enn noen av dei andre undersøkte heiområda.

## **Verneforslag**

Denne bør vernast som naturreservat.

**Avgrensing:** Forslag til avgrensning går fram av figur 13. Ei alternativ avgrensning vil få med større bjørkeskogareal i vest av typar som er representert i Tverrådalen. Landskapsmessig vil det vera mest naturleg å ta med heile dette vakre dalsøkket ved Kjørmotjødnan.

**Grunnjeving:** Den store samla verdien til området som naturtypeområde er nemnt. I den ubebygde, lågliggande Tverrådalen finst dei viktigaste skogstypane i Dalane saman med seldne vegetasjonstypar og artar (Steinnes 1988b).

Vurdert som heiområde isolert er også verneverdien stor. Førlandsheia har rikelege lausmassar og ein topografi som gjer at råmegradienten blir tydeleg. Her finst større samanhengande røsslyng-tørrheiar enn i dei andre undersøkte heiane i Sør-Rogaland. Sletthei er spesiell og ulik Førlandsheia ved at uvanleg store areal har svært like jord- og råmeforhold. Dette gjer at høgdevariasjonen blir tydeleg. Begge områda er godt arronderte og vil vera svært enkle å brenna.

Det er òg knytta andre verneinteresser til området. Heiegardane på Førland gjer at dette kan bli eit særleg verdifullt kulturlandskap. Det er få tekniske ingrep i området. Den største ulempen med området er den sterke tilgroinga ved Førland.

#### 4.4.2 Lok. 2: Lakssyvelafiellet, Moifiellet (Bjerkreim)

Kartblad: M711: 1212 II (UTM: LL 19-28, 00-05)

ØK: AM 015-5-1 2 3 4: AN 015-5-1 2 3 4: AN 016-5-3 4

Areal: 28 km<sup>2</sup>

Hoch : 207-561 m


Oppsikt: 9-10/8 1984

Figure 17-18-19-20

*Verneyardia* \*\*\*

## Tidigare undersökningar

Ryvarden (1978) undersøkte nedbørfeltet til Bjerkreimsvassdraget og har noen analy-




**Figur 17**  
Lok. 2. Lakssvelafiellet, Moifiellet, Bierkreim, soneinndeling.

## Loc. 2, Lakssyvelafiellet, Moifiellet, Bierkreim, Zonation

sar frå Lakssvelafjellet (Sone E). Området er og vegetasjonskartlagt i 1:50 000 (Jordregisterinstituttet 1982), men einingane tilsvrar ikkje dei som er brukte her.


## Eigne undersøkingar og materiale

Det meste av sone C ble plantesosiologisk undersøkt og vegetasjonskartlagt i 1975, m.a. for å vurdera nytta av IR-farge-flyfoto ved vegetasjonskartlegging (Steinnes




Figur 18

Skisse over vegetasjonen rundt Kutjønn-myra, på nordsida av Moifjellet, Bjerkreim.



Outline map of the vegetation around the mire, Kutjønn-myra, on the north side of Moifjellet, Bjerkreim.



**Figur 19**  
Oversyn over området som er dekket av vegetasjonsskissa (Figur 18).

Overview of the area included in the outline map (Figur 18).

1983). Noe av materialet er presentert her (figur 17, tabell 6, 7, 8, 9, 10). Området nord for LK038 (UTM-linje) er dekket av IR-farge-flyfoto frå 1973.

Undersøkingane i år har dekket sone B, D og det meste av A. Her er hovudtrekka i vegetasjonen notert på Økonomisk kartverk. Materialet består elles av to krysslister, analysar og foto.

#### Geografisk plassering, geologi og landskap

Dette store, samanhengande, ubebudde heiområdet sør for Oslandsvatnet og Røyslandsvatnet går i vest til grensa mot Hå og Time og i aust til Lakssvæla og Storrsheia.

Den prekambriske berggrunnen består for det meste av charnockittisk migmatitt, ein gneis-liknande bergart, men består i sør (sone A) av anortositt (Hermans et al. 1975).

Landskapet i sone A er likevel mindre "småknudrete" og rikare på lausmassar enn lenger sør i Eigersundsfeltet. Sona ligg stort sett rundt 250 m o.h., men stig i nord til 400 m. Lengre nord ligg sone D og E som eit platå mellom 400 og 561 m. I vest (sone D) er det store sletter med lausmassar (Jabnebakkane) og andre markerte moreneformasjonar.

Sone E er meir grunnlendt, men det er særleg mye lausmassar i den slake austhellingsa. Sone C lengst nord, er eit vidt, svakt austvendt dalsøkk med mye lausmassar som ligg mellom 300 og 400 m. Lengst aust ligg sone B i eit liknande høgdelag, men denne er meir kupert, og går under 300 m heilt i aust.

#### Eigedomstruktur og planstatus

I sone A og E er ulike former for sameige viktigast, medan resten av området er fullt utskifta, privat eigedom. Det meste av sone C er statseigedom, forvalta av Direktoratet for statens skoger, Sørlandet skogforvaltning.

I Fylkesplanen, friluftsliv, er det tilrådd at området blir lagt ut som naturområde i samsvar med generalplanforslaget, og at sentrale delar blir lagt ut som friluftsområde i reguleringsplan (Fylkesrådmannen i Rogaland 1984).

#### Vegetasjon

Fuktheiar dominerer vegetasjonsbiletet fullstendig. Under 400 m er utformingar med pors (*Myrica gale*) (type 20) vanlege, medan denne typen manglar over 400 m, i sone D og E. Nord for Fjellund er dei nokså sterkt beita, med pors, rome (*Narthecium ossifragum*) og bjørnnskjegg (*Scirpus caespitosus*), men med lite blåtopp (*Molinia caerulea*). I sone B er det i sørvest ei mektig, slak helling med fukthei og mindre myrsig, men denne fekk eg berre sett i kikkert. Fuktheiane her er oftast blåtopp-dominerte, men med innslag av røsslyng og klokkesøte (*Gentiana pneumonanthe*). Mye bjørkeoppsslag tyder på lågt beitetrykk. Liknande utformingar finst i sone C (tabell 9, 10), men her finst dvergbjørk (*Betula nana*) i tillegg, noe som gjer klassifiseringa vanskeleg. I sone D er dei fleste fuktheiane dominert av bjørnnskjegg (type 22), i dei mest beita er det òg ein del finnskjegg (*Nardus stricta*) (type 21). På Moifjellet har Ryvarden (1978) analysert eit liknande bjørnnskjegg-dominert samfunn med røsslyng, klokkeling (*Erica tetralix*) og heisev (*Juncus squarrosus*), men utan rome. Noen stader finst dvergbjørk, rypebær (*Arctostaphylos alpina*) og stivstorr (*Carex bigelowii*) i fuktheia (type 24). Det finst òg spreidde innslag av duskull (*Eriophorum angustifolium*) og torvull (*E. vaginata*) på tynn, fuktheilikhende torv.

Av tørrheitypane dekker røsslyng-blokkebærhei (type 18) størst areal, særleg i sone D.

Røsslyng dominerer for det meste, men blokkebær (*Vaccinium uliginosum*) kan og dominerer, truleg i hardare beita og brend hei. Typen viser her klare gradvis overgangar mot andre heitypar (10, 11, 21, 22, 24). Typen er og velutvikla i sone C. Transekettet (figur 36, [vedlegg] 25-75 m) viser ein viss råmevariasjon, men overgangen til fukthei er her skarp.

Andre tørrheitypar er best representert i sone A. Det finaste området ligg aust for Bujønn. Her er det både røsslyng-mjølbærhei (type 10) og ei noe meir urterik hei (type 13) med solblom (*Arnica montana*), skjermsvæve (*Hieraceum* sp.) og tiriltunge (*Lotus corniculatus*) (tabell 8, analyse nr. 62). Nordvest for Oppsalandsvatnet er ein del røsslyng-klokkelinghei (type 12) med ein god del blåtopp. Den bratte sørhellinga lengst nord i sona er rik på tørrer grasheiar (type 11).

Frå Urdalsnipa har Ryvarden (1978) analysar som liknar høgareliggende tørrhei, men med mye mindre røsslyng. Stivstorr, tytebær (*Vaccinium vitis-idaea*), geitsvingel (*Festuca vivipara*), fjellmarikåpe (*Alchemilla alpina*) og rypebær er dei viktigaste artane.

Området har mange, relativt store myrar og nesten alle er fattige. I sone C finst flatmyr med *Sphagnum*-matter og større ombrotroft prega tueparti, og rome-fastmatte-bakkemyr med mye klokkesøte (*Gentiana pneumonanthe*). Her ligg også ei svakt hellande bakkemyr med tydeleg strengstruktur, noe som ikke er vanleg i Rogaland (Moen 1975). Myranalyser fra sone C finst bl.a. i Steinnes (1983: tabell 29). I sone D er det fire myrar på ca. 100 daa eller meir. Den største, Søraskådemyra, er mest påverka, grunn og dominert av bjønnskjegg. Eit svakt konvekt, tuedominert parti ser ut til å vera terregndekkande. Nordaust for denne ligg to mindre påverka bakkemyrar med *Sphagnum*-matte. Den eine har markerte, tuedominerte ryggar i hellsleia og mindre intermediære parti nedst. Heilt sør i sone C ligg ei bakkemyr med liknande ryggar (flyfoto).

I sone A står eit par lågvaksne krullar med blåbær-gaukesyre-eikeskog (Populo-Quercetum oxalidetosum) i den bratte sørhellinga. Dessutan finst etablert bjørkeskog, mest blåbær-småbregne-bjørkeskog (Corno-Betuletum), særleg i sone C.

#### Flora

Floraen er artsattig og typisk for denne delen av fylket. Suboceaniske artar spelar ei stor rolle, medan berre ein eu-oceanisk karplantear, heiblåfjør (*Polygala serpyllifolia*), er notert. Den sørleg oceaniske arten klokkesøte ser ut til å vera vanleg, til dels talrik under 400 m, særleg i fukthei. Av dei mindre vanlege kystheiartane finst klokkesøte, heiblåfjør, kystmyrklegg (*Pedicularis sylvatica*) (suboceanisk) og solblom (sørleg).

Dei tre oceaniske mosane, *Pleurozia purpurea* (purpurmose), *Hookeria lucens* (drøningmose) og *Bretelia chrysocoma* (gullhårmose), finst i fuktheilknande vegetasjon lengst nord i sone C (tabell 10, analyse nr. 256). Særleg den første er sjeldan i Dalane.

#### Inngrep og tilstand

Vegetasjonen er sterkt prega av høgt beitetrykk med sau, truleg kombinert med brenning over lang tid. Dette gjeld særleg sørhellinga lengst nord i sone A og sørpynten av sone D. Lengre nord er beitetrykket meir høveleg. Sone B er nå for lite beita og under rask tilgroing. I sone C var det i 1975 noe bjørkeoppslag nær eldre skog, men stoda nå er ikkje kjend. Elles er det tilgroingsproblema små. Det er eit lite plantefelt med buskfuru (*Pinus mugo*) heilt i nord.


Av tekniske inngrep kjenner eg berre til TV-masta på Urdalsnipa og vegen opp dit. Området er skilta som militært skyte-øvingsfelt, men eg såg ikkje spor etter slik verksamd. Det er teke ei torvgrop i sone C, men dette har ikkje ført til nemnande torverosjon. Elles er det ikkje merkje etter torvtekst eller grøfting i myrane.

#### Istandsetjing og skjøtsel

I sone B er behovet for å stoppa tilgroinga og auka beitinga stort. Det same gjeld i noe mindre grad i sone C. I delar av sone A og C bør beitetrykket reduserast noe. Røsslyngen treng forynging noen stader i sone A, B og C. Ein må vera forsiktig med brenning, og prøva seg fram, då det er fare for at innslaget av finnskjegg og bjønnskjegg kan bli endå større med denne behandlinga.

#### Interessekonfliktar

Området er nå stort sett berre brukt som utmarksbeite, men bruken er noen stader in-



Figur 20  
Lok. 2: Lakssvelafjellet, Moifjellet.  
— Forslag til naturreservat. — Forslag til landskapsvernområde.

Loc. 2: Lakssvelafjellet, Moifjellet.  
— Proposed nature reserve. — Proposed protected landscape.

tensiv. Desse interessene er truleg større enn skogsinteressene, men det ligg større plantefelt både i nord og sørvest. Ein planmessig skjøtsel kan truleg betra utmarksbeitet. Den største konflikten vil truleg gjelda nydyrkning. I sone C og B er det store areal lettbrukt, men blokkrik dyrkingsjord.

**Andre verneverdiar**

Området er høgt prioritert i "Verneverdige områder i Dalane" både som friluftsområde og naturvernområde (dyreliv), og det er fleire forminne her, særleg tufter (Regionalplanrådet for Dalane 1975). Ognastølen med tufter, murar, natureng og ein eikelund, er eit fint innslag i kulturlandskapet. Av vassdraga i området er Bjerkeimsvassdraget vurdert som det einaste gode typevassdraget for Sør-Rogaland (NOU 1983). Det var derfor verna for 10 år, men er nå vurdert i Samla plan og kan bli konsesjonsbehandla.

**Verneforslag**

Det bør oppretta eit stort landskapsvernombord. Dei mest verdifulle delane av området bør få status som naturreservat. Her blir tre område vurdert som aktuelle (figur 20).

- a) Området rundt Kutjødnamyra i sone C. Dette er særleg rikt på klokkesøte og er godt dokumentert (tabell 9, figur 11).
- b) Brusaknuten og Jabnebakkane - Trollhaugstjørni i sone D. Dette området er særleg rikt på lausmassar og er nesten flatt, med fleire store myrar.
- c) Området mellom Butjørnane og Oppsalandsvatnet i sone A. Dette ligg relativt lågt, og klokkesøte er nokså vanleg. Dei største areala med lågliggande tørrhei finst her.

**Avgrensing:** Forslag til avgrensing går fram av figur 20. Dersom ein ønskjer å få anertosittlandskapet i Eigersundsfeltet bedre representert, kan det vera aktuelt å utvida området mot sør. Her vil ein og kunna få med areal under 200 m o.h.

**Grunngjeving:** Det er grunn til å tro at denne delen av Rogaland inneholder dei største samanhengende kystheimråda i landet (NOU 1983:148). Kystheibeltet strekker seg over 5 mil inn i landet, og går gradvis over i alpine heiar. Det undersøkte området er veleigna som typeområde for den indre delen av kystheibeltet i Rogaland.

Området inneholder dei viktigaste heitypane, for det meste over tilstrekkeleg store areal og i ulike utformingar. Mye lausmassar og roleg topografi i delar av området gjer at velutvikla gradientar finst her. Både høgde-, beite- og råmegradienten kjem tydeleg fram. Næringsvariasjonen er liten, men urterik tørrhei er representert. Det er fleire større myrar av ulike myrtypar og med små inngrep. Små skogkrullar m.a. med eik aukar mangfaldet. Floraen er typisk og fattig. Den mest karakteristiske arten for dei sørlegaste fuktheiane i landet, klokkesøte, har her dei største forekomstane eg har sett.

Det er knytta andre verneinteresser til området, som m.a. inneholder kulturminne frå det gamle kulturlandskapet. Området er stort og har ei god form. Dette saman med det store sauehaldet bør vera eit godt grunnlag for ein enkel skjøtsel.

Området er godt dokumentert gjennom tidlege IR-flyfoto, og plantesosiologiske undersøkingar med vegetasjonskartlegging knytt til desse. Det har derfor referanseverdi og er viktig for å studera endringar over tid.

Det er utelukka at like verdifulle vernealternativ finst. Mot aust blir heiane høgare med

mindre lausmasser, medan det spesielle anertosittlandskapet tek over i sør. Liknande heiar lenger nord i Gjesdal er klart meir kulturbåverka.

Dette området har derfor svært stor verneverdi og har nasjonal interesse.

Den største veikskapen med området er at lågliggande heiar er dårleg representert.

**4.4.3 Lok. 3: Synesvarden (Time/Hå)**

Kartblad: M711: 1212 III (UTM: LL 13-17, 00-04)

ØK: AL 015-5-2,3,4; AL 014-5-1,2

Areal: 9 km<sup>2</sup>

H.o.h.: 230-359 m

Oppsøkt: 11/8 1984

Figur 21, 22

Verneverdi: \*\*\*

**Tidlegare undersøkingar**

Området er nemnt av Lye (1975), men er ikkje omtalt nærmere.

**Eigne undersøkingar og materiale**


Området blei oppsøkt ut frå litteratur, studier på flyfoto og Økonomisk kartverk. Hovudtrekka i vegetasjonen blei notert på Økonomisk kartverk. Materialelet består elles av rutearalyasar, kryssliste og foto.

**Geografisk plassering, geologi og landskap**

Området ligg på den høgaste delen av Høg-Jæren ca. 10 km aust for Varhaug, sør for riksveg 504 og Storamos, og vest for vegen Kartavoll - Matnisdal. Berggrunnen er samansett, med gneis, granittisk gneis, norritt og anertositt (Birkeland & Jorde 1978). Landskapet er svakt bølga og nesten heilt dekket av lausmassar slik at det liknar dei lågliggande delane av Jæren. Opp til ca. 200 m finst det interglasiale avsetningar som blei dekket med eit tynt morenelag på slutten av siste istid. Sør for Storamos ligg mange ryggar som blir tolka som glasifluviale sprekkfyllingar med eit tynt lag med ablasjonsmørene over (Abrahamsen et al. 1972).

**Eigendomstruktur og planstatus**

Området er i privat eige og er utskifta, men i tildels store eigedomar. Den delen som ligg i Hå, har status som jord-, skog- og naturområde, og det er tilrådd å gi allmenne friluftsinntresser prioritert (Fylkesrådmannen i Rogaland 1984). I Time er det tilrådd at mindre areal blir sikra ved reguleringsplan og servituttavtale.



**Figur 21**  
Lok. 3: Synesvarden, Time/Hå.  
— Forslag til landskapsvernområde.


Loc. 3: Synesvarden, Time/Hå.  
— Proposed protected landscape.

— Alternativ avgrensing.  
— Alternative boundary.

— Proposed nature reserve.

#### Vegetasjon

Ingen heiområde i Sør-Rogaland har større areal med tørrhei enn dette. Men siden det samtidig er det hardast beita av dei undersøkte heiområda, er det likevel lite røsslynghei og tilsvarende meir grashei. Særleg i sørhellingar er ein del røsslyng-mjølbær-



**Figur 22**  
I det flate Høg-Jæren-landskapet vest for Synesvarden er det store areal tørrhei, for ein stor del grashei.

In the flat landscape of Høg-Jæren west of Synesvarden there are large areas of dry heath, mainly grass heath.

heiar (type 10) (tabell 6, analyse nr. 64) med innslag av finnskjegg (*Nardus stricta*). På noe fuktigare grunn, der ein oftast finn type 12 og 18, er det her vanlegvis grashei, slik at desse typane helst finst som grasrike overgangstypar mot type 11. Særleg påfallande er det at dei slake nordhellingane er dominerte av finnskjegg og bjønnskjegg (*Scirpus caespitosus*), med mindre innslag av blokkebær (*Vaccinium uliginosum*), blåbær (*V. myrtillus*), og andre artar frå type 18.

Fuktheiane er oftast dominerte av bjønnskjegg og finnskjegg med innslag av rome (*Narthecium ossifragum*), blåtopp (*Molinia caerulea*), heisev (*Juncus squarrosum*) og røsslyng. Dei kan førast til type 21 og overgangstypar mot 22. Utformingar med pors (type 20) er ikkje vanlege. Fuktheiane ligg oftast som eit smalt belte mellom tørrhei og myrsig eller myrar. Dette er særleg tydeleg rundt Synesvarden og aust for Storamoss. Flatt lende med grove, djupe lausmassar kan truleg forklara dette.

Dei mange myrsiga er oftast fastmatte-fattigmyr, men noen er intermediære. Vest og nordvest for Gauleksvarden ligg det to store flatmyrar som for det meste er fattige. Den nordlegaste heller svakt mot ei tjørn i aust. I vest er det store, homogene, ombrotroft prega tueparti der røsslyng og klokkeling (*Erica tetralix*) vekslar med å dominera. Andre

arter er bjønnskjegg, rome, blåtopp, torvull (*Eriophorum vaginatum*), molte (*Rubus chamaemorus*), *Vaccinium*-arter og spreidd duskull (*Eriophorum angustifolium*). Mot aust går vegetasjonen gradvis over til matter der rome og *Sphagnum* spp. (torvmosar) dominerer, avløyst av våtare høljer med flaskestorr (*Carex rostrata*) og smalsoldogg (*Drosera anglica*). Rundt bekken og dammen er myra intermediær, med myrhatt (*Comarum palustre*), myrmiølle (*Epilobium palustre*) og myrfiol (*Viola palustris*).

Den mest allsidige delen av området er det sørvestvende dalsøkket aust for Gauleksvarden. Dalbotnen er dekka av myr, for det meste fattig, men ein spiss rygg skjer inn frå nord og deler han. Sørsida er heilt kvit av gammal finnskjegg. Innslag av følblom (*Leontodon autumnalis*) og engrapp (*Poa pratensis*) vitnar om krøtter, liksom stadnamnet Legå. Relativt frodig vegetasjon gjorde nok dette til ein god stad til å mjølka eller slå seg til ro for natta. Langs bekken er noe intermediær myr med skogsnelle (*Equisetum sylvaticum*) og augnestrøyst (*Euphrasia* sp.). Langs bekken veks blodtopp (*Sanguisorba officinalis*), myrmaure (*Galium palustre*), engkarse (*Cardamine pratensis*), bekkeblom (*Caltha palustris*), dunhavre (*Arrhenatherum pubescens*), harerug (*Polygonum viviparum*) og fjell-tistel (*Saussurea alpina*). Fleire stader går det rike, smale myrsig inn til kjelder i myrkanten med *Philonotis fontana* (kjeldemose) og kjeldeurt (*Montia fontana*). I siga finst engstorr (*Carex hostiana*), gulstorr (*C. flava*), loppestorr (*C. pulicaris*), tvebustorr (*C. dioica*), grønstorr (*C. tumidicarpa*), småsevaks (*Scirpus quinqueflorus*), sveltull (*S. hudsonianus*), ryllseyv (*Juncus articulatus*) og *Campylium stellatum* (stjernemose).

Flora

**Flora**  
Det er ikkje påvist eu-oseaniske artar. Av suboseaniske artar er fleire vanlege og dominerande, medan kysttjønnaks (*Potamogeton polygonifolius*) er mindre vanleg. Av sørlege kystartar finst blodtopp (sørvestleg), medan klokkesøte (*Gentiana pneumonanthe*) ikkje blei sett. Denne skal vera vanleg i sørvest, nærmere Matnisdal (Lye 1975). Heiane er artsfattige med solblom (*Arnica montana*) som den einaste av dei mindre vanlege kystheiarartane. Rikare myrinnslag gjer likevel floraen relativt rik. Svetull, kanskje og småsevaks, må reknast som sjeldne i fylket.

## Inngrep og tilstand

**Inngrep og tilstand**  
På nordsida av Synesvarden ligg eit stort, men godt samla granplantefelt med både etablert og nyplanta skog. Heiane er sterkt beita. Myrane hadde få inngrep, men den største hadde noe traktorspor. Storamos hadde sterkt redusert vasstand sommaren 1984 og er sterkt forureina.

## Istandsetting og skjøtsel

Istandsetjing og skjøtse. Istandsetjing trengst ikkje. Den viktigaste skjøtselsforma vil vera regulering av beitet. Dersom området skal halda på eit liknande preg som nå, er mindre justeringar tilstrekkelege. Dei økologiske forholda ligg godt tilrette for å utvikla eit større røsslyngtørrheiområde, t.d. rundt og sør for Synesvarden. Dette kan ein oppnå med å redusera beitetetrykket noe, og å brenna området planmessig.

## Interessekonflikter

På kort sikt er det skogreising som skaper dei største konfliktane. Lausmassane er berre delvis for blokkrike for nydyrkning, og det er dyrka litt nord for området. Men den generelle jordbrukskonflikten er truleg større i det lågareliggende området i sørvest. Det ser ut til at området ennå trengst som utmarksbeite.

Andre verneverdiar

**Andre verneverdiar**  
Det er kvartærgеologiske verneverdiar av nasjonal interesse knytta til området Storamoss - Synesvarden (Fylkesrådmannen i Rogaland 1982). Det blei observert trane her ved fleire høve sommaren 1984 (R. Roalkvam, muntleg). Det er også som nevnt eit viktig turområde.

Verneforslag

**Verneforslag**  
Det er ønskjeleg å verna eit større heiområde her etter naturvernlova. Landskapsvern-område er truleg ei tilstrekkeleg verneform for det meste av området, men status som naturreservat må vurderast der endra skjøtsel krev større bruksendringar òg for dei nevnte myrane.

**Avgrensing:** Figur 21 viser forslag til avgrensing av eit landskapsvernområde, og av område som kan trenga meir omfattande vern som naturreservat. Dessutan er det stipla eit område som bør undersøkast nærmare.

**Grunngjeving:** Flat-Jæren var ein særmerkt og einestående del av kystheilandskapet her i landet. Han utgjorde den ytre delen av eit særleg breitt kystheibelt (jf. avsnitt 4.4.2). Dersom ein vil verna eit større område som døme på denne ytre delen, er dette området på Høg-Jæren det nærmeste ein i dag kan koma.

Rikelege lausmasser og roleg topografi gjer at området er typisk for Høg-Jæren, og har mange sams trekk med Låg-Jæren. Vekslinga mellom gras- og lysthei er trekk som området deler med dei gamle, aktivt brukte kystheialskapa. Heitypane er fattige, og urterike typar som har vore vanlege på Låg-Jæren (Lye 1978, Semb & Nedkvitne 1957) manglar. Men innslag av rikare myrtypar gir området litt av den økologiske variasjonen som var typisk for Låg-Jæren. Relativt store myrar med få inngrep er nå sieldne på Jæren, sjølv rundt 250 m.

Sidan grashierar og overgangstypar mot røsslyngheiar er særleg rikeleg representert, vil området eigna seg til vegetasjonsøkologiske studier av grashierar.


Sett i Jær-samanheng er det sjølv sagt ein mangel med området at det ligg over 250 m. Men vurdert ut frå Økonomisk kartverk kan det sjå ut til at udyrka område strekker seg mot sørvest til under 200 m, kanskje til og med med tunger ned mot 100 m. Det meste ein kan venta å finna av lysthei på Låg-Jæren nå, er små fragment. Eit noe større område på Hognestad (Lye 1975) er nå dyrka opp. Sjølv om noe større lappar kan finnast nedst på Høg-Jæren (100-150m), er det ikkje tvil om at Synesvarden-området utgjer hjartet av den udyrka delen av denne kjempestore morenesletta. Området har derfor svært stor verneverdi, og har nasjonal interesse.

#### 4.4.4 Lok. 4: Kanaheia (Kleggjavarden), Oppstad (Hå)

Kartblad: M711:1212 III (UTM: LL 09, 06)

ØK: AK0 16-5-4; AL0 16-5-2

Areal: Ca. 1 km<sup>2</sup>



**Figur 23**  
Lok. 4: Kanaheia (Kleggjavarden), Hå. Avgrensing av dei undersøkte området.

Loc. 4: Kanaheia (Kleggjavarden), Hå. Boundary of the study area.

H.o.h.: Ca. 150-171 m

Oppsøkt: 13/8 1984

### Figur 23

Verneverdi: \*

#### Tidlegare undersøkingar

K.O. Hauge har utført zoologiske inventeringar og gjorde meg merksam på at det var udyrka utmarksareal her.

#### Eigne undersøkingar og materiale

Området blei raskt undersøkt, og materialet består av kryssliste og foto.

#### Geografisk plassering, geologi og landskap

Området ligg i flatt til svakt bølgande lende med dype lausmassar. Det ligg ca. 2,5 km nordaust for Åna kretsfengsel, i vestkanten av Høg-Jæren.

#### Eigedomssstruktur og planstatus

Det meste tilhører Åna kretsfengsel og er offentleg eigedom brukt til jordbruksformål. I nord er delar av området privat.

#### Vegetasjon

Vegetasjonen er prega av hardt beitetrykk gjennom lang tid. Graminidedominert vegetasjon med bjønnskjegg (*Scirpus caespitosus*) og finnuskjegg (*Nardus stricta*) dominerer, dels med rome (*Narthecium ossifragum*) (type 21), dels litt tørrare. Sjeldnare dominerer klokkeling (*Erica tetralix*), røsslyng eller blåtopp (*Molinia caerulea*).

På dei tørraste ryggane dominerer grashei som skil seg lite frå dei gjødsla kulturbete-prega partia langs vegen i vest. Det er berre små fragment med røsslynghei (type 12), men noe meir bjønnskjeggrike utformingar av type 12 og 18.

Elles er området prega av tidlegare torvmyrar der all torv er teken ut. Nå dominerer blåtopp. I nord er det att noen tueparti med ombrotroft preg. I sør ligg ei intermediaær flatmyrdominert av flaskestorr (*Carex rostrata*) og *Sphagnum* spp. (torvemosar) med bukkeblad (*Menyanthes trifoliata*), myrfiol (*Viola palustris*), blåknapp (*Succisa pratensis*) og elve-snelle (*Equisetum fluviatile*).

#### Flora

Floraen er artsfattig, utan noen av dei mindre vanlege kystheiartane, men med noen ugrasartar.

#### Inngrep og tilstand

Området er sterkt prega av ulike inngrep som gjødsling, hard beiting, tråkk og omfat-tende torvtekt. Eit plantefelt ligg i aust. Eit tjern er uttappa.

#### Istandsetjing og skjøtsel

Om dette skal bevarast som eit utmarksområde, bør beitetrykket reduserast noe, og brenning bør prøvast for å stimulera røsslyngen.

### Interessekonflikter

Under samtalet med direktøren ved fengselet kom det ikke fram planar om snarleg bruksendring av området.

### Vernevurdering og alternative område

På Låg-Jæren er nå truleg alle tilsvarende utmarksområde dyrka eller gjødsla. Dette ligg nedst i utkanten av Høg-Jæren som er for lite undersøkt. Sidan området er sterkt kulturpåverka, kan betre alternativ truleg finnast, m.a. sør aust for området og sør vest for Synesvarden. Området har uavhengig av dette lokal verneverdi, og det vil vera ønskjeleg om inngrep blir utsett til aktuelle alternativ er betre undersøkt. Området er aktuelt i samband med verneplan for våtmark i Rogaland.

#### 4.4.5 Lok. 5: Litlamos - Holm (Holmaholen) (Time/Bjerkreim)

Kartblad: M711: 1212 II/III (UTM: LL 16-22, 05-09)

ØK: AM 016-5-1,2,3,4; AL 016-5-3,4

H.o.h.: 212-418 m

Areal: 10 km<sup>2</sup>

Oppsøkt: 12/8 1984

#### Figur 24

Verneverdi: \*\*

### Tidlegare undersøkingar

Nordenden av området som er rikt på myrar, er undersøkt av Moen (1975) og er foreslått verna som naturreservat (Fylkesmannen i Rogaland 1981). Det blei verna i 1986.


### Eigne undersøkingar og materiale

Området blei oppsøkt ut frå studier av litteratur, flyfoto og Økonomisk kartverk. Det meste av området nord for Tjålandsfjellet er nokså godt dekkja med kryssliste, 8 ruteanalyser og foto. Området sør for dette er dårligare undersøkt.

### Geografisk plassering, landskap og geologi

Området går i nordaust frå grensa mot Gjesdal sør for Holm og frå Langavatnet, og strekker seg 8 km mot sørvest i eit ca. 2 km breitt belte som endar ved Litlamos.

I nordvest er landskapet svakt bølget, men for det meste med lite lausmassar. Sørvest for dette ligg eit kupert område med mange vatn og ein del lausmassar. Lengre sør er igjen topografien rolegare, og den slake, sør austvende hellinga, Sulken (Solkjen), er rik på tildeles grove lausmassar. Det meste av arealet ligg mellom 300 og 350 m. I sør og aust for Aurnes ligg noen areal (ca. 2 km<sup>2</sup>) under 300 m. Berggrunnen er prekambrisisk og består av migmatitt, Gjesdal-gneis, granittisk gneis og granatisk gneis (Birkeeland & Jorde 1978).



Figur 24

Lok. 5: Litlamos-Holm (Holmaholen), Time/Bjerkreim.  
— Myrreservat. - - - Avgrensning av forslag til verneområde.

Loc. 5: Litlamos-Holm (Holmaholen), Time/Bjerkreim.  
— Mire reserve. - - - Boundary of proposed protected area. ●●● Alternative boundary.

### Eigedomsstruktur og planstatus

Området er i privat eige og er heilt utskifta.

### Vegetasjon

Området er dominert av graminidedominerte fuktheiar, for det meste med meir bjønn-

skjegg (*Scirpus caespitosus*) enn blåtopp (*Molinia caerulea*). Sør for Holm finst utforminger med både pors (*Myrica gale*) og dvergbjørk (*Betula nana*) (type 20, tabell 9). Liknande vegetasjon finst på Moifjellet (avsnitt 4.4.2) og er vanskeleg å klassifisera. Utforminger utan pors (type 22) er også vanlege.

I sør er det stor kontrast mellom den nesten ubeita, blåoppdominerte fuktheia nord for Fløyfjord og Sulken som er hardt sauebeita. Her dominerer bjørnnskjegg saman med heisev (*Juncus squarrosus*) og finnskjegg (*Nardus stricta*) (type 21). Her finst også fukthei med pors, rome (*Narthecium ossifragum*), røsslyng, heisev og *Sphagnum compactum* (stivtorvmose).

Det er ikke mye tørrhei, og det meste av dette er grashei (type 11). Røsslynghei (type 10, 12, 18) finst mest som små fragment. Aust for Aurnes, nedst på Sulken og aust for Litlamos finst litt større samanhengende areal, kanskje oppi 50 daa (tabell 6, 7, 8). Aust for Aurnes er det også litt blåbær-småbregneheiar i dei bratte nordhellingane.

Reservatet i nordaust inneholder mest fattig flatmyr med fastmatte, sjeldnare med mjukmatte. Det er små ombrotrofe tueparti, og intermediære parti medan bakemyrar med rome-bjørnnskjegg-fastmatte er vanlege (Moen 1975). I nordaust er det også mindre skogholt med småbregnebjørkeskog og krokete, fattig blåbær-eikeskog.

Rike vegetasjonstypar manglar.

#### Flora

Floraen er artsattig med mange suboceaniske artar. Av eu-oceaniske artar er berre heiblåfjør (*Polygala serpyllifolia*) notert. Av sørlege artar finst solblom (*Arnica montana*) og krypvier (*Salix repens*). Klokkesøte (*Gentiana pneumonanthe*) er ikke funnen enda han er talrik i liknande vegetasjon ei mil lengre sør (jf. avsnitt 4.4.2). Av dei mindre vanlige kystheiartane finst solblom og heiblåfjør.

#### Inngrep og tilstand

Det store innslaget av graminidar og dei små arealet med røsslynghei kjem av ein kombinasjon av høg nedbør og langvarig høgt beitetrykk. Beitetrykket er framleis for det meste høgt, m.a. vest og sør for Hellevatna, men mindre blåoppdominerte område viser teikn på minkande beiting (jf. avsnitt 2.1.4). Heia sør for Trollhaugknut blir beita både av sau og storfe og har eit høveleg beitetrykk. Lauvtreoppslag er avgrensa til ei sone rundt dei eldre skogkrullane.

Ein ny veg er ført fram frå Mellomstrand mot nord forbi to små nydyrkingsfelt rett sør for området og vidare mot nord til ei stor myr nord for Hellevatn. Det er sannsynleg at denne er dyrka eller under oppdyrkning, men dette fekk eg ikke undersøkt.

1 km lengre nord er området nesten delt av planteskog. Elles grensar området til ein stor furu-planteskog mot aust. Ein veg frå Sikvaland går inn til nordenden av Sevlivatnet. Området er nesten ubebygd.

#### Istandsetjing og skjøtsel

Det er små behov for istandsetjing. Målsetjinga med skjøtselen bør i første rekke vera å halda området ope, og å hindra overbeiting og tilbakegang for lyngartane.

Beitetrykket er passe eller noe høgt, og beitinga bør fordelast betre.

Eit beitelag som brukar området sør for Trollhaugknuten, er interessert i å brenna for å betra utmarksbeitet. Dette må vurderast kritisk ut frå faren for at finnskjegg og bjønn-skjegg aukar, (jf. avsnitt 2.2.5) og ut frå omsyn til myrreservatet.

#### Andre verneverdiar

Myrane sør for Trollhaugknut er store, lite rørte og typiske for denne delen av fylket (Moen 1975, Fylkesmannen i Rogaland 1981). Dei er derfor verna som naturreservat.

Området har småviltbestand, m.a. rype, og det har i friluftssamanheng 1. prioritetsom større naturområde (Regionalplankontoret for Jæren 1977).

#### Verneforslag

Det er ønskeleg å vera eit heilandskap knytta til myrreservatet. Det bør vurderast å utvida reservatet og/eller å oppretta eit landskapsvernombord rundt dette (jf. Moen 1975). Men for det meste av området kan planvern vera tilstrekkeleg.

**Avgrensing:** Forslag til avgrensing går fram av figur 24. Området nord for Holm (Holmholen) har få inngrep, men liknar nordenden av området. Ei myr ved Sikvalandsvatnet er vurdert som "verneverdig" (Moen 1975). Ei utviding i nord vil tilføra lite nyt. Dette området er dessutan lagt ut til militært skytefelt.

**Grunngjeving:** Moen (1975) har understreka behovet for å sikra eit større landskap med hei, tjern og bekkar i dette området. Dette vil skapa ein meir verdifull heilsak enn myrreservatet aleine, og det vil vera ei buffersone for reservatet. Området inneholder dei viktigaste heitypane, men dei er prega av hard beiting, og røsslyngheiar er dårleg representert. Den økologiske diversiteten er låg, og heifloraen er fattig, men dette er typisk for denne delen av fylket. Landskapsmessig er området allsidig, og det inneholder lausmasserike, bølgande element. Men arealet av hei under 300 m er lite og oppstykka. Området har ei ueleggen form med lange, brannfarlege grenser mot skog. Dette vil skapa vanskar for skjøtselen.

#### 4.4.6 Lok. 6: Geithaug - Stiklevatn (Karmøy)

Kartblad: M711: 1113 II (UTM: KL 85-90, 65-73)

ØK: AF 029-5-2,4; AG 029-5-3; AG 028-5-1,3

H.o.h.: 0-88 m

Areal: 10 km<sup>2</sup>

Oppsøkt: 15-16/7, 2/8 1984

#### Figur 25


Verneverdi: \*\*\*



**Figur 25**  
Lok. 6: Geithaug-Stiklevatn, Karmøy,  
soneinndeling.

### Loc. 6: Geithaug-Stiklevatn, Karmøy. Zonation.

70



**Figur 26**  
Skisse over vegetasjon sør og aust  
for Kjigjavatnet, Karmøy.

Outline map of the vegetation south and east of the lake, Kjigjavatnet, Karmøy.

### Tidlegare undersøkingar

Dei vestre delane av området hører til Sandvatn-området som blei undersøkt av A. Evensen (i 1973) og av E. Marker (i 1978) i samband med Landsplanen for verneverdige områder og forekomster. Det fekk då høgaste prioritet som hei- og myrområde og naturtypeområde for Karmøy. Seinare blei det undersøkt i samband med regulering av vatna lengst vest (Lundberg 1981). Denne reguleringa er nå gjennomført, og området rundt vatna har mista vernverdien. Lundberg har seinare gjort floristiske og plantesosiologiske undersøkingar her. Myrane vest for Stiklevatn er undersøkte av Moen (1975), men ikkje vurdert som verneverdige pga. store tekniske inngrep.

### Eigne undersøkingar og materiale

Anders Lundberg viste meg delar av området 14/7 1984. Han har stor lokal kjennskap til Karmøy og vurderer dette som det mest verneverdige heiområdet.

Området aust og sør for Kjigjavatnet blei vegetasjonskartlagt (figur 26). Elles blei hovudtrekka i vegetasjonen notert på Økonomisk kartverk. Området nordaust for Stiklevatn er berre studert i kikkert. Det er kryssliste, 14 ruteanalyser og ein del lysbilete frå området.

### Geografisk plassering, geologi og landskap

Området ligg på austsida av Karmøy, ca. 4 km nord for Skudeneshavn. Det strekker seg frå Karmsundet og ca. 15 km mot nordvest, inn i den sentrale delen av øya. Det er delt inn i 3 soner etter landskap og vegetasjon (figur 25).

Berggrunnen tilhører i aust eit ofiolittkompleks med bergartar som serpentinit, gabbro og grønstein. Lengre vest finst sedimentbergartar frå Skudeneshavgruppa med kvartsdioritt og granodioritt (Lundberg 1983).

I aust (i sone 1) stig knausane nokså raskt opp frå sjøen til ca. 70 m o.h. Vest for desse (sone 2) ligg eit bølgje landskap med noe meir lausmassar. I nordaust (sone 3) er lendet flatt og myrrikt. Arealet under den marine grensa på ca. 38 m er lite.


### Eigedomssstruktur og planstatus

Området rundt og sør for Kjigjavatnet er sameige medan eit område sørvest og nordvest for Dalsvatnet er utsikta. Mellom Holmavatnet og Stiklevatnet er det sameige.

Det har i generalplanen status som jord-, skog- og naturområde, og er ein del av eit større turområde der allmenne friluftsinteresser bør prioriterast (Fylkesrådmannen i Rogaland 1984).

### Vegetasjon

Røsslyng-klokkelynghei (type 12) dominerer i sone 1. I dei brende områda kan det vera like mye klokkelyng (*Erica tetralix*) som røsslyng, og mange *Cladonia*-artar (tabell 7, analyse nr. 9) (figur 27). Der lyngen er eldre, dominerer røsslyng. Røsslyngmjølbærhei (type 10) finst øvst på knausar, sjeldnare på moreneryggjar (tabell 6, analyse nr. 3, 8). Purpurlyng (*Erica cinerea*) er vanleg i begge typane og kan ha høg dekking i den siste. I store delar av sone 1 er det regelmessige innslag med urterik purpurlynghei (type 13) med artar som skogfiol (*Viola riviniana*), blåklokke (*Campanula rotundifolia*), fagerperikum (*Hypericum pulchrum*) og augnentrøyst (*Euphrasia* sp.) (tabell 8,



Figur 27

Området sørvest for Geithaug er rikt på lausmassar og er dominert av røsslyng-klokkelynghei.

The area southwest of Geithaug is rich in surface deposits and is dominated by *Calluna-Erica* heath.

analyse nr. 4). Typen finst i både aust-, sør- og vestvende hellingar og er særlig vanleg aust for Kjigjavatnet. Noen få stader finst kalkengartar som villin (*Linum catharticum*), blåstorr (*Carex flacca*) og gulmaure (*Galium verum*), men framleis med høg dekking av lyngartar (tabell 8, analyse nr. 7, 50). Av og til blir liknande vegetasjon svært open utan at spesielle artar opptrer. Dette kan koma av ein svakt negativ verknad frå serpentinitten.

Fukthei dominerer på fastmark i sone 2, er vanleg i sone 3 og rundt Kjigjavatnet, men dannar berre små areal lenger sør. I sone 2 og 3 er fuktheia dominert av blåtopp (*Molinia caerulea*) med mye rome (*Narthecium ossifragum*) og lite lyngartar (type 22, tabell 10, analyse nr. 5). I botnsjiktet er *Cladonia portentosa* (kystreinlav), *Sphagnum strictum* (taggtorvmose) og *S. compactum* (stivtorvmose) typiske. Litt fukthei med pors (*Myrica gale*) (type 20) finst rett vest for Kjigjavatnet. I sørspissen av sone 1, sør for steingarden mot sameiget, har det tidlegare vore sterkt beita, men nå står det høgt gras, mest blåtoppdominert fukthei med pors (type 20, tabell 9, analyse nr. 11). Kontrasten er stor til dei lyngdominerte areala rett nord for steingarden.

Fukthei-liknanande sig med fleire krevjande artar (type 23) er vanlege i sone 1. Fukt-

heiartar som rome, klokkeling og bjørnnskjegg (*Scirpus caespitosus*) er vanlege. Men i tillegg finst arter som loppestorr (*Carex pulicaris*), engstorr (*C. hostiana*), grønnstorr (*C. tumidicarpa*), dvergjamne (*Selginella selaginoides*), blodtopp (*Sanguisorba officinalis*) og *Campylium stellatum* (stjernemose) (tabell 10, analyse nr. 12). I minst 10 av desse siga er det brunskjene (*Schoenus ferrugineus*) som tildels dominerer (figur 10). Sjølv om arten blir rekna som ekstremt næringskrevjande (Moen 1975), er ikkje siga prega av høg produksjon. Dei står nær rikmyrane floristisk, men har mineraljord med steinar i overflata. Tabell 10, analyse nr. 51 representerer ei meir kulturfåverka, engliknande utforming frå sørrenden av sone 2. Liknande vegetasjon er analysert ved Yttreidsløken i Karmøy (Meling 1983:60) og andre stader på Vestlandet (Jørgensen 1969).

I sone 2 og 3 ser det ut til at det har vore store ombrotrofe myrar av den atlantiske myrkomplekstypen (Moen 1975). I Raunamyra er det meste av torva teken ut. Regelmessige, delvis tilgrodde grøfter som senka grunnvatnet under torvskurd, kryssar heile myra. Store areal dominert av bladtopp med knappsev (*Juncus conglomeratus*), broddtelg (*Dryopteris carthusiana*) og med lite *Sphagnum* (torvmose) ser ut til å vera resultatet av torvskurd og uttorking.

Stiklemyr er og sterkt merka av torvskurd, men her ligg det att større areal ombrotroft prega tuevegetasjon der røsslyng og klokkeling dominerer. Nær utløpet frå myra finst intermediære parti med myrsaulauk (*Triglochin palustre*), tvebustorr (*Carex dioica*) og grønnstorr (*C. tumidicarpa*). På små rikmyrflekkar finst småsevaks (*Scirpus quinqueflorus*), engstorr og loppestorr i fastmatte, kvitmyrak (*Rhynchospora alba*), *Calliergon trifarium* og *Scorpidium scorpioides* (makkmose) på lausbotn. Den største myra sør for vegen, Natterhuksmyra, har i nord nesten utspadde, tørre tueparti med klokkeling og open torv. Den store, fattige myrlata har derimot få inngrep. Her er både romebladtopp-fastmatte og *Sphagnum*-matte med flaskestorr (*Carex rostrata*) og duskull (*Eriophorum angustifolium*). Dei våtaste partia er dels med trådstorr (*Carex lasiocarpa*) eller takrøyrr (*Phragmites communis*) dels lausbotn med kvitmyrak og dikesoldogg (*Drosera intermedia*). Nordvest for Paddebjørn er eit par små tuedominerte myrar med ombrotroft preg som er lite påverka av torvskurd. I ei myr sør for Paddebjørn finst den einaste litt større rikmyrlata med engstorr, myrsaulauk, småsevaks, tvebustorr, *Scorpidium scorpioides* og *Campylium stellatum*.

I nordaustenden av Kjigjavatn dominerer fjøresevaks (*Scirpus uniglumis*) i strandsamfunn med dikesoldogg, grønnstorr, myrsaulauk og krypsev.

**Serpentinvegetasjon:** Aust og sør aust for Kjigjavatnet og vest for Paddebjørn finst 15-20 opne grusflekker med svært sparsomt vegetasjonsdekke. Verknaden er mest tydelig vest for Paddebjørn. På nokså tørr grus finst sauesvingel (*Festuca ovina*) og spreidde eksemplar av strandsmelle (*Silene maritima*), strandkjemppe (*Plantago maritima*) og vanleg arve (*Cerastium fontanum*) (figur 28). Andre artar som blei notert på liknande grunn, er blåfjør (*Polygala vulgaris*) og knopparve (*Sagina nodosa*). Våtare sig med grønnstorr og strandkjemppe verkar også svært opne, og den siste dukka uventa opp i hei-typar i området. Dei bare flekkane ligg i livd for våret og står i stor kontrast til vegetasjonen rundt. Det er derfor sannsynleg at årsaka er spesielle kjemiske forhold eller giftverknad frå berggrunnen som inneholder serpentinit. Serpentinvetagasjon på Shetland (Spence 1957) viser mange liknande trekk med strandsmelle, knopparve og strandkjemppe i open vegetasjon, villin, blåstorr og blåfjør i meir slutta vegetasjon.



Figur 28  
Open serpentinite-vegetasjon ved Paddebjørn dominert av sauesvingel (*Festuca ovina*).  
Open serpentine vegetation at Paddebjørn, dominated by *Festuca ovina*.

## Flora

Til å vera eit heiområde er floraen rik med 136 artar. Kyststartar pregar floraen. Den hyperoceaniske arten purpurling har ein av sine sørlegaste masseforekomster her. Av eu-oceaniske artar finst heistorr (*Carex binervis*)\*, heifrytle (*Luzula congesta*)\*, fagerperikum\*, heiblåfjør (*Polygala serpyllifolia*)\* og dvergsmylle (*Aira praecox*). Suboceaniske artar er talrike med m.a. kystmyrklegg (*Pedicularis sylvatica*)\* og kysttjønnaks (*Potamogeton polygonifolius*). Av sørlege suboceaniske artar finst dikesoldogg og bergflette (*Hedera helix*), medan blodtopp er sørvestleg. Mindre vanlege kystteheiartar (merka\*) er særlig godt representerte. Av artar som er sjeldne i fylket, finst breiull (*Eriophorum latifolium*), brunskjene, småsevaks og *Calliergon trifarium*.

To fjellartar, fjelljamne (*Lycopodium alpinum*) og svartopp (*Bartsia alpina*) er notert her, den siste nord for hovudområdet.

## Inngrep og tilstand

Eit større område aust og sør for Kjigjavatnet brann for ca. 15 år sidan (Lundberg, muntleg) og har nå låg, noe glissen røsslyng. Sør for dette er lyngen tettare, men låg, med småvaksen einer (*Juniperus communis*). Nord og vest for Paddebjørn er det gam-

mal lyng og einer, så dette har lege ubrend lenger. Det store blåtoppinnslaget, særleg i fukhei, kan tyda på at blåtopp kan trenga unna gammal, lite vital røsslyng når beitestrykket er lågt. Beitestrykket er noe større i sone 1.

Området er nærmest fritt for ungbjørk. Dette kan koma av minimal frøtilgang, kanskje kombinert med ei viss vinterbeiting. Det er planta ein del furu i nærleiken, men det meste er halde utanfor verneforslaget ved avgrensinga. Myrane er prega av torvskurd. Stiklevatnet og vatna i vest er regulerte (drikkevatn og kjølevatn til Norsk Hydro). Omlag 20 hytter ligg samla mellom vegen og sjøen i aust, elles er området ubebygd:

Alt i alt er området lite prega av inngrep.

#### Istandsetting og skjøtsel

Det er små behov for istandsetting, men ein bør vurdera å heva grunnvatnet i noen av dei mest uttørka torvmyrane.

Det er aktuelt å bruka brenning som hovudmetode for å halda oppe eller auka innslaget av røsslyng og purpurlyng. Eit par område med serpentinvegetasjon og rike heitypar bør haldast ubrende for å auka den økologiske diversiteten og for å få høve til å studera serpentinvegetasjonen. Det mest aktuelle er området vest for Paddetjønn og aust for Kjigjavatnet. Røsslyngen finst nå i tre aldersstadier, og det eldste (i sone 2 og 3) bør foryngast ved brenning nokså snart dersom ein ikkje ut frå viltomsyn bør halda på einen her. Vatn, bekkar, steingardar og vegar vil gjeva brenning enkelt, men det er noen vanskelege grenser mot skog i nord.

Beitestrykket bør aukast i sone 2 og 3. Elles kan området brukast som utmarksbeite som nå, helst med vinterbeiting.

#### Interessekonfliktar

Konflikten med jordbruket verkar liten, og dei store myrane i sone 2 og 3 er neppe aktuelle som dyrkingsjord sidan det er omfattande drikkevatn-restriksjonar i området.

#### Andre verneverdiar

Dei høge, vellødde steingardane som omgir gnr. 54, sameige, aukar verdien som kulturlandskap.

Ved Blikshamn ligg ein park med mange framande treslag, og planteskogen her er kommunalt friluftsområde. Ein leirskule som skal byggast her, gjør at området kan bli meir nytt til undervisning og friluftsliv enn nå. Området er viktig for dyrelivet, og særleg viktig for orrfugl og hubro. Vern etter viltlova vil derfor bli vurdert.

#### Verneforslag

Det bør oppretta eit større landskapsvernombord der delar av området får eit meir omfattande vern som naturreservat.

**Avgrensing:** Forslag til avgrensning går fram av figur 29. Den alternative grensa i nord-aust kan vera aktuell for å få med det største brunskjene-siget og ein lokalitet for fjellarten svarttopp. Den sørlege delen av området (sone 1) bør vernast som naturreservat.

Figur 29

Lok. 6: Geithaug-Stiklevatn, Karmøy.

— Forslag til landskapsvernombord.

- - - Forslag til naturreservat.


..... Alternativ avgrensning.

Loc. 6: Geithaug-Stiklevatn, Karmøy.

— Proposed nature reserve.

- - - Proposed protected landscape.

..... Alternative boundary.



**Grunngjeving:** Dette peikar seg ut som det mest verneverdigheiområdet nord for Boknafjorden. Dei viktigaste vegetasjonstypane finst i gode utformingar. Særleg røsslyng-tørrhei er betre utvikla enn i noen av dei andre undersøkte heilane. Ein kan her sikra eit tilstrekkeleg stort areal med god arrondering. Landskapet er høveleg, med ein del lausmassar, og skjøtselen blir enkel. Området har derfor særstør verdi som typeområde for ytre delar av Nord-Rogaland.

Masseforekomstane av purpurlyng berre 30 km nord for sørgrensa til arten, forekomsten av sjeldne arter og sjeldan vegetasjon som serpentinvegetasjon, brunskjene-sig og rikmyr har stor interesse. Området er derfor også eit svært viktig spesialområde.

#### 4.4.7 Lok. 7: Ørpelveit (Haugesund/Karmøy)

Kartblad: M711: 1113 I (UTM: KL 92-93, 91)

ØK: AG 033-5-2

Areal: Ca. 1 km<sup>2</sup>

H.o.h.: 63-148 m

Oppsøkt: 1/8 1984

#### Figur 30

Verneverdi: \*\*-

#### Tidlegare undersøkingar

Slike er ikkje kjende.

#### Eigne undersøkingar og materiale

Området blei raskt undersøkt. Det er særleg vestdelen som er undersøkt. Det er teke ei kryssliste og noen foto.

#### Geografisk plassering, geologi og landskap


Området ligg rett sør for E76 ved Toskatjønn, 3 km aust for Haugesund sentrum. Den vestlege halvdelen ligg i Haugesund kommune, den austlege i Karmøy. Terrenget er kupert, men er rikt på lausmassar.

#### Eigedomstruktur og planstatus

Karmøy-delen er fullt utskafta, privat eigedom. Haugesund-delen er ikke inntekna på Økonomisk kartverk. Planstatusen er ukjend.

#### Vegetasjon

Vegetasjonen er prega av høgt beitetrykk som fører til ein mosaikk mellom røsslynghei og grasdominert vegetasjon. Vest- og sørvesthellinga er dominert av grashei og tette bestandar med einstape (*Pteridium aquilinum*) og krattlodnegras (*Holcus mollis*) i botnen. I sørhellinga er det litt urterik tørrhei med purpurlyng (*Erica cinerea*), heistorr (*Carex binervis*) og tilrlunge (*Lotus corniculatus*).



Figur 30  
Lok. 7: Ørpelveit, Haugesund/Karmøy.  
Loc. 7: Ørpelveit, Haugesund/Karmøy.

Nordhellinga er relativt fuktig. I dei slakare delane i vest (ca. 20°) går det stripa domineret av røsslyng med torvull (*Eriophorum vaginatum*), duskull (*E. angustifolium*) og ryppebær (*Arctostaphylos alpina*). Ved eit flatare framspring der torva får ein nesten terrengegdekande karakter, er det teke ut litt brenntorv. Denne vegetasjonen veksler med fattigmyrsig dominert av rome (*Narthecium ossifragum*). Lengre opp i hellinga dominerer øyrevier (*Salix aurita*) i våte, grasrike sig med engkvein (*Agrostis tenuis*), slåttestorr

(*Carex nigra*), knappsev (*Juncus conglomeratus*) og *Polytrichum commune* (vanleg bjørnemose). I tørrare delar av hellinga er ei grasrik blåbær-småbregnehei, delvis dominert av blokkebær (*Vaccinium uliginosum*). Liknande blåbærhei er dominanter nordhellinga lenger aust.

I mindre bratt lende sør for Toskatjønn dominerer røsslyng-klokkelinghei både på lausmassar og grunnlendte parti. Desse veksler med små grasrike sig, tildels med mye skrubbær (*Cornus suecica*). Dei uvanleg små arealet med meir typisk fukthei er dominert av røsslyng. Det store innslaget av blåbærhei kan vera eit utslag av eksposisjonen. Det er vanskelegare å forklara at eit så fuktig område har så lite fukthei.

#### Flora

Floraen er rik på kystarter som purpurlyng (hyperoseanisk), heifrytle\* (*Luzula congesta*), heistorr\*, fagerperikum\* (*Hypericum pulchrum*), heiblåfjær\* (*Polygala serpyllifolia*) (eu-oseaniske). Dei mindre vanlege heiartane (merka \*) er godt representert.

#### Inngrep og tilstand

Området i vest (Haugesund) såg ut til å vera hardt beita med sau heile året. Dei svarte sauene som gjekk her, såg ut til å vera ein pelsrase som går mye ute om vinteren. Lyngen var ca. 15 cm høg, og øyreverien blei halden i ca. 50 cm høgde. Småbjørk og einerbuskar mangla. Det var vanskeleg å avgjera om dei grasdominerte områda i sørvest blir gjødsla. Ny kraftline og E76-trasé sør for Toskatjørn ser nå (1987) ut til å redusera verdien vesentleg.

#### Istandsetjing og skjøtsel

Kontroll og regulering av beitetrykket er tilstrekkeleg i vest i første omgang, men brenning kan bli aktuelt seinare. I aust er det ønskjeleg med noe auka beitetrykk og brenning. Men før dette bør skilnader i skjøtsel og vegetasjon i dei to delane undersøkt.

#### Interessekonfliktar

Eit eventuelt vern er avhengig av at bruken held fram som nå, så den viktigaste konflikten er truleg beitegjødsling. Ei omlegging av vegen får store negative konsekvensar.

#### Verneverdi

Ein bør unngå omdisponering av området. Men sidan området er lite, og andre verneverdier ikkje er kjende, bør området undersøkt nærrare før ein tar stilling til eventuelle vernetiltak. Det vil då vera naturleg å samanlikna det med Såt-området litt lenger nord som er eit viktig turområde (Fylkesrådmannen i Rogaland 1984).

Dei spesielle vegetasjonstrekka kan dels koma av det bratte lendet med mye lausmassar, dels at området er meir aktivt brukt enn dei andre undersøkte heiane i Nord-Rogaland. Området er derfor viktig for å studera verknaden av ulik bruk og skjøtsel av kysthei.

#### 4.4.8 Lok. 8: Hei ved Storavatnet og Vatnheim (Tysvær)

Kartblad: M711: 1113 I (UTM: KL 95-96, 80-83)

ØK: AH 031-5-1,3

Areal: Ca. 3 km<sup>2</sup>

H.o.h.: 20-60 m

#### Figur 31

Oppsøkt: 31/7 1984

Verneverdi: \*\*

#### Tidlegare undersøkingar

Eg kjenner ikkje til tidlegare botaniske undersøkingar i området.

#### Eigne undersøkingar og materiale

Området blei oppsøkt ut frå studier på Økonomisk kartverk. Området blei gått opp, og hovudtrekk i vegetasjonen notert på kartet. Materialet består elles av 3 ruteanalyser, kryssliste og foto.

#### Geografisk plassering, geologi og landskap

Området ligg på ytste delen av halvøya mellom Førdesfjorden (i vest) og Førlandsfjorden (i aust), ca. 15 km søraust for Haugesund.

Berggrunnen i området er for det meste kaledonsk gneis. Det flate lendet er stort sett dekka av lausmassar, særleg nord og vest for Storavatnet. Dei verkar stort sett tynne, men noen lage morenehaugar og ryggar finst. Terrengformene er svært rolege, og vegetasjonen er lite oppstykt. Sør for Storavatnet er det noe meir knausar. Den marine grensa går ved ca. 40 m.


#### Eigedomssstruktur og planstatus

Området er ikkje prioritert i friluftssamanheng. Det er utskifta, privat eigedom.

#### Vegetasjon

Røsslyng-tørrhei er vanlege både nord for vatnet og rundt høgda nordaust for Håstø. Nordaust for vatnet og på sørsvida av høgda dominerer typisk røsslyng-klokkelinghei. Røsslyng-mjølbærhei finst berre på toppen av høgda. Nord og aust for denne og langs nordvestsida av vatnet er røsslyngheia rik på skrubbær (*Cornus suecica*) og blåbær (*Vaccinium myrtillus*), medan det er lite blokkebær (*V. uliginosum*) og klokkeling (*Erica tetralix*) (tabell 6, analyse nr. 41).

I nordvesthjørnet dominerer fuktheiar (type 22) med mye rome (*Narthecium ossifragum*), kornstorr (*Carex panicea*), klokkeling, røsslyng og heisev (*Juncus squarrosus*), men med relativt lite blåtopp (*Molinia caerulea*). Elles finst fin rome-røsslyng-klokkelinghei aust for Håstø (tabell 10, analyse nr. 45). Fuktheia dannar elles berre smale belte mellom tørrhei og myr. Av rikare vegetasjon finst eit fuktheilinknande sig (type 23) med engstorr (*Carex hostiana*) og loppestorr (*C. pulicaris*) (tabell 10, analyse nr. 42).



**Figur 31**  
Lok. 8: Hei ved Storavatnet og Vatnhei,  
Tysvær.

Loc. 8: Heath at Storavatnet and Vatnhei, Tysvær.

Purpurlynghei er ikkje påvist. Grunnen kan vera at sørhellingane i det flate lendet ikkje blir varme nok. I sørvesthellinga sør for Håstø finst slike heiar saman med kratt og låg, vindslitne skog av eik (*Quercus* sp.). I søkket rett i nord, vest for vegen, finst fukthei med pors (*Myrica gale*) (type 20) som manglar i hovudområdet.

Myrareala er store og tilsvrar omlag myareala på Økonomisk kartverk, men myrane er meir oppstykka enn kartet gir inntrykk av. Fattige flatmyrar dominerer, men svakt hellande bakkemyrar er òg vanlege. Tuete utformingar utan *Sphagnum*-matter med blåtopp, torvull (*Eriophorum vaginatum*), broddtelg (*Dryopteris carthusiana*) og bjørkeoppsslag vitnar om omfattande torvtek. Av tuedominert myr er det berre små, grunne myrar att, slik at sikkert ombrotroft miljø manglar. Det er derimot fleire fine intermediære myrar eller "løkar" som er intakte. Den våtaste delen grensar mot ope vatn og er dominert av takrør (*Phragmites communis*). Elles er mjukmatter med trådstorr (*Carex lasiocarpa*), bukkeblad (*Menyanthes trifoliata*) og myrhatt (*Comarum palustre*) vanlege.

Storavatnet er oligotroft med botngras (*Lobelia dortmanna*), tjønngras (*Litorella uniflora*) og mjukt brasmegras (*Isoetes echinospora*) og stift brasmegras (*I. lacustris*). Strandsona er tydeleg med dikesoldogg (*Drosera intermedia*), slåttestorr (*Carex nigra*) og blåtopp, i lune viker mannasøtgras (*Glyceria fluitans*) og grøftesoleie (*Ranunculus flammula*).

#### Flora

Floraen er typisk og nokså artsfattig med mange suboceaniske artar, m.a. kysttjønnaks (*Potamogeton polygonifolius*), kystmyrklegg\* (*Pedicularis sylvatica*) og sørleg suboceaniske artar som dikesoldogg.

Av eu-oceaniske artar finst fagerperikum\* (*Hypericum pulchrum*), heifrytle\* (*Luzula congesta*) og Breutelia chrysocoma (gullhårmose). Tre av dei mindre vanlege kystartane (merka \*) er notert. Pors manglar merkeleg nok, men finst liksom den hyperoseaniske arten purpurlyng sørvest for hovudområdet.

#### Inngrep og tilstand

Området nord for Vatnheimsløken er nokså sterkt storfebeita, og lyngen er låg og truleg nokså nybrend. Lenger sør mot vatnet er det gammal røsslyng og spreidd lauvoppslag, men fuktheia er hardt beita. Dei mest tilgrodde områda ligg mellom vatnet og høgda nordaust for Håstø. På dei lunaste stadene er det eit tett, 1-2 m høgt oppslag av bjørk og rogn (*Sorbus aucuparia*), medan toppen, ryggen mot sør og den meir vindeksponerte sørvestsida har lite oppslag. Denne delen av heia blir ikkje husdyrbeita.

Det er ikkje planta barskog innan hovudområdet, men ein god del plantefelt finst rundt det.

Myrane i området er sterkt prega av torvkurd. Noen er nokså uttørka og gror til med bjørk. Statpipe-anlegget berører ei smal stripe nordaust for Austigard.

#### Istandsetjing og skjøtsel

Behovet for restaurering er akutt sørvest for vatnet. Her trengst lyngbrenning og ryding av lauvkraft som måtte overleva. Heving av grunnvatnet i dei mest uttørka myrane bør og vurderast. Elles er ikkje behovet for restaurering akutt, men lyngen bør foryn-

gast noen stader, og området bør seinare brennast regelmessig. Plantefelta rundt kan skapa vanskar for lyngbrenning, men vatn, bekkar og myrar delar opp området og lettar kontroll. Beitestrykket må aukast mye bortsett frå i nord. Her vil sauebeiting utanom sommarsesongen vera viktig som tillegg til den nåverande storfebeitinga.

#### Interessekonfliktar

Eg har snakka med grunneigarane på Håstø som brukte garden som feriebustad. Dei hadde som konsesjonsvilkår å nyta jorda, og skogplanting var mest aktuelt. Men dei var positive til vern og ville ikkje gjera noe forhasta innan området.

Det er truleg mye dyrkjingsjord, men omfattande dyrking verkar lite sannsynleg.

#### Andre verneverdiar

Det er mye hjort her og godt fiske i vatnet, men spesielle verneverdiar er ikkje registrert.

#### Verneforslag

Det bør gjennomførast vernetiltak for å hindra tilgroing, omfattande inngrep og omdisponering. Det bør derfor vernast som landskapsvernområde.

Det kan og vurderast å sikra arealet som utmarksbeite og natur- og friluftsområde gjennom plantiltak.

**Avgrensing:** Figur 31 viser forslag til avgrensing. Ved ei lita utviding til sjøen sør for Håstø kjem fleire heitypar med. Men området får dårlegare form, og vegene og fleire hytter kjem med. Ei utviding mot nordvest til Hetlandsvågen og i knauselandskapet mot sør er òg truleg mogleg, men det er lite undersøkt kva ein oppnår med dette.

**Grunngjeving:** Området representerer ein type kystheilandskap som er verneverdig. Såpass store, flate heiareal på lausmassar er sjeldne i Rogaland under 100 m o.h. Det er relativt store, samanhengande areal røsslyng-tørrhei, men området er berre middels allsidig når det gjeld heitypar og flora. Tilgroinga er flekkvis alvorleg, men skjøtselen kan bli enkel på lengre sikt. Tekniske inngrep er moderate. Området har mange sams trekk med lok. 6, men må prioriterast klart under dette. Det bør og samanliknast med Ognøy i Bokn (tabell 4) (Røsberg 1982, Steinnes 1988b). Denne øya er mindre, for det meste grunnlendt, men ho inneheld viktige naturvitenskapelige verneverdiar, og heia blir aktivt brukt.

Området har ein liknande prioritet som lok. 10, men desse er vanskelege å samanlikna direkte på grunn av nokså ulikt landskap.

#### 4.4.9 Lok. 9: Storsåt, Hauge (Høye) (Tysvær)

Kartblad: M711: 1113 I (UTM: KL 95-97, 84-87)

ØK: AH 032-5-1,4

Areal: 5 km<sup>2</sup>

H.o.h.: 0-87 m

#### Figur 32

Oppsøkt: 31/7 1984

Verneverdi: \*

Tidlegare undersøkingar  
Slike manglar.

#### Eigne undersøkingar og materiale

Området blei oppsøkt ut frå studier av Økonomisk kartverk. Den vestre delen er gått opp, og hovudtrekk i vegetasjonen er notert på Økonomisk kartverk, medan den austre delen stort sett er studert i kikkert. Materialet består elles av kryssliste, 3 ruteanalysar og foto.

#### Geografisk plassering, geologi og landskap

Området ligg på halvøya aust for Førdefjorden, 2 km nord for lok. 8, 10 km søraust for Haugesund. Det ligg stort sett under 50 m o.h. med noen haugar opp mot 100 m. Det småkuperte knauselandskapet har lite lausmassar. Berggrunnen består for det meste av kaledonsk gneis.

#### Eigedomstruktur og planstatus

Området har status som "jord-, skog- og naturområde" i generalplanen.

#### Vegetasjon

I nordvest dominerer røsslynghei (mest type 12, tabell 7, analyse nr. 43) med gammal lyng, ein del større einer (*Juniperus communis*) og bjørkeoppslag.

Søraust for ei skarp grense frå Narravika - Moldatjørn dominerer røsslyng berre på små grunnlendte, sørvende areal (mest type 10). Elles er heia dominert av graminidar, for det meste blåtopp (*Molinia caerulea*), og ho verkar heilt ubeita. Sjølv om ein stor del av dette er fukthei med rome (*Narthecium ossifragum*) (type 22), er det ein god del tørre areal som ser ut til å vera ei blåtopp-dominert utforming av type 12 (tabell 7, analyse nr. 40).

Av annan vegetasjon finst mange små fattigmyrar og litt bjørke-pionerskog. Sør for Moldatjørn finst små areal med blåbærdominert hei i ei bratt nordhelling.

#### Flora


Floraen er fattig, både på krevjande artar og kyststartar. Ingen av dei mindre vanlege kystheiartane er notert.

#### Inngrep og tilstand

Folk eg snakka med på Hauge (Høye), fortalte om ein ukontrollert brann for 15-20 år sidan som blei stoppa nær gardane. Det kan sjå ut til at berre dei røsslyng-dominerte områda i nordvest slapp unna denne brannen. Brannen kan ha hatt ein slik styrke at blåtopp overlevde frå røten i større grad enn røsslyng. I ein situasjon med minimal



**Figur 32**  
Lok. 9: Storsåt, Hauge (Høye), Tysvær.  
Loc. 9: Storsåt, Hauge (Høye), Tysvær.



**Figur 33**  
Grunnlendte heiar sør for Høye. I nord dominerer gammal røsslyng.  
Shallow heath south of Høye. In the north old heather dominates.

beiting kan blåtopp så ha skugga ut dei lyskrevjande røsslyng-frøplantene (figur 33, 34).

Små grupper med planteskog er dei viktigast inngrepa. Området er så godt som ubeita. Tilgroinga er sterkt sør for Haugevatnet heilt nord i området.

#### Istandsetjing og skjøtsel


Det hastar med å rydda bjørkekratt og ungskog i nordvest, og å fornya lyngen her. For resten av området må ein vurdera tiltak for å auka røsslynginnslaget. Det kan vera ein kombinasjon av forsiktig brenning og klart hardare storfebeiting for å redusera blåtopp-innslaget.

#### Andre verneverdiar

Sør for Haugevatnet ligg det husmurar og ein jordkjellar omkransa av natureng og steingardar. Dette aukar verdien av området som kulturlandskap.

#### Verneforslag

Ein bør prøva å sikra dette området mot tilgroing og hyttebygging gjennom kommunale plan-vedtak.



**Figur 34**  
Heiane på figur 33 er skarpt skild frå blåtoppdominerte heiар lenger sør.

The heath in figure 33 is markedly different from the *Molinia*-dominated heath found further south.

**Avgrensing:** Forslag til avgrensning går fram av figur 32. Området kan vanskeleg knytast direkte sammen med lok. 8 på grunn av planteskog og hytter. I nord ligg liknande område som såg ut til å vera meir prega av planteskog og tilgroing. Ei utviding mot aust er truleg meir aktuell.

**Grunngjeving:** Det er her framleis råd å sikra eit større kystheiområde, men det er fleire heiар i denne delen av fylket som vegetasjonsmessig er meir verneverdig. Ei lite bebygd strandline på ca. 1 km i vest aukar verdien noe.

#### 4.4.10 Lok. 10: Stakkastad og Valhest (Tysvær)

Kartblad: M711: 1113 I (UTM: KL 96-99, 94-99)

ØK: AH 034-5-1,2,3; AH 035-5-3,4

Areal: Ca. 10 km<sup>2</sup>

H.o.h.: 12-312 m

Oppsøkt: 30/7 1984

#### Figur 35

Verneverdi: \*\*

#### Tidlegare undersøkingar

Eg kjenner ikkje til tidlegare botaniske undersøkingar i området.

#### Eigne undersøkingar og materiale

Området blei oppsøkt ut frå studier av Økonomisk kartverk. Det er i hovudsak gått opp, men området ved Kiggjafjellet er berre studert i kikkert. Hovudtrekka i vegetasjonen er notert på Økonomisk kartverk. Det er teke kryssliste og 5 ruteanalyser.

#### Geografisk plassering, geologi og landskap

Området ligg mellom Stakkastadvatnet (i vest) og Grindefjorden (i aust), rett sør for fylkesgrensa, omlag 10 km nordaust for Haugesund.

Berggrunnen i området er for det meste kaledonsk gneis.

Landskapet er kupert og for det meste grunnledt. Ei rekke små dalsøkk går i nordvestleg-søraustleg retning. Vest- og sørvesthellingar er oftast bratte; nordausthellingane er slakare. Ei stripe i vest frå Stakkastad til Marka er flatare, myrrik og rikare på lausmassar. Den marine grensa går rundt 40 m.

#### Eigedomstruktur og planstatus

I Fylkesplanen for friluftslivet (Fylkesrådmannen i Rogaland 1984) er det tilrådd at friluftsinteressene blir prioriterte, og at området får status som jord-, skog- og naturområde i generalplanen.

Ein del areal sør, nord og aust for Markavatnet omlag nord til Valhest, er sameige, men det meste er utskifta.

#### Vegetasjon

Graminidedominerte fuktheiar med sterkt varierande beitepåverknad dekker det meste av arealet. I nordaust og aust er beitetrykket hardt slik at bjørnnskjegg (*Scirpus caespitosus*), finnskjegg (*Nardus stricta*) og heisev (*Juncus squarrosum*) er særleg viktige (type 21). Dei små tørrheiareala her er og rike på finnskjegg (type 10-11). Dei bjørnnskjeggdominerte fuktheiane rundt Valhest kan vera eit resultat av brenning og større nedbørsmengder.

I vest og sørvest er beitetrykket mindre og blåtopp (*Molinia caerulea*) dominerer det meste av fuktheiane (type 20, 22). Pors (*Myrica gale*) er vanleg, men dominerer ikkje. Nordaust for Stakkastad finst små rike sig (type 23) med loppestorr (*Carex pulicaris*) og engstorr (*C. hostiana*).

Dei største tørrheiareala finst og i vest og sørvest i vest- til sørvestvende morenebak-



**Figur 35**

Lok. 10: Stakkstad og Valhest, Tysvær.

- Forslag til naturreservat.
- Forslag til landskapsvernområde.

Loc. 10: Stakkstad and Valhest, Tysvær.

- Proposed nature reserve.
- Proposed protected landscape.

90

kar og knausar. Einstape (*Pteridium aquilinum*) utgjer her eit markert innslag og dominerer noen stader. Dei fattige røsslyngheiane inneheld for det meste klokkeling (*Erica tetralix*) (type 12), men omlag halvparten av tørrheiane er urterike (type 13, tabell 8, analyse nr. 32). Purpurlyng (*Erica cinerea*) er særleg vanleg i dei sørvestvende av desse bestandane, men arten finst òg på fattige, tørre knausar (type 10) opp til over 200 m. Røsslyng-blokkebærhei (18) er det lite av, men ei moserik utforming med bjønnkam (*Blechnum spicant*), skrubbær (*Cornus suecica*) og maiblom (*Maianthemum bifolium*) er observert (tabell 7, analyse nr. 33).

Nordaust for Kiggjafjellet såg det ut til å vera svakt nordvend, bølgande tørrhei på lausmassar, med gradvise overgangar til fukthei.

Dei største myrane ligg i sør og sørvest. Eikjekraksmyra er sterkt prega av torvskurd og har parallelle soner som følgjer dei ulike torvrettane. Den store myra sør for Sandbotn er mindre påverka. Omlag 1/3 er intakte røsslyngdominerte tuepart med eit ombrøttop preg, men det meste er fattigmyr, tildels blåtoppdominert. Ein intermediær del av myra er dominert av trådstorr (*Carex lasiocarpa*) med tvebustorr (*C. dioica*), elvensnelle (*Equisetum fluviatile*) og myrfiol (*Viola palustris*).

Etablert skog finst helst i nordvest. Her står ei lita gruppe med eldre eiker. Elles aukar arealet med bjørkeskog raskt i den nordvestvende lia.

Flora

**Flora**  
Floraen har innslag av krevjande artar og er middels rik. Den einaste hyperoseaniske arten er purpurlyng. Av eu-oceaniske artar finst dei mindre vanlege kystartane heistorr (*Carex binervis*) og fagerperikum (*Hypericum pulchrum*). Heistorr er meir talrik enn i noen av dei andre undersøkte heiområda.

## Inngrep og tilstand

Austsida av området verkar sterkest utnytta. Innslag av tørre grasheiar (type 11) og lite, men låg, ung røsslyng vitnar om hardt beitetrykk og brenning i nyare tid. Vestsida er prega av mye høgvaksen, ubeita blåtopp, eldre meir høgvaksen lyng og mye bjørkeoppslag. Tilgroinga er omfattande sør for Stakkastad-dalen og fleire stader i Marka.

Det er nokså stor skogreisingsaktivitet i området. På Foreneset i nordvest var det nyleg grøfta og truleg planta. Elles er det ei rekke små plantefelt og noen nydyrkingsfelt i grenseområda.

#### Istandsetjing og skiøtsel

Sørsida av Stakkastaddalen vil krevja omfattande rydding innan få år. Det same er tilfellet noen stader i Marka, men her bør ein vurdera å la den tettaste ungskogen i den bratte lia gro til.

Beitetrykket bør aukast på vestsida, haldast uendra eller minkast på austsida. Det er ønskjeleg å forynga røsslyngen i vest raskt, og å auka røsslynginnslaget over heile området. For å oppnå dette må ein prøva seg fram med brenning. Det kan sjå ut til at drifta på Stakkastad ikkje bygger på nemnande bruk av utmarksbeite, og vern vil i så fall krevja ei omlegging av beitinga.

## 5 Samandrag og konklusjon

### Interessekonfliktar

Berre ca. 100 daa ved Eikjekragsmyra er dyrkjingsjord. Derfor er truleg skogbrukskonflikten den viktigaste.

### Andre verneverdiar

Dette er eit turområde der allmenne friluftsinteresser bør prioriterast (Fylkesrådmannen i Rogaland 1984).

### Verneforslag

Dette området bør vernast som landskapsvernområde for å hindra tilgroing, omfattan- de inngrep og omdisponering. Ingen delområde merkar seg særleg sterkt ut. Men status som naturreservat bør vurderast for området nordaust for Stakkastad. Det kan også vera aktuelt å prøva og sikra arealet som utmarksbeite og natur- og friluftsområde gjennom plantiltak.

**Avgrensing:** Eit forslag til avgrensing går fram av figur 35. I sør strekker kystheiari seg sør til Helglandsfjellet, Aksdal naturreservat og ved Alvarnuten nesten sør til E76. Dette området bør undersøkast nærmere før ein tar stilling til den endelige avgrensinga.

**Grunnjeving:** Området ser ut til å vera det største samanhengande kystheimrådet i Nord-Rogaland, kanskje bortsett frå heiane på Karmøy. Det skil seg topografisk markert frå desse og representerer ein overgangstype mot lågheiene lengre aust. Det er økologisk og floristisk meir variert enn heiene ved Storavatn, men det liknar det vesle heiområdet Ognøy i Bokn (Røsberg 1982, Steinnes 1988b). Oppbroten topografi og lite lausmasser fører til oppstykkka vegetasjonsdekke med diskontinuerleg variasjon. Området er godt arrondert, men har noen grenser til barskog. Skjøtselen kan likevel bli relativt enkel, men først etter omfattande restaureringstiltak. Store delar av områder er i tydeleg forfall, og det har noen mindre inngrep.

Denne rapporten er utarbeidd som ein del av Økoforskprosjektet "Oversikt over botaniske verneverdiar i Rogaland". Kystheiari er ein naturtype som er i rask endring, og som blei vurdert som utsett på litt sikt. Vern og skjøtsel av kysthei er ikkje hittil omtalt i norsk litteratur. Det blei derfor lagt vekt på å få ein fylkesoversikt over større verneverdige kystheimråde og ei vurdering av kva skjøtselstiltak som er naudsynte.

Kysthei (oseanisk hei) blir her brukt om skogsnaud udyrka og ugjødsla fastmark i kystområde under den klimatiske skoggrensa og om kulturlandskap dominert av slik mark.

Dei sentrale kystheimråda oppstod for ca. 2000 år sidan, og arealet av kysthei har truleg auka fram mot vår tid. Grunnen til denne utviklinga var den tradisjonelle bruken til husdyrbeite, med lyngbrenning og vinterbeiting med sau som avgjerande punkt.

Etter 1920 har ein stadig større del blitt gjødsla opp til kulturbete, fulldyrka eller planta til med skog. Trass i det sterkt aukande husdyrtalet blei beitetrykket mindre i noen heiområde. Desse grodde og gror framleis gradvis til med bjørk. Andre, sterkare beita delar, heldt seg opne. Tilgroinga har kome lengst i indre delar av kystheisona.

Økologien til dei dominerande heiertane og dei viktigaste økologiske gradientane i kysthei er drøfta ut frå litteratur og noen eigne data. Tretten ulike typar kystheivegetasjon er omtalt. Røsslyngdominerte tørreheiari dominerer berre i nordvest, i Karmøy-Haugesund-området. I 3-400 meters høgd, litt aust for kysten, er nedbøren høgare, og graminidedominerte fuktheiari dominerer. På Høg-Jæren dominerer hardt beita, tørre grasheiari. Blåtopp (*Molinia caerulea*) kan dominera både i tørr og fuktig hei, særleg der beitetrykket har minna sterkt.

Floraen i kystheiane i Rogaland er fattig og prega av kystbundne artar. Karakteristiske artar knytta til kystheiane er purpurlyng (*Erica cinerea*), heiblåfjør (*Polygala serpyllifolia*), kystmyrklegg (*Pedicularis sylvatica*), fagerperikum (*Hypericum pulchrum*), heistorr (*Carex binervis*), solblom (*Arnica montana*) og klokkesøte (*Gentiana pneumonanthe*). Den første har sørgrense, den siste har nordgrense i fylket. Desse to er truleg dei mest utsette om kystheiane blir borte.

Formålet med å verne kysthei er dels å verna kulturlandskap som er knytta til jordbruksøkonomi og utmarksutnytting fram til ca. 1920, dels å verna kystheiane og vegetasjonstypene som økosystem.

Ulike brukarinteresser i kystheiane er vurderte. Dei viktigaste er utmarksbeiting, friluftsliv og børk.

Vernekriteria som er brukte, tek utgangspunkt i stoda i Rogaland. Lågliggende, lausmasserike heiari er for det meste omdisponert, og har særleg stor verneverdi. Dei økologiske gradientane kjem berre godt fram i lausmasserike område. Det er vidare m.a. lagt vekt på økologisk diversitet, flora, suksjonstilstand og innrep. Zoologiske forhold er ikkje vurdert.

Vern av kysthei har litra meining dersom ikkje bruk og skjøtsel blir vurdert samtidig. Ulike skjøtselstiltak er vurdert ut frå litteratur og økologiske forhold. Brenning på vårvinteren med ca. 10 års mellomrom og beiting med vekt på vinter-sauebeiting bør

## 6 Summary and conclusion

væra utgangspunktet for skjøtselen. Røynsler frå Skottland tilseier at ein bør vera noe forsiktig med brenning i dei nedbørrike, fuktheidominerte åspartia. I heiar med høg di-versitet bør brenning reduserast til eit minimum.

Ti heirområde er undersøkt i felt. Tre av dei, Geithaug-Stiklevarden i Karmøy, Lakssve-lafjellet i Bjerkreim, og Synesvarden i Time/Hå har nasjonal interesse og bør vernast etter naturvernlova, delvis som naturreservat. Førland/Sletthei i Lund kan knytast til eit allsidig skogområde, og får då samla nasjonal interesse.

Både dei undersøkte områda og dei høgast prioriterte områda har ei rimeleg god geo-grafisk spreiing, men øyane i Boknafjorden, anortosittområda i Dalane og Låg-Jæren, er ikkje representerte. På Låg-Jæren finst berre små fragment, medan større vernever-dige heirområde er kjende i dei to andre regionane.

Rapporten viser at kystheilandskap av ein viss storleik er ein trua naturtype. Ei styring av bruk og inngrep er naudsynt, men neppe tilstrekkelig for å bevare slike landskap. I første omgang må som eit minimum dei nasjonalt verneverdige områda vernast etter naturvernlova og sikrast rett skjøtsel.

This report is part of the Økoforsk project "A survey of botanical conservation values in Rogaland County".

Lowland coastal heathlands are undergoing rapid change and are considered to be threatened. The conservation and management of coastal heaths have previously not been treated in Norwegian literature. Therefore, a survey of larger coastal heaths of potential conservation interest and a discussion of their management requirements was undertaken.

Coastal heaths are defined here as uncultivated, unfertilized, deforested, and mostly well-drained areas below the climatic timberline. It is also used to describe man-made landscapes where this vegetation is prominent due to agriculture.

The coastal heaths appeared about 2000 years ago and were later extended, probably until the end of the 19th century. This development resulted from traditional agricultural practices involving cattle browsing, sheep grazing (also during the winter), and heather burning.

Since 1920, an increasing part of these heathlands has been converted to fertilized pastures, cultivated land, and conifer plantations. Although total livestock numbers are increasing, the grazing pressure has decreased in some parts of the heathland, and birch (*Betula pubescens*) has progressively invaded and colonised large areas. The forest expansion has been, and is, most prominent in the inner parts of the coastal heath zone.

The discussion of the ecology of the dominating heath species and the main ecological gradients in coastal heaths is based on literature and studies in the field. Thirteen types of coastal heath vegetation are described.

Dry heath dominated by heather (*Calluna vulgaris*) is dominant only in the north-west part of Rogaland, i.e. in the Karmøy-Haugesund area. On the hills at 300 to 400 m a.s.l., the precipitation is higher, and wet heaths dominated by grass, sedge, and rush species are the most important vegetation types. Dry grass heaths are prominent on Høg-Jæren where the grazing pressure is still very high. *Molinia caerulea* is sometimes dominant in dry as well as wet heaths, particularly where the grazing pressure has decreased.

The flora of the coastal heaths in Rogaland is poor in species, and western species are prominent, e.g. bell heather (*Erica cinerea*), heath milkwort (*Polygala serpyllifolia*), lousewort (*Pedicularis sylvatica*), slender St. John's wort (*Hypericum pulchrum*), *Carex binervis*, arnica (*Arnica montana*), and marsh gentian (*Gentiana pneumonanthe*). The southernmost limit for bell heather in Norway is located in Rogaland, so is the northern-most limit for marsh gentian. These two species are considered to be the most vulnerable if the coastal heaths disappear.

The aims for conservation of coastal heaths are to protect man-made landscapes of cultural interest, their vegetation types, and the whole heathland ecosystem.

There is still interest in utilizing the coastal heaths for purposes that do not destroy the vegetation, e.g. sheep grazing, bee-keeping, and outdoor recreation.

The criteria that are used to select areas for conservation, are based on the conditions in Rogaland County. Lowland heaths on deep deposits have mostly disappeared due to land use change, and thus have a particular value for conservation. The ecological gradients are well developed on deep deposits. Other criteria are ecological diversity, floral composition, successional state, and lack of encroachment. Zoological features are not considered.

Conservation of coastal heaths makes little sense if land use and management are not considered simultaneously. Management recommendations are based on literature and general ecology. The main management principles should include burning in early spring at approximately ten-year intervals and grazing, especially sheep grazing, during winter. According to experience from Scotland, burning should be practised with great care in the wet-heath-dominated hills with high precipitation level. In heaths with a high species diversity, burning should be reduced to a minimum.

Field investigations were carried out in 10 heathland areas. Three of them, Geithaug-Stiklevarden in Karmøy, Lakssvelafjellet in Bjerkreim, and Synesvarden in Time/Hå have national conservation value and should be protected according to the Nature Conservation Act, parts as protected landscape areas, and parts as nature reserves. Førland/Sletthei in Lund can be combined with a diverse woodland area, and thus make a unit of national importance.

The investigated areas, as well as those with the highest conservation value, are reasonably well dispersed geographically. The islands in Boknafjorden, the anorthosite areas in Dalane, and Låg-Jæren are, however, not represented. On Låg-Jæren only small fragments of heathlands remain, but large areas with interest for conservation are known from the other two regions.

This report demonstrates that larger areas of coastal heathland should be considered as an endangered habitat type in Norway. To protect this type of landscape for the future, general planning of land use and control of encroachments is necessary but hardly adequate. As a minimum, the areas of national conservation value should now be protected according to the Nature Conservation Act and managed to maintain their value.

## 7 Litteratur

- Abrahamsen, J., Pallesen, P.E. & Solbakken, T. 1972. Fylkeskompendium for Rogaland. I-II. - Kontaktutv. Vassdragsreg., Univ. i Oslo, Oslo.
- Arnell, S. 1956. Illustrated Moss Flora of Fennoscandia. I. Hepaticae. - Gleerup, Lund.
- Aschehoug og Gyldendals ettbladsleksikon 1982. - Oslo.
- Bakkevig, S. 1982. Virkningen av brann på jordsmønn og vegetasjon i oseanisk lynghei. - Stav. Mus. Årb. 91: 115-125.
- Bannister, P. 1964a. The water relations of certain heath plants with reference to their ecological amplitude. I. Germination and establishment. - J. Ecol. 52: 423-432.
- Bannister, P. 1964b. The water relations of certain heath plants with reference to their ecological amplitude. II. Field studies. - J. Ecol. 52: 481-487.
- Bannister, P. 1964c. The water relations of certain heath plants with reference to their ecological amplitude. III. Experimental studies: General conclusions. - J. Ecol. 52: 499-509.
- Birkeland, T. & Jorde, K. 1978. Berggrunnen i Jærbygden. - s. 119-132 i Lye, K.A. (red.): Jærboka. Vol 1. Norsk Oikos, Stavanger. Vol. 1.
- Bjør, K. & Graffer, H. 1963. Beiteundersøkelser på skogsmark. - Forsk. fors. Landbr. 14: 121-365.
- Bjørndalen, J.E. & Odland, A. 1978. Botaniske undersøkelser på søre Børmlø. - Univ. i Bergen, Bot. Mus. Rapp. 5: 1-59.
- Buttenschøn, R.M. & Buttenschøn, J. 1976. Græsningsforsøg i landskabsvernsammenhæng. - i Solbu, I. (red.): Gjengroing av kulturmark. Norges landbrukshøgsk., Ås.
- Böcher, T.W. 1940. Studies on the plant-geography of the North Atlantic heath formation. I. The heaths of the Faroes. - K. danske Vidensk. Selsk. biol. Medd. 15, 3: 1-64.
- Böcher, T.W. 1943. Studies on the plant-geography of the North Atlantic heath formation. II. Danish dwarf scrub communities in relation to those of Northern Europe. - K. danske Vidensk. Selsk. biol. Skr. 7: 1-130.
- Damman, A.W.H. 1957. The south Swedish Calluna heath. - Bot. Not. 110: 363-366.
- Dierssen, K. 1982. Die wichtigsten Pflanzengesellschaften der Moore NW-Europas. - Conservatoire et jardin botanique, Geneve.
- Drangeid, S.O.B. 1980. En undersøkelse av vegetasjonen på Hidra, Vest-Agder, med vekt på lynghei-vegetasjonen (med vegetasjonskart). - Hovedoppgave, Univ. i Oslo.
- Froment, A. 1981. Conservation of Calluno-Vaccinetum heathland in the Belgian Ardennes, an experimental approach. - Vegetatio 47: 193-200.
- Fylkesmannen i Rogaland 1981. Utkast til verneplan for myrer i Rogaland fylke. - Stavanger.
- Fylkesmannen i Rogaland 1984. Fylkesplanen. Friluftsliv. - Arbeidsdokument 1/84.
- Fægri, K. 1940. Quartärgeologische Untersuchungen im westlichen Norwegen. II. Zur spätquartären Geschichte Jærens. - Bergens Mus. Årb., naturv. R. 1939-40, 7: 1-202.
- Fægri, K. 1960. Maps of distribution of Norwegian Vascular Plants. Vol. 1. Coast Plants. - Univ. i Bergen Skr. 26: 1-134.
- Gimingham, C.H. 1948. The effects of grazing on the balance between *Erica cinerea* L. and *Calluna vulgaris* (L.) Hull. in upland heath, and their morphological responses. - J. Ecol. 36: 100-119.
- Gimingham, C.H. 1961. North European heath communities: A 'network of variation'. - J. Ecol. 49: 655-694.
- Gimingham, C.H. 1972. Ecology of heathlands. - Chapman and Hall, London.
- Gimingham, C.H. 1975. An Introduction to Heathland Ecology. - Oliver and Boyd, Edinburgh.

- Gjertsen, K.R. 1975. Arbeidsliv og produksjon i ei kystbygd i Nordhordland. - Lindåsprosjektet, NAVF Rapp. 17: 1-302.
- Goode, D.A. & Ratcliffe, D.A. 1977. Peatlands. - s. 249-287 i Ratcliffe, D.A. (red.): A nature conservation review. Vol. 1. - Cambridge University Press, Cambridge.
- Häggström, C.A. 1976. Problem i samband med igenväxande löveng på Åland (Prelim-när rapport). - i Solbu, I. (red.): Gjengroing av kulturmark. Norges landbruksk., Ås.
- Hermans, G.A.E.M., Tobi, A.C., Porter, R.P.E. & Maijer, C. 1975. The high grade metamorphic Precambrian of the Sirdal-Ørsdal area, Rogaland/Vest-Agder, SW Norway. - Norges geol. Unders. 318: 51-74.
- Hobbs, R.J., Mallik, A.U. & Gimingham, C.H. 1984. Studies of fire in Scottish heathland communities. - J. Ecol. 72: 963-976.
- Hveem, B. 1983. Overgangen mellom myr og fukthei i et suboceanisk område. En vegetasjonsøkologisk undersøkelse fra Lista, Vest-Agder. - Hovedoppgave, Univ. i Oslo.
- Høeg, O.A. 1975. Planter og tradisjon. - Universitetsforlaget, Oslo.
- Høiland, K. 1974. Vegetasjonen på Lista. - Kristiansand Museums Årbok 1973: 5-31.
- Jordregisterinstituttet 1982. Landbruksressurser i midlertidig verna vassdrag. Objekt nr. 61. Bjerkreimsvassdraget. - Jordregisterinst., Rapp. 1982, 2: 1-49.
- Jørgensen, P.M. 1969. Flora og vegetasjon på kalsiumrike magnesiumbergarter i Høle. - Hovedoppgave, Univ. i Bergen.
- Kaland, P.E. 1974. Ble lyngheiene skapt ved timbulvinter eller ved menneskeverk. - Forskningsnytt 19, 4: 7-14.
- Krogh, H., Østhagen, H. & Tønsberg, T. 1980. Lavflora. Norske busk- og bladlav. - Universitetsforlaget, Oslo.
- Ladstein, J. 1981. Floraen på Finnøy i Ryfylke. Ei floristisk inventering og ein sukse-sjonsanalyse i beite. - Hovedoppgave, Bot. Inst., Norges landbruksk., Ås.
- Landbruksdepartementet 1984. Stortingsmelding nr. 18 1984/1985. Næringspolitikken i skogbruket. - Oslo.
- Lid, J. 1974. Norsk og svensk flora. - Det Norske Samlaget, Oslo.
- Lista-utvalget (uten år). Naturvern på Lista. - Innstilling fra Utvalget for samordning av verneinteressene på Lista.
- Lundberg, A. 1981. Botaniske registreringar i Holmavassdraget på Karmøy. - Bot. Inst., Univ. i Bergen, Rapp. 18: 1-16.
- Lundberg, A. 1983. Forvaltning av sanddyneområda på Karmøy - friluftsliv eller naturvern? - Geogr. Inst., Univ. i Bergen og Norges Handelshøgskole, Medd. 80: 1-147.
- Lye, K.A. 1967. En ny inndeling av Norges plantogeografiske element. - Blyttia 25: 88-123.
- Lye, K.A. 1968. Moseflora. - Universitetsforlaget, Oslo. 140 s.
- Lye, K.A. 1970. The horizontal and vertical distribution of oceanic plants in south west Norway. - Nytt Mag. Bot. 17: 25-48.
- Lye, K.A. 1975. Verneverdige lyngheiier på Jæren. - Notat Bot. Inst., Norges landbruksk., Ås.
- Lye, K.A. 1978 (red.). Jærboka I-II. Naturmiljøet. - Norsk Oikos, Stavanger.
- Mallik, A.U., Gimingham, C.H. & Rahman, A.A. 1984. Ecological effects of heather burning. I. Water infiltration, moisture retention and porosity of surface soil. - J. Ecol. 72: 767-776.
- Marker, E. 1974. Kriterier for botanisk verneverdi. - Blyttia 32: 33-37.
- McVean, D. & Lockie, J.D. 1969. Ecology and land use in upland Scotland. - Edinburgh Univ. Press, Edinburgh. (Sitert fra Gimingham 1972, 1975).

- Meling, R. 1983. Vegetasjonsøkologiske undersøkelser av Ytreeidsløken, ei Schoenus ferrugineus-myrt på Karmøy i Rogaland. - Hovedoppgave, Univ. i Bergen.
- Miljøverndepartementet 1973-1976. Landsplan for verneverdige naturområder og forekomster. (Botaniske registreringer). - Upubl.
- Moen, A. 1970. Markeslåtten påvirkning på vegetasjon og landskap. - Trondhj. Turistforen. Årb. 1970: 43-52.
- Moen, A. 1975. Myrundersøkelser i Rogaland. Rapport i forbindelse med den norske myrreservatplanen. - K. norske Vidensk. Selsk. Mus. Rapp. bot. Ser. 1975, 3: 1-127.
- Moore, N.W. 1962. The heaths of Dorset and their conservation. - J. Ecol. 50: 369-391.
- Moore, P.D. & Bellamy, D.J. 1974. Peatlands. - Elek. Science, London.
- Nilsson, J. 1970. Ljunghedar och deras skötsel. - Medd. från Forskargruppen för skötsel av Naturreservat, Lunds Univ. 3: 1-38.
- Norges Offentlige Utredninger 1983. Naturfaglige verdier og vassdragsvern. - NOU 1983, 42: 1-376.
- Nyholm, E. 1954-69. Illustrated moss flora of Fennoscandia. II. Musci. 1-6. - Gleerup, Lund.
- Pearsall, W.H. 1950. Mountains and moorlands. - Collins, London.
- Ratcliffe, D. (red.). 1977. A nature conservation review. 1 & 2. - Cambridge University Press, Cambridge.
- Regionplankontoret for Jæren 1977. Verneverdige områder i Jærenregionen.
- Regionplanrådet for Dalane 1975. Verneverdige områder i Dalane. - Arbeidsdokument 1975, 3: 1-115 + kart.
- Rutter, A.J. 1955. The composition of wet-heath vegetation in relation to water table. - J. Ecol. 43: 507-543.
- Ryvarden, L. 1978. Botanisk kartlegging av Bjerkreimvassdraget. - Notat Kontaktutv. Vassdragsreg., Univ. i Oslo, upubl.
- Røsberg, J. 1982. Karplanteflora og vegetasjon på Kårstø og Ognøy, Tysvær og Bokn kommuner i Rogaland. - Bot. Inst., Univ. i Bergen, Rapp. 22, 2: 1-155.
- Semb, G. & Nedkvitne, K. 1957. Forholdet mellom jord og vegetasjon på Jæren, særlig lyngmark. - Norges landbruksk. Meld. 36: 1-40.
- Skogen, A. 1965. Flora og vegetasjon i Ørland herred, Sør-Trøndelag. - K. Norske Vidensk. Selsk. Mus. Årb. 1965: 13-124.
- Skogen, A. 1971. Studies in Norwegian maritime heath vegetation. 1. The eco-sociological range of Carex binervis at its northern distribution limit. - Univ. Bergen Årb. Mat.-naturv. Ser. 1970, 5: 1-17.
- Skogen, A. 1974. Den vestnorske lyngheien - et kulturlandskap i endring. - Forskningsnytt 19, 4: 4-6.
- Solhøy, T., Øvstdal, D.O., Klungland, T. & Olsen, T. 1981. Planter, plantesamfunn og dyr på et forsøksfelt med nærliggende omgivelser på Rebno, Austrheim herred, Hordaland. - Lindåsprosjektet, NAVF Rapp. 30: 1-83.
- Spence, D.H.N. 1957. Studies on the vegetation of Shetland. I. The serpentine debris vegetation in Unst. - J. Ecol. 45: 917-945.
- Statistisk Sentralbyrå 1983. Miljøstatistikk 1983. Naturressurser og forurensninger. - Statistiske analyser 50: 1-306.
- Steinnes, A. 1983. Skogssamfunn og vegetasjonskartlegging i Dalane i Rogaland. - Hovedoppgave, Univ. i Oslo.
- Steinnes, A. 1988a. Botanisk inventering av vestenden av Nord-Talgje, Finnøy, Rogaland, med forslag til skjøtselsplan. - Økoforsk Rapp. 1988:5.

- Steinnes, A. 1988b. Oversikt over botaniske verneverdiar i Rogaland. - Økoforsk Rapport:1988:12
- Vabø, P. 1979. Jordbruket. - s. 207-247 i Aadnøy, A. (red.): Rogaland. Gyldendal, Oslo.
- Vik, E. 1953. Oversyn over fjellbeite i Rogaland. - Norske fjellbeite 8: 1-127.
- Øvstdal, D.O. 1976. Gjengroing av vestnorsk lystheilandskap. - i Solbu, I. (red.): Gjengroing av kulturmark. Norges landbrukshøgsk., Ås.
- Øvstdal, D.O. 1979. Sauebeiteforsøk i Austrheim, Hordaland. - Lindåsprosjektet, NAVF, Rapp. 28: 1-37.
- Øvstdal, D.O. 1981. Beskrivelse og vegetasjonskartlegging av modellområdene i Lindåsprosjektets undersøkelse av Lindås og Austrheim. - Lindåsprosjektet, NAVF, Rapp. 31: 1-79 + vegetasjonskart.
- Åkerberg, E. 1976. Den svenska komitén för ekonomisk landskapsvård. - i Solbu, I. (red.): Gjengroing av kulturmark. Norges landbrukshøgsk., Ås.
- Aarstad, H. 1915. Jordbunden i Lund og Helleland, Dalerne. - K. Selsk. Norges Vels Jordbundsutv., Jordbundsbeskr. 10: 1-46.

## Vedlegg

### Forskrifter om brannvern m.v. utdrag

#### Kap. 9. Flatebrenning og annen brenning i eller i nærheten av skogmark.

##### § 9-1. Innledning.

Bestemmelsene i dette kapittel utfyller lovens § 13 om alminnelig aktksamhet og forskriftene § 8-2.

##### § 9-2. Brenningsleder.

Flatebrenning må bare foretas under ledelse av en person (brenningsleder) som brannsjefen godkjenner. Brenningslederen har ansvaret for at brenningen forberedes og foretas i samsvar med nedenstående bestemmelser.

##### § 9-3. Varsel om brenning m.v.

Senest en uke før brenningen skal eier eller bruker av den eiendom der brenningen skal foretas, varsle brannsjefen med opplysninger om sted og omfang av den planlagte brenning, hvilke sikringstiltak som vil bli gjennomført, hvem som skal være brenningsleder, hvilke mannskapsstyrker og redskaper som disponeres m.v. Eier av naboskog skal også varsles.

Den dagen brenningen skal foretas, skal brenningslederen varsle brannsjefen på ny. Dessuten skal lensmannen og eier av naboskog varsles.

Brannsjefen kan pålegge brenningslederen å gjennomføre ytterligere sikringstiltak. I særlig tørre perioder kan brannsjefen nedlegge forbud mot at brenning blir foretatt.

##### § 9-4. Utlegging av brenningsfelt.

Flaten som skal brennes, skal om mulig avgrenses av naturlige ildhindringer som vann, elver, bekker, våte myrer, veier o.l.

Hvis det ikke er naturlige ildhindringer, skal grensene såvidt mulig danne rette eller svakt buete linjer. Flaten bør ikke støte inntil stigende terreng, tørrlagt myr eller tidligere avbrente marker som ennå ikke har bundet seg med ny vegetasjon.

I lier og skråninger legges øvre grense om mulig på toppen eller helst noe bak denne, eventuelt etter flatere partier. Sidegrensene legges så vidt mulig slik at terrenget inne på flaten blir liggende høyere enn utenfor. Det samme gjelder ved utlegging av flater i småkupert terreng.

##### § 9-5. Forberedende arbeider.

Langs alle grenser hvor det ikke er naturlige ildhindringer, renhugges en ca. 20 m bred branngate. I branngaten skal alle trær og busker flettes. Det ytterste belte (ca. 5 m) av branngaten skal renses for hogstavfall. Hogstavfallet dras inn på brenningsfeltet.

Langs branngatens ytterkant – ikke over 1 m inne på det kvistrensede belte – skal det brukes sikringsstreng. Som sikringsstreng kan brukes en streng av mineraljord som er minst 0,3 m bred og så tykk at den dekker vegetasjonen. I stedet for mineraljordstreng kan branngatens ytterkant i en bredde av 0,5 m dusjes med vann

(motorsprøyte, hagesprøyte o.l.) umiddelbart før tenningen. Det brukes ca. 1 liter vann pr. meter, og dusjingen må gjentas så ofte som forholdene krever det. Som sikringssteng kan også brukes kjemikaliesteng som har tilstrekkelig evne til å begrense ilden.

I nærheten av branngaten sikres vanntilgangen ved opprensning av naturlige vannkilder og ved sprengning eller graving av vannhull. Er vanntilgangen utilstrekkelig, kan det til slokking nyttes mineraljord. Mineraljorden må på forhånd legges opp i lett tilgjengelige hauger i ytterkanten av branngaten.

Maurtuer som finnes på eller like ved flaten, bør beskyttes enten ved bortrydding av hogstavfall og legging av en mineraljordsteng rundt tuen og minst 5 m. fra denne, eller ved å dekke tuen fullstendig med mineraljord. Maurtuene kan også brennes opp på frossen mark høsten i forveien.

Rugende fugl bør fjernes i god tid før brenningen.

#### **§ 9-6. Mannskapsstyrke, redskap og værførhold.**

Den nødvendige mannskapsstyrke under brenningen må avpasses etter forholdene (flatens størrelse, naturlige ildsikringsgrenser, topografi og brannfare i omgivelsene, vanntilgang og disponibelt utstyr, mannskapets dyktighet m.v.) Brenningslederen vurderer i hvert enkelt tilfelle behovet for mannskap med fordeling på tennings- og slokkingspatruljer. Oppgave over mannskap skal av brenningslederen meddeles og være godkjent av brannsjefen.

Tenningsmannskaper utstyres med tenningsapparater (ett i reserve) og brennstoff til disse.

Vakt- og slokkingsmannskaper utstyres med hagesprøyter, vannbøtter, økser, spader, flahakker, ferske bar- eller løkvaster og motorsager. Brenningslederen skal passe at forbindingsaker samt i nødvendig utstrekning også motorsprøyter med brannslanger og tilhørende utstyr samt røykmasker finnes på stedet.

Brenning må ikke settes i gang hvis vindstyrken er så sterk som liten kuling eller hvis det er vindstille. Brenning må heller ikke settes igang hvis vinden er vekslende eller uberegnelig, bl.a. tordenværtypen. Det samme gjelder hvis det er varslet slike forhold.

#### **§ 9-7. Brenningens utførelse.**

Før tenningen starter, hogges et rikelig antall ferske bar- eller løkvaster som plasseres med ca. 30 m. avstand langs branngaten på lesiden av flaten. Bøtter og sprøyter fylles med vann og plasseres på samme måte. Videre skal brenningslederen instruere mannskapene om hvilke plikter som påligger hver enkelt.

Det startes med vernebrenning ved å tenne på ved innsiden av sikringsstengen lengst oppe på flatens leside. Når lebranngaten er vel avbrent, fortsetter vernebrenningen langs flankenes branngater.

Samtidig tennes det i stripel tvers over flaten, slik at avbrenningen skjer beltevis opp mot vinden. Ildfronten ute på flaten må ligge mest mulig i rett vinkel på vindretningen, og brenningen langs flankenes branngater bør ligge 10–15 m foran ilden ute på flaten. Tenning fra luvart-grensen må først skje når flankenes branngater er avbrent helt fram til luvart-grensen.

På flater med hovedsakelig ildsikre grenser eller ufarlige omgivelser kan hovedvarmen tennes fra luvart, forutsatt at de eventuelle branngater på lesiden og flankene er godt avbrent på forhånd.

I bratt og i kupert terreng kreves det en varierende og forsiktig brenningsteknikk. En hovedregel er at tenningen må ledes slik at bratte skråninger blir avbrent fra toppen og nedover.

Slokkingsmannskapene skal forflyttes langs branngaten etter hvert som brenningen skrider fram, og alle usikre strekninger skal avpatruljeres på en slik måte at hver mann har vekselvis kontakt med brannmannskaper på begge kanter. I tilfelle svart røyk eller virvelvinder tar kurs mot skog utenfor flaten, må vedkommende område straks avpatruljeres for slokking etter gnistregn.

#### **§ 9-8. Etterslokking og vakthold.**

Når brenningen er kommet noe inn på flaten, blir vanligvis noen av vaktene ledige, og disse bør da begynne med etterslokking fra lesiden og flankene. Etterslokkingen fortsetter over hele flaten så snart den er avbrent. Det må særlig påses at ilden er fullstendig slokket i maurtuer, hule stammer, råtvirke, tyristubber o.l. All ulmende ild bør normalt være slokket i løpet av ett døgn etter at vedkommende område er avbrent.

Brenningslederen har ansvaret inntil selve brenningen er avsluttet. Deretter overtar skogens eier eller bruker (eller representant for denne) ansvaret for etterslokking og vakthold. Overfor brenningslederen skal eieren eller brukeren (eller representant for denne) skriftlig bekrefte at han har overtatt nevnte ansvar fra et bestemt tidspunkt.

Ved en flate på 200–300 dekar trengs det normalt en vaktstyrke på 2–4 mann det første døgnet. Vaktstyrken kan etterhvert reduseres, men bør ikke helt inndras før 3–4 dager etter siste gang det er observert røyk på flaten.

#### **§ 9-9. Unntak.**

Brannsjefen kan i det enkelte tilfelle gi samtykke til de lempningene som det måtte være begrunnet behov for og som han finner forsvarlig. For slike samtykke kan settes vilkår.

#### **§ 9-10. Brenning av hogstavfall, gras- eller lyngsviing i eller i nærheten av skogmark.**

Bestemmelsene i §§ 9-2 til 9-9 om flatebrenning gjelder tilsvarende for brenning av hogstavfall i skogmark og for gras- og lyngsviing i skogmark.

For brenning av hogstavfall eller gras- eller lyngsving i slik nærbøt av skogmark at brenningen kan medføre fare for brann i skogmark, gjelder bestemmelsene om flatebrenning tilsvarende så langt de passer og etter brannsjefens nærmere bestemmelse.

## Tabellar

Tabell 1 Floristiske hovedtrekk i dei undersøkte områda. Major floristic traits of the investigated sites.

Teiknforklaring / mindre vanleg

X vanleg

x vanleg og dominerande

0 vanleg, dominerer noen stader

§ mindre vanleg, men kan dominera

	Lund	Bjerkreim	Hå/Time	Karmøy	Tysvær					
	1 a b	2 a b	3 c	4	5	6 7	8	9	10	
Øvre grense (moh)	450 244	498 107	561 180	413 228	468 200	360 244	171 167	402 233	97 0	172 63
Nedre grense (moh)									96 0	60 20

Dominerande artar:

Arctostaphylos uva-ursi - mjølbær	/	X	X	/	0	0	.	X	.	0	0	0
Calluna vulgaris - røsslyng	x	X	0	0	0	0	X	0	x	x	0	0
Molinia caerulea - blåtopp	0	0	x	0	x	X	0	0	0	X	0	x
Myrica gale - pors	0	0	X	0	X	X	/	X	X	0	0	X
Narthecium ossifragum - rome	0	x	0	0	0	X	X	0	0	X	0	0
Scirpus caespitosus - bjørnskjegg	0	0	0	0	0	x	0	X	X	X	0	0
Vaccinium uliginosum - blokkebær	X	X	0	X	X	/	0	X	0	X	/	/

Karakteristiske heiartar:

Carex binervis - heistorr	.	/	;	;	;	;	;	/	;	;	/
Pedicularis sylvatica - kystmyrklegg	:	X	/	;	;	;	X	/	;	;	;
Polygala serpyllifolia - heiblafjør	:	X	/	;	;	;	X	/	;	;	;

Svakt krevjande artar:

Antennaria dioica - kattefot	/	/	.	.	/	.	/	X	/	/	.
Campanula rotundifolia - blåklokke	/	/	;	;	;	X	;	/	X	X	/
Carex tumidicarpa - grønstorr	/	.	;	;	;	X	;	/	X	X	/
Galium saxatile - kystmaure	:	:	;	;	;	X	;	/	X	.	X
Hypericum pulchrum - fagerperikum	:	:	;	;	;	X	;	/	/	;	X

Meir krevjande artar:

Carex dioica - tvebustorr	.	.	.	.	/	.	/	X	.	/	/
C. hostiana - engstorr	.	.	;	;	;	X	;	/	X	.	/
C. pulicaris - loppestorr	.	;	;	;	;	X	;	/	X	.	/

Vinterfølsomme artar:

Erica cinerea - purpurlyng	.	.	.	.	.	.	.	0	X	(/)	.	0
Hedera helix - bergflette	:	:	;	;	;	X	;	/	/	;	;	/
Luzula congesta - heifrytle	:	:	;	;	;	X	;	/	/	;	;	/

Artar vanlegast i høgda:

Andromeda polifolia - kvitlyng	X	X	/	X	/	/	X	/	.	X	:	/
Arctostaphylos alpina - typebær	.	X	/	/	/	/	X	/	.	X	.	/
Betula nana - dvergbjørk	.	/	.	X	.	/	.	/	.	.	.	/
Oxycoccus quadripetalus - traneber	X	/	X	X	/	/	X	/	.	.	.	/
Robus chamaemorus - molte	.	X	X	X	.	X	X	X	/	.	.	/

Skogsartar:

Betula pubescens - bjørk	0	0	0	0	0	/	/	0	/	.	X	X
Luzula pilosa - hårfrøtje	.	/	/	/	/	.	.	.	.	.	/	.
